

Å møte den andre der den andre er

*Spesialpedagogisk rådgjeving i møte med foreldre frå ein
annan kultur*

Laila-Sofie Osland



Masteroppgåve i spesialpedagogikk
Det utdanningsvitenskaplige fakultet
Institutt for spesialpedagogikk

UNIVERSITETET I OSLO

Høst 2009

Samandrag

Tittel

Å møte den andre der den andre er. Spesialpedagogisk rådgjeving i møte med foreldre frå ein annan kultur.

Bakgrunn og formål

Vi må forhalde oss til eit stadig meir mangfaldig og samansett samfunn. Mellom anna viser tal frå statistisk sentralbyrå at det i perioden 1990- 2007 var 328 000 personar med statsborgarskap utanfor Norden som innvandra til Noreg og fekk opphold her. Samtidig er det gjort lite forsking på kva kulturelle skilnader har å seie for interaksjonen mellom rådgjevar og hjelpsøkar. Mykje av informasjonen har sitt utspring i teoretiske diskusjonar og forsking som konsentrerer seg om utfordringar som er lite relevant i dei norske systema. Det er likevel aukande semje om at det er naudsynt med multikulturell kompetanse og å anerkjenne kultur som ein viktig faktor for å kunne utføre ein etisk forsvarleg og vellukka jobb. I Noreg har Øzerk (2008) løfta fram mangelen på kompetanseutvikling innan multikulturell rådgjeving i ppt-systemet og etterlyser diskusjon og forsking kring temaet. Med dette som bakteppe ynskjer eg å sjå på kva ulik kulturell bakgrunn har å seie for interaksjonen mellom rådgjevar og hjelpsøkar innanfor ppt-systmet. Målet er å få ei auka forståing av rådgjevingsprosessen og betre kjennskap til kva spesialpedagogiske rådgjevarar og hjelpsøkar vurderer er viktig for at rådgjevingsprosessen blir driven framover og på best mogeleg måte blir opplevd som positiv for partane.

Problemstilling

Kva opplever innvandrarforeldre og spesialpedagogiske rådgjevarar i ppt som viktige element i ein positiv rådgjevingsprosess?

Metode

Undersøkinga har ei kvalitativ forskingstilnærming der eg nytta semistrukturerte intervju for å hente datamaterialet. Utvalet er samansett av tre foreldre med bakgrunn

frå Sri Lanka, Irak og Bosnia og tre spesialpedagogiske rådgjevarar i ppt. Informantane er uavhengige av kvarandre. Analyse og tolking er inspirert av Grounded Theory.

Resultat og konklusjonar

Viktige element i rådgjevingsprosessen har eg valt å presentere og drøfte under ulike hovudtema som gjennom empirien har stått fram som sentrale. Dette er dimensjonar som synast vere sentrale å ta omsyn til i ein multikulturell rådgjevingsprosess det vere seg; (i) kunnskap om hjelpsøkar sin kulturelle bakgrunn, (ii) verdialliansar, (iii) systemforståing, (iv) livsverda til hjelpsøkar, (v) kulturell bevisstheit, (vi) meistring-empowerment, (vii) språk, (viii) i forkant av det første møtet – den første kontakten. Ein positiv rådgjevingsprosess synast innebere at ein saman gjennom dialog utforskar og konfronterer eventuelle kjelder for konflikt. Sentrale moment er utforsking og samanlikning av kvarandre sine perspektiv for å skape forståing. Samtidig reflekterer rådgjevarane over at det er utfordrande å gå inn i slike diskusjonar og at den spesialpedagogiske kunnskapen lett kan bli eit skjold som beskyttar, og ein opptrer som ekspert heller enn partnar. Generelt synest det å vere knytt ein del moral og usikkerheit til arbeid med innvandrarforeldre, og rådgjevarane uttrykkjer ein redsel for å opptre krenkande og utanfor sitt mandat. Ein tendens i datamaterialet er at rådgjevarane synast å vere ulike med omsyn til kva grunnholdning dei har til om dei plasserer rådgjevingsprosessen innanfor kulturfeltet eller ikkje, og dermed i kva grad dei opnar opp for refleksjon kring bakgrunn, kunnskap, verdiar holdningar, førestilingar og verdsbilete som ofte blir knytt til kultur. Foreldra opplever det som positivt at kulturelle spørsmål blir tatt opp. Trass desse skilnadane er genuin interesse for familien sentrale stikkord som går igjen i datamaterialet både hos foreldra og rådgjevarane. Spesielt blir det framheva at å skape ein verdiallianse og å etablere ein felles verdi i barnet blir essensielt for den vidare prosessen.

Forord

Arbeidet med masteroppgåva har mest av alt vore ein lærerik og spanande prosess. Samtidig har det vore stunder der målet har verka så uendeleg langt framme.

Det er derfor mange som eg ynskjer å takke for at målet endeleg er i sikte. Først og fremst vil eg sende ei stor takk til informantane mine som har gitt av si tid og sine opplevingar. Utan deke hadde ikkje dette vore mogeleg!

Eg vil også rette ein takk til min rettleiar Ivar Morken for si positive instilling og interessante diskusjonar undervegs.

Vidare vil eg takke medstudent, Helen Martinsen for konstruktive tilbakemeldingar og støtte. Takk også til medstudent Merete Nornes Nymark for alle timer med diskusjon og oppmuntrande ord.

Astrid Askildt fortener også ei takk for alltid å vere tilgjengeleg, og Nora Lile for all hjelp med å framkaffe artiklar og aktuell litteratur.

Til slutt vil eg takke familien min for at de har stilt opp og gjort det mogeleg for meg å gjennomføre. Takk Aurora for å vere akkurat den du er. Takk for alle smil og kos, og at du har spart mamma for vakne netter. Takk mamma for alltid å ha tru på meg. Takk kjære Eivind for alltid å vere der med tid, støtte og hjelp. Sist men ikkje minst, takk svigerfar for korrekturlesing.

Bergen, august 2009

Innhold

SAMANDRAG	3
FORORD.....	5
INNHOLD	7
1. INNLEIING	11
1.1 BAKGRUNN OG TEMA	11
1.1.1 <i>Innvandrar</i>	13
1.1.2 <i>Pedagogisk psykologisk teneste</i>	13
1.1.3 <i>Kultur</i>	14
1.1.4 <i>Multikulturalisme</i>	16
1.1.5 <i>Struktur i oppgåva</i>	16
2. TEORETISK FUNDAMENT.....	18
2.1 RÅDGJEVING	18
2.1.1 <i>Rådgjevingsprosessen</i>	19
2.1.2 <i>Partnarskapsmodellen versus ekspertmodellen</i>	20
2.1.3 <i>Meistring i eit flerkulturelt perspektiv</i>	21
2.2 MULTIKULTURELL RÅDGJEVING	23
2.3 SENTRALE DIMENSJONAR I MULTIKULTURELL RÅDGJEVING	24
2.3.1 <i>Diskusjon og utforsking</i>	24
2.3.2 <i>Kritiske punkt i kommunikasjonen</i>	25
2.3.3 <i>Bevissstheit</i>	26
2.3.4 <i>Kontekst</i>	27
2.3.5 <i>Ulike verdenar</i>	28

2.3.6	<i>Problemforståing og årsaksforklaring</i>	29
2.3.7	<i>Den første kontakten</i>	29
2.4	KULTURSENSITIVITET OG MULTIKULTURELL RÅDGJEVING	30
2.4.1	<i>Kulturdimensjonar – verdiar som grunnleggande for kulturelle strukturar</i>	31
2.5	MULTIKULTURELL RÅDGJEVING OG EKSISTENSIALISTISKE PRINSIPP.....	33
2.5.1	<i>Grunnverdiar</i>	33
2.5.2	<i>Å finne det genuine</i>	34
2.5.3	<i>Kunnskap om hjelpsøkar sin kultur</i>	34
2.5.4	<i>Bevisstheit</i>	35
2.5.5	<i>Mål for rådgjevinga</i>	36
2.5.6	<i>Praktisk tilnærming</i>	37
3.	METODE	38
3.1	METODISK TILNÆRMING.....	38
3.1.1	<i>Det kvalitative forskingsintervjuet</i>	39
3.1.2	<i>Vitenskapsteoretisk bakgrunn</i>	40
3.1.3	<i>Grounded theory og hermeneutikk</i>	41
3.2	FORSKINGSPROSSENSEN	43
3.2.1	<i>Utforming av intervjuguiden</i>	44
3.2.2	<i>Val av informantar</i>	44
3.2.3	<i>Gjennomføring av intervjuua</i>	46
3.2.4	<i>Analyse</i>	49
3.3	VALIDITET OG RELIABILITET	50
3.3.1	<i>Validitet</i>	51
3.3.2	<i>Reliabilitet</i>	53

3.4 ETIKK.....	54
4. PRESENTASJON OG DRØFTING AV EMPIRI	57
4.1 SENTRALE DIMENSJONAR I RÅDGJEVINGSSAMTALEN	58
4.1.1 <i>Kunnskap om hjelpsøkar sin kulturelle bakgrunn.....</i>	58
4.1.2 <i>Verdialliansar</i>	66
4.1.3 <i>Systemforståing</i>	69
4.1.4 <i>Livsverda til hjelpsøkar.....</i>	73
4.1.5 <i>Kulturell bevisstheit</i>	79
4.1.6 <i>Meistring- empowerment</i>	84
4.1.7 <i>Språk.....</i>	86
4.1.8 <i>I forkant av det første møtet- den første kontakten</i>	88
5. KONKLUSJON - AVSLUTTANDE REFLEKSJONAR	90
5.1 PARTNER VERSUS EKSPERT	90
5.1.1 <i>Kulturmøte versus profesjonell-ekspert</i>	91
5.2 UTFORSKING OG SAMANLIKNING	92
5.3 Å VERE KULTURSENSITIV	93
5.4 AVSLUTTANDE REFLEKSJONAR OG FRAMTIDIG ARBEID	95
KILDELISTE.....	98
VEDLEGG 1 NSD	104
VEDLEGG 2 INTERVJUGUIDE RÅDGJEVAR.....	105
VEDLEGG 3 INTERVJUGUIDE FORELDRE.....	107
VEDLEGG 4 INFORMASJONSSKRIV.....	109
VEDLEGG 5 SAMTYKKE.....	111

1. Innleiing

1.1 Bakgrunn og tema

Kierkegaard skildrar løyndomen for all vellukka hjelpekunst på følgjande måte;

Først og fremmest maa passe paa at finde ham der, hvor han er og begynde der. For i Sandhet at kunne hjælpe en Anden, maa jeg forstaa mer end han, men først og fremmest forstaa det, han forstaar. Naar jeg ikke gør det, saa hjælper min Mer-Forståen ham slet ikke.(Kierkegaard, 1859, ref. i Kierkegaard 1964, s. 96).

Ein kvar rådgjevar arbeider utifrå eit verdisyn, med andre ord metateori og eit teorigrunnlag som dannar grunnlaget for dei ulike rådgjevingsmetodane og teknikkane. Teoretisk ser mange rådgjevarar seg som eklektikarar ved at dei meiner det er noko å hente frå mange teoriar. Likevel representerer dei ulike teoriane teori og empiri frå ein bestemt kulturell ståstad, vårt vestlege samfunn. Samtidig må vi forhalde oss til eit stadig meir mangfaldig og samansett samfunn, og hjelpsøkarar med variert etnisk bakgrunn. Det bur innvandrarfamiliar og norskfødde born med innvandrarforeldre i alle kommunane i landet. Størst del har Oslo kommune med 152 000 innvandrarforeldre og norskfødde med innvandrarforeldre, noko som utgjer om lag 26% folketalet. I perioden 1990-2007 var det 328 000 personar med eit statsborgarskap utanfor Norden som innvandra til Noreg og fekk opphold her (www.ssb.no/innvandring). Kan vi då bruke våre teoriar som om dei er nøytrale og med allmenngyldig status? Tar vi nok omsyn til kulturfaktoren? Er vi kompetente til å møte eit fleirkulturelt Noreg? Evner vi å møte hjelpsøkarar der den er?

Det er gjort lite forsking på kva kulturelle skilnader har å seie for interaksjonen mellom rådgjevar og hjelpsøkar. Leong og Wagner (1994) noterte følgjande; "scarcity of empirical information on which to base our understanding of cross-cultural supervision is striking (Leong & Wagner, 1994, s. 117). Ein del av denne forskinga konsentrerer seg også om utfordringar som er lite relevante i Noreg og dei

norske systema. I Noreg har Øzerk (2008) løfta fram mangelen på kompetanseutvikling innan multikulturell rådgjeving i ppt-systemet og etterlyser diskusjon kring temaet. Det som er sagt og skrive kring kultur sin innverknad på rådgjeving i Noreg bygger mykje på teoretiske diskusjonar. Spesielt er eit eksistensialistisk rådgjevingsperspektiv rekna for å vere godt eigna i møte med eit fleirkulturelt samfunn, fordi hjelpsøkar sine eigne grunnleggande verdiar blir retningsgjevande for rådgjevinga sitt mål (Johannesen, Kokkersvold, & Vedeler 2005).

Med dette som bakteppe ynskjer eg å sjå på kva ulik kulturell bakgrunn har å seie for interaksjonen mellom rådgjevar og hjelpsøkar i praksis. Spesielt ynskjer eg å knytte undersøkinga opp mot pedagogisk psykologisk teneste (ppt) og deira møte med innvandrarfamiliar. Eg ynskjer derfor å intervju spesialpedagogiske rådgjevarar i ppt som arbeider med innvandrarfamiliar og innvandrarforeldre som mottek rådgjeving frå ppt. Målet er å få auka forståing av rådgjevingsprosessen og betre kjennskap til kva rådgjevar og hjelpsøkar vurderer som gode møter og viktige element for ein positiv rådgjevingsprosess. Med positiv rådgjevingsprosess meinast at prosessen går framover og at rådgjevinga får eit positivt resultat, ved ein ny forbetra situasjon for foreldra, barnet og systemet rundt dei (Lassen, 2004). Det sentrale i analysen vil vere å prøve å identifisere dimensjonar som er viktige for rådgjevar å ta omsyn til i møte med hjelpsøkar frå ein annan kultur. Problemstillinga blir derfor som følgjande; **"Kva opplever innvandrarforeldre og spesialpedagogiske rådgjevarar i ppt som viktige element i ein positiv rådgjevingsprosess?"**

Før eg går vidare med å presentere strukturen for oppgåva vil eg kort gjere greie for dei mest sentrale omgrepene knytt til problemstillinga. Kulturomgrepet vil bli drøfta i denne delen då eg vurderer mi forståing av kultur som bakgrunn for oppgåva og ein viktig del av mi føreforståing.

1.1.1 Innvandrar

I samanheng med innvandring er språkbruk eit kontroversielt og komplekst tema. Klassifiseringar og inndelingar kan vere med på å styre resonnement og holdningar, omgrep kan oppfattast som verdilada og stigmatiserande. Det er få skildringar som i dag står fram som nøytrale. Eg vil derfor i denne oppgåva bruke den siste inndelinga til statistisk sentralbyrå. Denne erstattar innvandrabefolkingen med; 1) innvandrar er personar som direkte har innvandra til Noreg og 2) norskfødde med innvandrarforeldre (www.ssb.no/innvandring). Foreldra som deltek i denne undersøkinga vil alle vere innvandrarar. Borna er norskfødde.

Innvandrarar blir gjerne definert og omtalt som minoritetar i Noreg (Brenna, 2004). Neegaard (1998) skil mellom to hovudtypar etnisk minoritetar i Noreg, innvandrarar og samar. Brenna argumenterer for at individua sjølv skal definere om dei er minoritet og eventuelt kva minoritet. Eg diskuterer ikkje denne problemstillinga ytterligare i forhold til storsamfunnet. Ein viktig premiss for oppgåva er likevel at forholdet minoritet og majoritet i mange tilfeller handlar om eit forhold mellom makt og avmakt i møtet mellom ulike, verkelegheitsoppfattingar, verdiar og tradisjonar og at det ofte er majoriteten som rår over premissane for tverrkulturell kommunikasjon (Vike & Eide 2009). Korleis dette gjer seg utslag på det individuelle plan og kva som føregår i den sosiale relasjonen vil derimot vere viktige element i oppgåva.

1.1.2 Pedagogisk psykologisk teneste

Kvar kommune og fylkeskommune har pedagogisk psykologisk teneste. Ppt er ei førstelinjeneste og primæroppgåver til tenesta er jamføre opplæringslova §5-6 å drive organisasjonsutvikling og kompetanseutvikling for å leggje opplæringa betre til rette for elevar med særlege behov, og sørge for at det vert utarbeidd sakkunnig vurdering der lova krev det. Håndbok for pp-tjenesten skildrar pp-tjenesten sin funksjon som ein primær hjelpeinnstans. Dette inneberer at det vert forventa at ppt har kompetanse til å gi andre råd og at rollene er tydelige. Tenesta har i liten grad ansvar for sjølvstendige tiltak, men ansvar for å gje andre råd om korleis dei skal ta

sitt ansvar og løyse problem enten det er ein skule, rektor eller eit foreldreprar (Håndbok for pp-tjenesten, 2001). Utifrå dette kan ei slutte at ulike former for foreldrerådgjeving er ei sentral oppgåve og at nødvendig kompetanse til dette er forventa.

1.1.3 Kultur

Både i daglegtalen og litteraturen finn ein mange og varierte tilnærmingar til omgrepet kultur, det er difor bortimot umogeleg å gje ein fullgod definisjon av omgrepet. Eg vil i det følgjande syne nokre måtar å forstå kultur på. Dei er meir eller mindre like eller ulike og slik eg forstår kultur utgjer dei komplementære måtar å forstå kultur på.

Ein måte å forstå kultur på er at kulturen kastar lys over samanhengar, likskap og ulikskap, og gir oss innsikt i korleis vi som menneske organiserer våre erfaringar, set dei i system og gjer dei meiningsfulle. Kultur er det som bind saman og gjer meiningsfull kommunikasjon mogeleg (Vike & Eide, 2009). Slik kan kultur skildrast som mønster av mening. Denne meininga vert danna av eksempelvis kunnskap og tru, førestillingar, moralske og estetiske verdiar, verbalt og nonverbalt språk (Geertz, 1973; Dahl, 2001). Tylor sin definisjon frå 1871 skildrar kultur på ein liknande måte: ”kultur er den komplekse helhet som består av kunnskaper, trosformer, kunst, moral, jus og skikker, foruten alle de øvrige ferdigheter og vaner et menneske har tilegnet seg som medlem av et samfunn” (Tylor, 1871 ref. i Morken, 2006 s.87).

Definisjonane av kultur ovanfor seier noko om kva kultur inneheld, men ikkje så mykje om kva som er viktig for skaping og vidareføring av kultur. Hylland Eriksen (1997) løftar fram to definisjonar av kultur som seier noko om det; 1)”kultur kan definerast som de skikker, verdier og væremåter som overføres, om en noe i forandret form , fra generasjon til generasjon” 2) tankemønster, vaner og erfaringane som menneske har felles og som gjer at vi forstår kvarandre med andre ord, det som gjør kommunikasjon mulig (Hylland Eriksen, 1993, ref. i Hylland Eriksen, 1997, s.56). Hylland Eriksen (1997) argumenterer for at desse to er ulike men komplimentære

perspektiv på korleis kultur vert skapt og vidareført. Den første definisjonen fokuserer på at kultur er historisk, og røter blir eit viktig stikkord. Slik blir tradisjon og ein indre samanheng ein viktig del av kulturen. Til dømes vil etniske nordmenn i dag ha mykje felles kultur med dei som levde i Noreg for fleire hundre år sidan. Den andre definisjonen vektlegg kultur som eit dynamisk omgrep der den indre samanhengen ikkje er i eit bestemt kulturelt univers, men er det eitkvart individ skaper. Den er retta mot framtid heller enn fortid, og det er den gjensidige kommunikasjonen som tel. Slik kan ein argumentere for at barn av etniske nordmenn har langt meir felles med barn av innvandrarar som lever i dag. Slik vil det vere ein etnisk skilnad, men den opplevde kulturen vil vere ganske lik (Hylland Eriksen, 1997).

Oppsummert vert det mest sentrale at kultur er lært og blir overført. Den er ikkje ein statisk størleik, men er kontinuerlig og heile tida i endring. Samtidig er kultur knytt til både tradisjon og erfaringar. Kulturforskjellar er ikkje nødvendigvis knytt til etniske forskjellar, men kan like gjerne vere mellom ulike samfunnsklassar eller regionar som by og land. Vi er alle meir eller mindre kulturelt like eller ulike og slik vil det ikkje vere nokre skarpe grenser mellom ulike kulturar. Kvart enkelt menneske har med andre ord ikkje nøyaktig den same modellen av verda og slik må kulturelle forskjellar forståast som i ein viss forstand overalt og alltid gradert. Samtidig er vi systematisk forskjellige, noko som delvis er avgjort av kor vi vaks opp (Dahl, 2001; Morken, 2006; Hylland Eriksen, 1997; Vike & Eide, 2009).

Det blir gjerne referert til sju sentrale kulturelle markørar som har særskilt tyding for korleis vi opplever å vere kulturelt like eller ulike; etnisitet, kjønn, klasse, seksuell orientering, funksjonshemming, religion og alder (Moodley, 2007). Historisk og avhengig av den enkelte forskar og forskingstradisjon, har det variert kva ein har vektlagt av desse markørane eller variablane i studien av kultur. Ei slik inndeling er likevel ikkje uproblematisk, noko av kritikken er at ein kan bli for kulturdogmatisk ved at lett tilgjengelig kulturelle variablar som til dømes religion blir tillagt for stor

vekt. Ein står slik i fare for å bli styrt av kodar som svekkar ei meir sensitiv tilnærming (Hylland Eriksen, 1997; Dahl, 2001; Moodley, 2007).

Eg er interessert i å sjå nærmare på innvandrarforeldre sitt møte med pp-rådgjevar i eit kulturelt lys. I denne samanhengen blir det nødvendig med ei operasjonalisering. Utifrå mi problemstilling og forståing av kulturomgrepet vurderer eg det teneleg å operasjonalisere til variabelen etnisitet, altså den synlige kulturvariabelen og retningsgivande for mitt val av informantar. Med andre ord at rådgjevar og foreldre er ulike med omsyn til etnisk bakgrunn. Etniske gruppe er også definert som ulike folkegruppe som går utifrå at dei har forskjellig opphav og ser på seg som meir eller mindre kulturelt forskjellige (Hylland Eriksen, 1997).

1.1.4 Multikulturalisme

Multikulturalisme som ideologi går inn for å beskytte kulturelle minoritetar (Morken, 2006). Multikulturalismen blir her oppfatta som forsvar for gruppeidentitetar som igjen kan føre til ei tingliggjering og essensialisering av kultur (Morken, 2006). Dette er uheldig ved at det skaper eit fokus på at vi er fundamentalt forskjellige og at for å fullt ut forstå eit anna menneske må, ein tilhøyre den aktuelle kulturen (Fay, 1996). I det følgjande vil eg nytte multikulturell i tydinga fleirkulturell, altså fleire kulturar. På bakgrunn av mi forståing av kultur vil kultur ikkje vere eit bestemt sett av spesielle kjenneteikn ved ei gruppe og slik vil fleirkulturell heller ikkje forståast som ein målbar eller teljeleg storleik. Eg har tilstreva at litteraturen og forskinga som eg viser til legg same tolking av multikulturell til grunn.

1.1.5 Struktur i oppgåva

Som referanseramme for ei djupare analyse av rådgjevingsprosessen vil eg i kapittel 2 definere rådgjeving og korleis ein kan forstå rådgjevingsprosessen. Deretter vil foreldrerådgjeving med fokus på meistring bli belyst. Så vil faktorar som synest vere viktige for ein positiv rådgjevingsprosess utifrå forsking i eit multikulturelt rådgjevingsperspektiv bli presentert. Då rådgjeving etter eksistensialistiske prinsipp

er rekna for å vere veleigna i møte med eit fleirkulturelt samfunn vil multikulturell rådgjeving kort bli drøfta opp mot sentrale element i det eksistensialistiske rådgjevingsperspektivet. I kapittel 3 vil metoden bli gjort greie for. Endeleg vil analyse og drøfting, samt konklusjon bli presentert i kapittel 4 og 5.

2. Teoretisk fundament

På bakgrunn av metodevalet og det eksplorerande elementet i prosjektet har eg ikkje valt ut ein spesiell teori som fundament i teorigrunnlaget. I staden freistar eg vere teoretisk open i empiriinnsamlinga mi. Empiri og teori som eg skisserer i dei følgjande to kapitla er valt for å løfte empirien og for å kunne analysere dataa hensiktsmessig i ei teoretisk forståingsramme for fenomena som blir studert. Mykje av teorikapitelet er som følgje av dette skrive parallelt med analysen.

2.1 Rådgjeving

Lassen (2004) definerer rådgjeving på følgjande måte:

"Rådgiving er en kommunikativ prosess mellom to eller flere mennesker hvor samspillet er definert i klare rammer med hensyn til forholdets karakter, dets innhold og tidsbegrensning. Målet rådsøker(e) arbeider mot er den styrende faktor i rådgivningsprosessen. Arbeidet for å nå målet blir rådgivningsprosessen. Å nå mål og delmål blir resultat av selve rådgivingen "(Lassen 2004, s. 26).

Fokus for rådgjevingssamtalar er å fremme vekst og meistring hos hjelpsøkar (Lassen, 2004). Johannessen, et al. (2005) refererer til rådgjeving som verksemd som har som mål å sette dei som søker hjelp, betre i stand til å hjelpe seg sjølv, ikkje berre i den aktuelle saka dei står oppe i, men også i andre, liknande situasjonar. Begge definisjonane står i ein humanistisk tradisjon der kjernen i definisjonane er hjelp, ikkje berre til å løyse eit problem, men å hjelpe menneske med å få det betre med seg sjølv. Det blir eit mål å fremje vekst og meistring. Alle menneske har ressursar til personleg vekst og oppgåva til rådgjevar blir saman med hjelpsøkarar å finne fram til løysingar og tiltak som tek i bruk hjelpsøkarar sine eigne ressursar (Lassen, 2004).

Ved foreldrerådgjeving handlar det ikkje berre om vekst og meistring hos hjelpsøkarar, som er foreldra, men ein forbetra situasjon for barnet som hovudfokus og indirekte

mål for rådgjevinga. Ein positiv rådgjevingsprosess inneber altså auka meistring og styrka foreldre, samt ein forbetra situasjon for foreldre, barn og systema rundt dei (Lassen, 2004). Dette krev at rådgjevar har kunnskap, kommunikative ferdigheter og gode haldningar, samt evner følgje prosessen med hjelpsøkar og møter han/ho der den er med anerkjenning og respekt, og gir passande respons til riktig tidspunkt. Så kva inneber dette i forhold til hjelpsøkarar og foreldre med ein annan kulturell bakgrunn?

2.1.1 Rådgjevingsprosessen

Som grunnlag for analyse av rådgjevingsprosessen kan det vere teneleg med ei referanseramme kring samtalen. I store trekk er dei ulike humanistiske modellane samanfallande med omsyn til korleis rådgjevingsprosessen føregår. Ei vanleg oppdeling er i dei fire fasane ; involvering, utforsking, forståing/personleggjering og handling (Carkuff, 2000; Kokkersvold & Mjelve, 2003; Lassen, 2004). Jamfør Carkhuff (2000) er dette fasar med nærmast lovmessig progresjon. Kokkersvold og Mjelve (2003) avviser ikkje den kronologiske samanhengen, men vel å skildre dimensjonar heller enn fasar for å understreke at det er ein prosess der samtalen kan veksle mellom dei ulike dimensjonane etter kva som kjem fram i samtalen.

Spesielt to faktorar synest viktig for at rådgjevingsprosessen skal drivast framover og få eit positivt utfall (Lassen, 2004). Den eine er at rådgjevaren gjennomfører heile rådgjevingsprosessen. Med andre ord er det summen av fasane som er viktig. Det andre er rådgjevaren sin operative kunnskap. Dette er et sett av kjerneferdigeite som synast viktig uansett teoretisk forankring. Ferdighetene består i rådgjevaren sine grunnleggande holdningar og eigenskapar, dei første tre er og referert til som den terapeutiske holdning innanfor den rogerianske tradisjonen (Lassen, 2004; Johannessen et al., 2005). Desse er 1.Kongruens, at ein er ekte og genuin, eit heilt menneske, open og spontan. 2. Empati, ved at ein kan sette seg inn i hjelpsøkar sin situasjon. 3.Positiv aktelse, at ein som rådgjevar klarer å akseptere hjelpsøkar slik

som hjelpsøkar er. 4. Audmjuk og dempa entusiasme, ved at ein som rådgjevar kjenner sine grenser og styrke, gir hjelpsøkar realistiske forventingar.

Barrierar som kan oppstå i ein rådgjevingsprosess kan vise seg ved at hjelpsøkar melder fråfall, prøver å utmanøvrere rådgjevar, avsluttar for tidleg eller utøver ein overdriven kritikk av rådgjevar sin kompetanse eller idear (Lassen, 2004). Eit sentralt element for å komme over desse barrierane og få ein fruktbar rådgjevingsprosess er kvaliteten på kontakten eller relasjonen som oppstår mellom rådgjevar og hjelpsøkar i involveringsfasen. Det handlar om måten ein snakkar på, tonefall, og andre non-verbale uttrykk. Kvaliteten på denne kontakten, det vil seie graden av tillit, tryggleik og openheit ein klarer å etablere vil prege resten av prosessen, og vere avgjerande for resultatet (Kokkersvold & Mjelve, 2003; Lassen, 2004). Lukkast ein ikkje med å oppnå ein god relasjon kan det føre til avstand og manglande forståing for den andre. For rådgjevar kan dette resultere i ei regelfokusering og forsøk på å kontrollere den andre (Røkenes & Hanssen, 2006).

2.1.2 Partnarskapsmodellen versus ekspertmodellen

Davis (1995) skisserer to modellar for korleis forholdet mellom foreldre og hjelpsøkar er, ved partnarskapsmodellen og ekspertmodellen. Sentralt i partnarskapsmodellen er likeverd og at det er eit tett samarbeid mellom foreldre og fagpersonen ved at ein har eit felles mål. For å oppnå dette felles målet er det sentralt å lytte til hjelpsøkar og finne kva den ynskjer. Det neste elementet er at utfyllande ekspertise ved at foreldra sine kvalitetar må bli høgt verdsett trass i forskjellar mellom foreldre og fagfolk. Andre element som er sentrale er gjensidig respekt ved å akseptere den ande som likeverdig og at det er må leggast til rette for drøftingar for å bli einige før ein går vidare i prosessen. Ein føresetnad for dette er at det er god kommunikasjon ved at det må leggast til rette for at ein får nok opplysningar og at ein lyttar grundig til det foreldra har på hjartet og tolkar dette så nøyaktig som mogeleg samt gje passande respons. Ekspertmodellen står i kontrast til partnarskapsmodellen ved at fagpersonen stiller spørsmåla tek avgjerder og fortel kva som bør gjerast. Den

har som fokus at fagfolk opptrer som ekspertar og foreldra sine utfordringar er fagpersonen sitt ansvar å løyse. Denne modellen blir betrakta som lite formålstenleg for hjelpeprosessen då den pasifiserer foreldra og bidreg til at kompetansen til foreldra blir sett i tvil.

2.1.3 Meistring i eit flerkulturelt perspektiv

Bø (1996) framhevar eit godt sjølvbilete hos foreldra som sentralt i foreldrefunksjonen. Å oppre støttande blir eit nødvendig element for å utløyse ressursane som ligg i foreldra. I ein rådgjevings eller samarbeidsprosess med innvandringsforeldre blir det særlig sentralt å styrke foreldra si oppleving av meinung og innverknad. Dette grunnar ho med at ein må vere klar over at både språk og system er ukjende. Samtidig kan innvandrarforeldre oppleve at dei i liten grad har innverknad over eige liv spesielt, som flyktning eller asylsøkar. For rådgjevar i ppt vil det utifrå dette vere sentralt å ta seg tid til å forklare systemet og å anerkjenne foreldra sine synspunkt. Germundsson (2001) fokuserer også på at det blir viktig å forklare kva krav som blir stilt til foreldre i Noreg. Samtidig må ein å ta omsyn til at foreldre kan ha ei historie med opplevingar av å vere diskvalifisert i møte med majoritetssamfunnet og kan føle ein manglande tillit til både samfunnet og det offentlige hjelpeapparatet (Germundsson, 2001).

Å styrke eigenverdet er viktig for meistrande foreldre. Sentrale punkt i fleirkulturelle meistringsperspektiv blir utifrå Germundsson (2001) å sette ord på etniske minoritetar sin rett til eigenverd med utgangspunkt i verdisyn og menneskesyn som er inkluderande. Det blir viktig å bygge verdialliansar og dempe konfliktar. Døme på ein slik verdiallianse er utsagn lik; *"Vi er enige om at våre barn er så verdifulle at de må få utvikle en god framtid i Noreg"* (Germundsson, 2001, s. 367). På same tid må ein vere klar over at verdiane innanfor same kulturelle gruppe varierer. Ofte kan det vere større variasjonar innanfor same gruppe enn det er mellom gruppene (Baxter, Hinson, Wall, & McKee, 1998).

For å få meistrande foreldre er det som sagt viktig at ein som rådgjevar klarer å finne fram til foreldra sine ibuande ressursar. Dette krev, jamfør Qureshi (2009), at etniske minoritetar si historie, kompetanse og problemdefinering samt løysingsalternativ får ein sentral plass. Ein måte å gjere dette på er ved hjelp av narrativer. Dette gir mogelegheit for å forstå utifrå det personen sjølv fortel, og mogelegheit for å få kjennskap til ulike samhengar samt korleis ulike delar av livet påverkar kvarandre. Dette uavhengig av kulturelle stereotypiar eller generaliseringar som kanskje ligg i ein sjølv eller samfunnet. Fokuset blir å jobbe vidare med det som står fram som positive element i livet (Qureshi, 2009).

Ingstad (2001) legg også vekt på at det å legge til rette for meistring er viktig for å forstå livssituasjonen til dei det gjelder i ein kontekst, med andre ord utifrå sosiale og kulturelle grenser og muligheter som dei er underlagt i sine meistringsforsøk. Eit viktig moment i dette blir å skape undring og vere nyfiken i forhold til om emosjonar er prekulturelle eller først og fremst kulturelt gitt. Ingstad framhevar også at når det gjeld sjukdom eller funksjonshemming er meining ofte knytt nært opp til forklaringar om årsak. Til dømes viser ho til at menneske i delar av verden bære på tankar om skuld og straff og at slike forklaringar for både eiga meistring og korleis omgjevnadane forheld seg til det (Ingstad, 2001)

Prinsippa ovanfor er i tråd med prinsippa innanfor empowerment som har fokus på å styrke hjelpsøkar slik at han kan hjelpe seg sjølv gjennom meistringsopplevelingar og kompetanseheving hos alle aktørane. Dette ved at alle sine fattingar må bekreftast som gyldige utifrå kvar sitt perspektiv og for vidare å dele informasjon og slik utvikle kvarandre sine persepsjonar og få ei felles historie. Viktige element blir alliansedanning utan å ha ei førefatta forståing og haldning til problemet, og kva som er den ønska situasjonen. Kunsten blir å vere open og sjå at det ikkje er berre ein veg framover, men finne den som passar den som søker støtte, basert på det som står fram som positivt i livet og dei ibuande kreftene og ferdighetene til partane i prosessen. Dette krev at rådgjevaren er reflektert i forhold til sine verdiar, sin praksisteori og sine haldningar (Lassen, 2006).

2.2 Multikulturell rådgjeving

Eit kulturelt fokus på rådgjeving vert i litteraturen ofte referert til som multikulturell rådgjeving. Multikulturell rådgjeving kan forståast som ”*Ei form for rådgjeving som føregår mellom minst to personar som kan ha ulik sosiokulturell, etnisk og språklig bakgrunn. I videre forstand kan den omfatte kommunikasjon mellom personer med ulik fysisk og psykiske forutsetninger, sosioøkonomisk status, læringsstiler, ulikt kjønn, seksuallegning, alder osv.*” (Øzerk, 2008, s. 93). Multikulturell kompetanse refererer til; “*the ability of a counsellor to respond in a sensitive and appropriate manner to those who are culturally different*” (Coleman, Morris, & Noron, 2006).

Det er aukande semje om at det er naudsynt med multikulturell kompetanse og å anerkjenne kultur som ein viktig faktor for å kunne utføre ein etisk forsvarleg og vellukka jobb som rådgjevar. Likevel er det stor usemje om denne kulturkompetansen bør vere eit perspektiv til eller i dei tradisjonelle rådgjevingsperspektiva og om ein kan definere multikulturell rådgjeving som den fjerde krafta etter humanistisk rådgjeving (Willet, 1998; Toporek & Reza, 2001; Coleman et al., 2006; Duckert, 2006; Dunn, Smith, & Montoya, 2006; Watson, Herlihy, & Pierce, 2006; Nadeu & Measham, 2006; Collins & Pieterse 2007; Øzerk, 2008; Qureshi, 2009; Vike og Eide, 2009). Moodley (2007) skildrar fenomenet multikulturell rådgjeving som fanga mellom ”a number of culturally divergent groups and the idea of a single great mind such as Freud..., Rogers...” (Moodley, 2007, s. 10). Det handlar med andre ord om kva som har størst tyding og bør vektast mest i rådgjevingssituasjonen av det allmennmenneskelege og det kulturspesifikke. Eg vil i det følgjande sjå på kva ulike studier har funne viktig for at det skal bli ein fruktbar rådgjevingsprosess og at rådgjevar skal ha nødvendig kompetanse i møte med hjelpsøkarar frå ein annan kultur.

2.3 Sentrale dimensjonar i multikulturell rådgjeving

2.3.1 Diskusjon og utforsking

Fukuyama (1994) undersøkte korleis hjelpsøkarar med ein annan etnisk bakgrunn enn rådgjevar evaluerte rådgjevinga dei mottok. Han konkluderte med at der hjelpsøkar var nøgd med rådgjevinga, opplevde hjelpsøkar at rådgjevar var open og støttande. Det var også viktig at rådgjevar hadde tilstrekkelig kunnskap om deira kultur til å gje adekvate responsar. Av negative erfaringar rapporterte dei at rådgjevar ikkje hadde hatt kulturell bevisstheit at dei vart misforstått og undervurdert i forhold til evnenivå på bakgrunn av manglande kulturell kunnskap hos rådgjevar. Som spesielt viktig meinte hjelpsøkarane at det var essensielt at rådgjevar la til rette for kulturelle diskusjonar og utforsking kring desse tidleg i rådgjevingsprosessen. Duckert (2006) har også funne at kulturell ignoranse hos rådgjevar kan føre til at hjelpsøkar ikkje torer å vere open men heller går i forsvarsposisjon. Noko som kan føre til at rådgjevar feiltolkar hjelpsøkar si åtferd.

Nadeu og Measham (2006) vektlegg også utforsking. Det blir argumentert for ein metadiskusjon kring rådgjevingsprosessen og kultur samt ein diskusjon kring systemet og om hjelpsøkar kjenner til liknande system. Det blir viktig å sette ord på likskap og ulikskap og samtidig vere systemnavigatørar eller vegvisarar i systemet. Dette blir og eit viktig element for å få ei felles forståing til kva vidare møter skal innehalde. Dei framhevar også viktigheita av utforsking knytt til at foreldra får fortelje sin versjon og si forståin av og forklaring på årsak og tiltak. Dette kan avdekke kulturelle skilje som er skjulte eller som hjelpsøkar vengrar seg for å uttrykke fordi han er klar over at det skil seg frå rådgjevar si forklaring. Mellom anna kan synet på barnet si utvikling og ulik årsaksforklaring ligge til grunn og virke hemmande på prosessen i å bli samd om vidare tiltak. Utforsking av kva kulturelt rammeverk som ligg til grunn for å uttrykke kognisjonar og emosjonar blir også viktig (Nadeu & Measham 2006)

Toporek, Ortega-Villalobos og Pope-Davis (2004) oppsummerar studie på kultur og rådgjeving. Felles er at kulturelle diskusjonar og utforsking av kva som var likt og ulikt i den kulturelle bakgrunnen til både rådgjevar og hjelpsøkarar førte til at hjelpsøkarane følte seg tryggare og i større grad stolte på rådgjevar. Samtidig blir det framheva at rådgjevar er open og støttande til hjelpsøkar gjennom heile rådgjevingsprosessen. Eit poeng er at både rådgjevar og hjelpsøkar saman aukar sin kunnskap om den andre sin kultur utifrå behov som oppstår gjennom heile rådgjevingsprosessen og ikkje let seg styre av stereotype oppfatningar og generaliseringar på bakgrunn av kultur. Fokuset på likheitstrekk er noko Brenna (2004) også ser som viktig. Ved å gjere det, blir ein friare og vil i større grad kunne møtast som enkeltmenneske heller enn representant for ein kultur eller religion. Ved å fokusere på liksskap blir ulikskap og mangfaldet i samfunnet og meir handterbare. Målet blir med dette å forstå den andre sin ulikskap men også gjere eigen ulikskap meir handterleg for den andre (Brenna, 2004).

2.3.2 Kritiske punkt i kommunikasjonen

Daniels, D`Andrea og Kim (1994) identifiserer tre aspekt ved kommunikasjonen som kritiske faktorar for interaksjonen mellom rådgjevar og hjelpsøkarar, dette er; (i) personleg stil, (ii) måten å uttrykkje seg på verbalt og nonverbalt, (iii) målet for rådgjevinga, (iv) ulik forventing hos rådgjevar og hjelpsøkarar, (v) Rolleforståing, kva som var forventa av rådgjevar og hjelpsøkarar.

For å løyse desse problema konkluderer også forskinga deira med at rådgjevar må ta opp kulturelle spørsmål tidleg i rådgjevingsprosessen. Her blir likevel ikkje fokuset på ein generell diskusjon, men ein diskusjon med utgangspunkt i dei tre føregåande punkta. Ein eventuell vidare diskusjon kring kulturbakgrunn skulle først skje når rådgjevar oppfatta at hjelpsøkarar var klar for dette og at det var behov for ein slik diskusjon.

Nadeu og Measham (2006) tek opp liknande problem i forhold til foreldrerådgjeving og kva tyding avklaring av roller kan spele. Spesielt vert det framheva at foreldra kan

føle ein redsel for sosial diskriminering i forhold til å vere minoritet og det at barnet deira treng hjelp. Dette vert viktig å avklare etter første møte. Eit anna viktig moment blir å avklare korleis denne hjelpeinstansen er knytt til andre institusjonar som til dømes politi, barnevern og imigrasjonsmyndigheiter. Duckert (2006) eksemplifiserer problem i rolleforståinga ytterligare ved at ein som rådgjevar har eit spesielt ansvar i forhold til hjelpsøkarar som har kulturbakgrunn prega av respekt for autoritetar, til dømes afrikanske/muslimske/asiatiske kulturar.

2.3.3 Bevisstheit

Sue, Arredondo og McDavis (1992) belyser tre faktorar som er essensielle for å ha multikulturell kompetanse hos rådgjevar. Dette er; 1. Bevisstheit kring eigne verdiar og kva misoppfatningar dette kan føre til i samspelet med hjelpsøkar. 2. Bevisstheit kring hjelpsøkar sitt verdisyn. 3. Kunnskap om strategiar som er kulturelt adekvate. Dette inneberer mellom anna at ein må ha spesifikk kulturkunnskap om hjelpsøkar.

Sue et al. (1992) meiner at ein ikkje kan oppnå denne kulturelle kompetansen berre gjennom ei kognitiv tilnærming i form av teoretisk kunnskap. Det krev også at rådgjevar er bevisst eigne kjensler i møte med hjelpsøkarar. Rådgjevar må også vere bevisst korleis dette kjem til utrykk i synleg åtferd, i handling og reaksjonar. Dette inneber at rådgjevar må ha metodar for å auke eiga bevisstheit, og ha strategiar for å handtere både den affektive og åtferdsmessige dimensjonen. Mellom anna vil dette seie at ein aktivt går inn, til dømes under rettleiing frå ein annan profesjonell, og reflekterer over eigne kjensler og handlingar, for så å kunne bearbeide og eventuelt endre desse.

Toporek et al. (2004) har i si forsking funne det essensielt at hjelpsøkarar i rådgjevinga også får hjelp til å utvikle og auke bevisstheit kring kultur. Rådgjevar må konkretisere korleis ulik kultur påverkar persepsjonen av røyndommen og utvikle omgrevsapparatet til hjelpsøkarar. Dette for at hjelpsøkar skal ha reiskap til å kunne reflektere kring dei ulike kulturelle variablane og kva innverknad dette har på samspelet mellom rådgjevar og hjelpsøkarar. Det er altså viktig at hjelpsøkar har

bevisstheit og kunnskap nok til å formidle sine oppfattingar slika at ein kan få til ein mest mogeleg likeverdig dialog som utgangspunkt for den vidarerådgjevingsprosessen. Sjølvinnssikt og bevisstheit er også eit fokus for Brenna (2004). For å kunne diskutere likskap og ulikskap forutsett det at ein kjenner til eigne haldningar og verdiar. Sjølvinnssikt blir med dette ein viktig reiskap for å møte andre sin ulikskap.

Nadeu og Measham (2006) trekker fram tolk som eit viktig verktøy i dennebevistgjeringsprosessen for begge partar. Tolken kan då fungere som ein kulturoversettar både for foreldre og rådgjevar og slik hindre missforståingar og hjelpe til med å finne møtepunkt. På denne måten blir også tolken si rolle som kulturoversettar viktig ved at han kan fungere som rådgjevar i forhold til rådgjevaren i måten å finne kulturelt adekvate strategiar for samarbeidet (Nadeu & Mesham, 2006).

2.3.4 Kontekst

Den profesjonelle rolla som rådgjevar i møte med hjelpsøkar med ein annan kultur krev, jamfør punkta ovanfor at ein er bevisst eigne haldningar og korleis dei kjem til utrykk i kjensler og åtferd i møte med rádsøkar. Sue et al. (1992) og Toporek og Reza (2001) skiljer mellom den private konteksten (rådgjevar sitt private liv), den profesjonelle konteksten (rolla som rådgjevar her og no) og den institusjonelle konteksten (arbeidsplassen, lover og reglar) i den samla rådgjevarkompetansen. For å kunne opptre som profesjonell rådgjevar i den profesjonelle verda, krev dette at ein har evne til å reflektere over kva haldningar ein tar med seg frå det private livet, samt kva haldningar institusjonen representerer, og korleis desse verkar inn på den profesjonelle konteksten. Ein må kunne sameine desse tre på ein adekvat måte for å kunne framstå som ekte og genuin. Klarer ein ikkje dette vil hjelpsøkar oppfatte dette, og føre til at rådgjevar blir oppfatta som uekte og vekke misstillit. I verste fall får hjelpsøkar misstillit til heile systemet (Toporek & Reza, 2001). Korleis ein klarer å sameine desse tre spelar inn på korleis ein klarer å ivareta ei terapeutisk haldning på

ein adekvat måte. Den terapeutiske haldninga refererer her til kvalitetane ein rådgjevar bør ha skildra i den rogerianske tradisjonen referert under avsnittet rådgjevingsprosessen.

Sue et al (1992) og Øzerk (2008) vektlegg at ein bør skaffe seg kunnskap i ulike kontekstar og at ein som rådgjevar bør ha varierte erfaringar med sosiale samanhengar og livssituasjonar som pregar innvandrarfamiliane sine liv. Lee (1999) legg vekt på at ein må vere varsam med å bruke rådgjevingssituasjonane som utgangspunkt for å auke kunnskap om innvandrarforeldre. I staden vektlegg både Sue et al. (1992) og Øzerk (2008) at rådgjevar styrkar kompetansen sin gjennom kurs, aktivitetar, litteratur og filmar. For å betre ytterligare å styrke kompetansen bør ein ha naturleg kontakt med ulike innvandrarmiljø knytt til det privatelivet, samt konsultasjonar med kollegar i det profesjonellelivet.

2.3.5 Ulike verdenar

Det å kunne gje adekvat råd og støtte til dei ulike foreldregruppene krev empati, forståing og innsikt i dei ulike foreldregruppene sine verdsoppfatningar (Øzerk, 2008). Ein bør då orientere seg om dei ulike foreldra sin verdsoppfatning for å forstå foreldra sitt utgangspunkt betre. Viktige element blir å at rådgjevaren gjer ein aktiv innsats for å forstå og fange opp foreldra sin definisjon av til dømes familien si rolle, oppfatting av skule, ppt, samt erfaringar knytt til pedagogar og psykologar. Det blir også viktig å forklare ulike symbol si tyding som til dømes val av ord, gestar og mimikk, klesdrakt og liknande som ein brukar. Dette krev at ein som rådgjevar er open og nyfiken til den andre sin kultur og er undersøkande i kommunikasjonen. Døme på utsegn kan vere; "Eg veit lite om din kulturbakgrunn og ønskjer å spørje deg om..." (Øzerk, 2008; Qureshi, 2009). Metakommunikasjon blir også viktig for å forstå kvarandre og styrke kontakten og danne grunnlag for ein vidare positiv prosess. På holdningsplan krev det at ein ser den andre som likeverdig sjølv om ein er ueinig i verdisyn.

2.3.6 Problemforståing og årsaksforklaring

Eit viktig krav til fleirkulturell kommunikasjon er at den er basert på eit verdigrunnlag som skaper gjensidig respekt (Germundsson, 2001). Men av og til kan kulturforskjellane gjere det vanskelig å forstå kvarandre. Dette krev kunnskap og forståing både frå rådgjevar og foreldre. Holm (2001) trekker fram at det i foreldrerådgjeving blir viktig å få tak i foreldra si bekymring og korleis dei eventuelt ville løyst dette i heimlandet. I enkelte tilfeller vil dette stride mot vår lovgjeving og borna sine rettar. I slike tilfeller krev det at ein som rådgjevar er open om det og freistar få ein god dialog slik at ein bli einige om målet. Qureshi (2009) gir døme på ein dialog mellom rådgjevar og foreldre i forhold til å slå borna sine. Det essensielle for å møte foreldra blir at ein både som rådgjevar og foreldre forstår kvifor og kva ein meiner med å slå for så å sjå om ein kan bruke andre sanksjonsmiddel. Slik stiller ein spørsmål ved deltagarane sine verdsbilete som blir ramma for samtalen og hindrar at premissane blir einsidige. Ein anna måte å møte denne utfordringa på er å få slike spørsmål diskutert i innvandrarmiljøa. Eit tiltak kan til dømes vere å arrangere foreldregrupper der ulike tema blir tatt opp (Holm, 2001).

Nadeu og Measham (2006) belyser også liknande utfordringar. Foreldra kan ha ulike årsaksforklaringar og løysingar som ikkje kjem fram eller dei blir skjulte for rådgjevar fordi dei skil seg frå rådgjevar og gjerne majoritetssamfunnet. Dette vil skape barriere som hindrar ein fruktbar rådgjevingsprosess. I slike tilfeller vil det vere nyttig med tolk for å få fram nyansar i språket. Samtidig framhevar Nadeu og Measham (2006) at tolken også bør ha ei rolle som kulturoversettar mellom rådgjevar og foreldre (Nadeu & Measham, 2006).

2.3.7 Den første kontakten

Øzerk (2008) skildrar ei av utfordringane med å jobbe med innvandarfamiliar er å få dei til å møte og etablere ein første kontakt. Ho legg vekt på at mangel på kunnskap om ppt og kva dei kan bidra med eller tidlegare negative erfaringar med offentlege apparat kan bidra til at foreldra ikkje møter. Dette kan føre til usikkerheit rundt møter

og opplevinga av mangel på kontroll som igjen hindrar at ein ikkje møter. Øzerk (2008) legg derfor til grunn at det første møtet kring barnet sin situasjon aldri bør vere med pp rådgjevar åleine. I staden bør ppt vere med på foreldremøter eller arrangere temakveldar der foreldra får kjennskap til ppt sin kompetanse. På slike møter kan gjerne tolk delta og ein etablerer ein kontakt før møte det første møtet med pp-rådgjevar i forhold til barnet og barnet sin situasjon.

2.4 Kultursensitivitet og multikulturell rådgjeving

Rådgjeving som har ei sterkt forankring i eit multikulturelt perspektiv er ikkje uproblematisk. Det er vanskeleg å ha inngåande kjennskap til dei ulike kulturane, og fokus på ulike kulturtrekk som er lett tilgjengelige gir heller ikkje automatisk ei djupare forståing av eigen eller andre sin kultur. Multikulturelt fokus i rådgjevinga har blitt kritisert for å ha eit einsidig fokus på kulturelle markørar som etnisitet, kjønn, klasse, seksuell orientering, funksjonshemming, religion og alder og deira tyding for rådgjevingssituasjonen. Fokuset på at vi er forskjellige utifrå desse markørane er med på å skape fordommar og stereotype haldningar i møte med hjelpsøkar (Moodley, 2007). Han vektlegg rett nok at kultur er ein viktig dimensjon i rådgjevinga, men at ein blir for låst av å definere kultur berre til desse markørane og ein skaper kategoriseringar som er for låste, slik at ein ikkje får eit totalt bilet av hjelpsøkar sin livsverden.

Moodley (2007) etterlyser ein breiare definisjon av kultur i mykje av forskinga og meir fokus på det individuelle aspektet. Slik ser ein klare paralleller til definisjonane av kultur som er skissert i inneleiingskapitelet. Moodley (2007) argumenterer for at det kan vere vanskeleg å bevare sensitiviteten til det enkelte individ ved å ha definert markørar eller variablar ved kultur, men at denne forskinga bør ha eit sterkare fokus på at kultur oppfattast som eit dynamisk felt som oppstår mellom menneske som kommuniserer med kvarandre, heller enn å fokusere på kulturvariablar som lett kan føre til kulturdogmatisme. Moodley (2007) utdstrupar dette med at vi alle har vår genuine kulturprofil som eit dynamisk resultat av alle desse variablane saman med eit

utal andre variablar. All rådgjeving blir med dette i sin yttarste konsekvens multikulturell, sjølv om rådgjevar og hjelpsøkar ser ut til å ha ulike synlege kulturvariablar, som til dømes etnisitet og kjønn (Watson et al., 2006). Det blir ikkje avvist at ein bør ha spesifikk kulturkunnskap, men at denne må komme som eit resultat av følt behov hos rådgjevar og hjelpsøkar i rådgjevingsprosessen. Kultursensitivitet generelt i forhold til alle hjelpsøkarar blir eit sentralt stikkord for ei slik tilnærming til multikulturell rådgjeving.

2.4.1 Kulturdimensjonar – verdiar som grunnleggande for kulturelle strukturar

Utifrå denne tilnærminga kan det vere nyttig og praktisk ta omsyn til innhaldet i omgrepet kultur utifrå kulturdimensjonar som har tyding for kommunikasjon og samhandling heller enn ytre markørar eller variablar, og slik oppnå ei auka bevisstheit til andre og eigen kulturell ståstad. Fjærtoft (2006) har i sin praksis med hjelpsøkarar frå ulike kulturar hatt nytte av å bruke kulturdimensjonane til Kluckhohn og Strodtbeck, "Cultural Orientation Framework", som referanseramme (Kluckholm & Strodtbeck, 1961, ref. i Fjærtoft, 2006). Denne tar utgangspunkt i at det er nokre grunnleggande spørsmål som alle samfunn må svare på; forhold til omgivnaden, til andre menneske, til den daglege aktiviteten, og til tid og rom. Desse dannar utgangspunktet for variasjonar i verdiar som vil vere viktig å ha kjennskap til og som kan tene som rammeverk for samtale og utforsking. Verdiar blir i denne samanhengen grunnleggande faktor for kulturelle strukturar (Turner, 1978, ref. i Fife, 2002). Ein ser her verdiar som teikn på det noko diffuse omgrepet kultur, og at dette er verdiar som kan identifiserast. Mellom anna er individualisme i forhold til kollektivisme synlige teikn på verdiorienteringar (Triandis, 1995, ref. i Fife, 2002). Ein skal diskutere og reflektere over dei ulike kulturdimensjonane og saman finne korleis ein står i forhold til kvarandre. Døme på slike verdiar er synet på; (i)Livet; determinert av ytre krefter; Gud, lagnad, gener, naturkrefter etc., (ii) Menneskenatura; därleg, blanda eller god. (iii)Beslutningstaking; resultat av det emosjonelle, rasjonelle eller det pragmatiske. (iv)Sosiale forhold; hierarkiske, kollektive eller

individualistiske, (v) Forholdet til andre menneske; hierarkisk eller egalitært (Fjærtoft, 2006).

Deurzen-Smith (1988, ref. i Johannessen et al., 2005, s. 53-60) foreslår også ei systematisk tilnærming til rådgjevingsarbeidet som undersøkjer hjelpsøkar sin livsverden på ein liknande måte. Dei skildrar ei ramme for menneskeleg eksistens utifrå fire grunnleggande dimensjonar. Desse er: (1) Den naturlige verda. Denne er den mest fundamentale og omhandlar kva hjelpsøkar oppfattar eller erfarer som grenser og mogelegheiter i naturen og den fysiske og biologiske verkelegheita. Hovudspørsmålet er her om ein er tvungen til å rette seg etter lovene i den naturlige verda, eller om ein kan kontrollere og styre den. (2) Den offentlege verda. Denne omhandlar alle aspekt ved sosial interaksjon forutan intime relasjonar. Her utforskar ein sosiale og kulturelle miljø som bestemmande for handling, tankar og kjensler. Her finn ein menneske sitt forhold til rase, etnisk gruppe, sosial klasse, land, språk, kulturelle historier, studie- og arbeidsmiljø eller andre referansegrupper. (3) Den private verden. Den omfattar alt som ein føler er ein del av seg sjølv. Dette inkluderer kjensler, tankar, karaktertrekk, idear, aspirasjonar, objekt og menneske som ein identifiserer som eigne. (4) Den verdimesseige verda. Den representerer idear og synspunkt på livet, verden seg sjølv og det hinsidige. Det er her hjelpsøkar skaper mening for seg sjølv. Her vil det vere viktig å skilje mellom ideal eller verdi og ideologi. Ideologi vil som regel erstatte personlege val og engasjement og ein refererer til eksempelvis Marx eller Muhammed.

Ei slik tilnærming tek høgde for utforsking og drøfting på ein kultursensitiv måte. Gjennom å bruke denne ramma for samtalen er ein bevisst dei ulike dimensjonane som utgjer livsverda i hjelpsøkar sitt liv. Kanskje kan ein seie at dette nettopp er den modellen Moodley (2007) etterlyser i arbeidet med hjelpsøkarar frå ein annan kultur. Møter ein alle hjelpsøkarar etter denne modellen vil ein i stor grad gjere det overflødig å fokusere på at rådgjevar og hjelpsøkar er kulturelt forskjellig, det vil ein utifrå denne modellen alltid vere. Ein møter kvart individ der det er med sin kulturelle ballast, som aldri vil vere lik rådgjevar sin.

2.5 Multikulturell rådgjeving og eksistensialistiske prinsipp

2.5.1 Grunnverdiar

Eksistensialistisk rådgjeving har sitt opphav i humanistisk tradisjon. Dette inneber at ein vektlegg indre og ytre faktorar i menneske like mykje, som styrande for menneske sine handlingar. Ei fenomenologisk tilnærming er også sentral. Ein tenkjer at ein ikkje kjem nærmare sanninga enn opplevinga til det enkelte individet. Det blir dermed viktig for rådgjevar å utforske opplevinga, slik den kjem til synne for kvart individ (Johannessen et al., 2005; Hostrup, 2003).

Eksistensialistisk rådgjeving byggjer på eksistensialistisk filosofi og har derfor også Kirkegaard si hypotese som grunnmur. Denne har som utgangspunkt at eitkvart menneske er ansvarleg for sin eigen lagnad og at menneske sin essens er produkt av handlingane som det gjer. Vala menneske gjer bestemmer eksistensen og kven det er. Som menneske har vi eit ansvar for konsekvensane av våre val. Kierkegaard talar om å velje seg sjølv, med andre ord å eksistere som menneske (subjekt) i sitt engasjement. Grunnleggleggjande tankar finn ein også uttrykt gjennom Frankl (1966) som ser viljen til å finne mening med livet som den underliggjande essens i menneske sin eksistens (Frankl, (1966), ref i Johannessen, et al. 2005). May (1969, 1971) presiserer at eksistensiell tenking i rådgjeving medfører at ein må vektelegge det individuelle perspektivet i møte med hjelpsøkar og at rådgjevar ikkje låser seg i førutfatta diagnostiske kategoriar når ein prøver å forstå og hjelpe hjelpsøkar (May, 1969, 1971, ref. i Johannessen et al., 2005).

Johannessen et al. (2005) har formulert fem grunntesar som dannar utgangspunkt for eksistensialistisk rådgjevingsteori:
1. Eksistens går forut for essens. Hva vi gjør, bestemmer hvem vi er.
2. Vi har frihet til å velge og er ansvarlige for konsekvensene av våre valg, vår eksistens.
3. Vårt liv leves alltid i lys av at vi en gang skal dø. Vår troverdighet er avledd av vår evne til å vere klar over dette og til modig å møte vår eksistens.
4. Vår eksistens er aldri helt adskilt fra andres eksistens og fra verden. Og verdens eksistens er aldri helt adskilt frå vår eksistens.
5. Persepsjon eller oppfattelse

er mer gyldig når vi prøver å forstå et annet menneske fra dets subjektive synsvinkel
(Johannesen et al., 2005, s.50)

Oppsummert legg desse grunnleggjande verdiane vekt på det genuine og spesielle i kvart menneske. Vi er alle produkt av kva vi vel å engasjere oss i, og er sjølv ansvarlege for vårt liv. Samtidig vil det vere viktig å finne kva som gir mening i livet for kvar enkelt. Som rådgjevar må ein ha eit ope sinn og ikkje vere fanga av førefatta kategoriar.

2.5.2 Å finne det genuine

Kanskje er dette det generelle fokuset på å finne et genuine i kvart menneske også essensen i kva ein må ta omsyn til som rådgjevar i møte med menneske frå ein annan kultur. Ein ser altså vekk i frå kulturomgrepet som styrande for korleis ein skal møte hjelpsøkar. Moodley (2007) poengterer at dette må vere essensen for all rådgjeving. Han meiner at alt i sin yttarste konsekvens er multikulturell rådgjeving. Ein må bruke tid på å utforske hjelpsøkar sin livsverden og kva variablar som har tyding for den enkelte sitt liv og identitet, noko som stemmer godt med ei fenomenologisk tilnærming innanfor eksistensiell rådgjeving. Det blir nettopp her viktig å bruke tida på korleis hjelpsøkar subjektivt opplever verda. Ein bør med andre ord ikkje ha fokus på å kategorisere hjelpsøkar på den eine eller andre måten, noko May (1969, 1971) framhevar som eit viktig prinsipp for eksistensiell rådgjeving. I prosessen med å finne det genuine i kvart menneske følgjer ein innanfor eksistensiell tankemønster prinsipp som også er essensielle i eit multikulturelt resonnement ved å legge til rette for diskusjon og å vere open og støttande (May, 1969, 1971, ref. i Johannessen et al., 2005)

2.5.3 Kunnskap om hjelpsøkar sin kultur

På den andre sida viser mykje av forskinga knytt til multikulturell rådgjeving at spesifikk kunnskap om hjelpsøkar sin kultur er sett på som viktig for å kunne komme hjelpsøkar i møte. Vel ein å drive rådgjeving etter eksistensielle prinsipp, står ein i

fare for å ikkje forstå hjelpsøkar ved at ein ikkje har nødvendig spesifikk kulturkunnskap, fordi ein følgjer prinsipp om å ikkje late seg låse av førefatta kategoriar. Ein av grunntesane for eksistensialistisk rådgjeving er likevel at persepsjon er meir gyldig når ein prøver å forstå eit anna menneske ut frå deira subjektive synsvinkel. Dette kan forståast slik at ein ikkje skal ha spesifikk kulturkunnskap. Samtidig opnar dette for at ein skal inneha kunnskap om hjelpsøkar. Mangel på kulturkunnskap kan nettopp føre til at ein ikkje klarer å forstå eit menneske ut frå subjektiv synsvinkel.

2.5.4 Bevisstheit

Johannessen et al. (2005) vektlegg at rådgjevaren må ha eit tilstrekeleg breidt perspektiv til at ein kan opne for ulike synspunkt og sjå meining i dei ulike synspunkta som hjelpsøkar avdekkar i rådgjevinga. Samtidig blir den affektive sida vektlagt ved at hjelpsøkar har rett til å få ein rådgjevar som har strevd med essensielle opplevingar og spørsmål. Med andre ord for at rådgjevar skal kunne evne å hjelpe hjelpsøkar å klargjere sine haldningar og mål, må rådgjevar sjølv ha oppnådd å få klarheit i eige livs- og menneskesyn. Dette er moment som også er vurdert som viktige innan multikulturell rådgjeving til dømes hos Sue et al. (1992). Likevel, at rådgjevar skal ha eit klar standpunkt til eigne verdiar, betyr ikkje i eksistensialistisk ånd at rådgjevar skal drøfte og samanlikne desse verdiane med hjelpsøkar. Dette er noko som er viktig, skal ein ta omsyn til forskinga gjort kring multikulturell rådgjeving.

Å kunne reflekter over eige haldningar og mål stiller ikkje berre krav til at rådgjevar skal kunne legge til rette for refleksjon, men også krav til at hjelpsøkar evner å vere bevisst og samtidig kunne uttrykkje eigne verdiar. Nettopp kravet til evner og ferdigheiter hos hjelpsøkar er eit svakt punkt ved den eksistensialistiske tilnærminga og gjer at det utelukkar ein del frå å kunne få hjelp frå dette perspektivet.

2.5.5 Mål for rådgjevinga

Eksistensialistisk rådgjeving vil alltid ha som mål å kaste lys over hjelpsøkar sitt ibuande verdisyn og oppmuntre til å avdekke sine verdiar og gjere dei eksplisitte for seg sjølv. Målet er ikkje å heilbreie eller forandre hjelpsøkaren, men til å hjelpe hjelpsøkar til å finne meiningsa med sitt liv i det kaoset som oppstår når ein står ovanfor livskriser, til dømes eit sjukt barn. Det er ikkje støtte og aksepetering som er fokuset, men å få hjelpsøkar til å tenkje gjennom det som synest utenkeleg. Gjennom rådgjevinga skal hjelpsøkar møte eigen angst og det som verkar negativt og vanskeleg ansikt til ansikt, for å oppdage mogelegheitene det rommar, og slik kunne leve med angsten på ein konstruktiv måte. Målet for rådgjevinga blir hjelpsøkar sine eigne grunnleggande verdiar. Hjelpsøkar skal nå innsikt i paradoks som livet byr på, og få styrke ut frå dette. Ein framhevar livet heller enn personen. Metoden er spørsmålsstilling samtale utifrå eksistensfilosofien sine resonnement og etikk. Slik vil rådgjevar danne ei ramme og metode for å takle livsproblem. Grunnleggande rådgjevarferdigheiter blir utifrå dette å lytte, reflektere og stadfeste (Johannessen et al., 2005).

Det sentrale er med andre ord å ta utgangspunkt i hjelpsøkar sin livsverden og late dette vere retningsgjevande og rådgjevinga sitt mål. På bakgrunn av hjelpsøkar sin livsverden skal ein drøfte og reflektere. Dette synest også som eit avgjerande punkt for at ein skal kunne komme hjelpsøkar med annan kulturell bakgrunn i møte utan å skape barrierar for den vidare rådgjevingsprosessen jamføre, Fukuyama (1994); D`Andrea og Kim (1994); Toporek et al. (2004); Fjærtoft (2006); Moodley (2007); Øzerk (2008); og Qureshi (2009). Det som likevel ikkje er eit tema innanfor eksistensiell tenking er at rådgjevar og hjelpsøkar skal samanlikne og drøfte kvar andre sine verdisyn. Fjærtoft (2006) legg vekt på at ein skal diskutere og reflekterer over dei ulike kulturdimensjonane og saman finne korleis ein står i forhold til kvarandre. Også, Toporek et al. (2004) vektlegg denne gjensidigheita i drøftinga og refleksjonen, noko ein ikkje finn igjen innan eksistensiell tenking.

2.5.6 Praktisk tilnærming

Eksistensialistisk rådgjeving byr ikkje på bestemte teknikkar eller spesifikke rådgjevingsmetodar. Det gjer heller ikkje det multikulturelle perspektivet. Det er difor vanskeleg å seie noko om korleis dei to perspektiva vil omsettast i praksis og korleis rådgjevingsprosessen vil sjå ut heilskapleg. Perspektiva legg likevel føringar på korleis ein skal møte hjelpsøkarar. Felles for begge perspektiva er at dei legg stor vekt på at ein er bevisst eigne verdiar og hjelpsøkarar sine verdiar. Samtalen rundt desse verdiane blir det essensielle og målet for rådgjevinga. Det som vil utgjere ein vesentleg forskjell er om rådgjevar skal gje utrykk for sin kulturelle bakgrunn eller verdisyn. Ein positiv rådgjevingsprosess inneber innanfor begge perspektiva at ein gjennom dialog utforskar og konfronterer kjensler og eventuelle kjelder for konflikt.

Samtidig er det gjort lite forsking på kva faktorar som er avgjerande for at rådgjevingsprosessen skal bli vellukka i praksis. Framleis er det eit ope spørsmål om kor mykje spesifikk kulturunnskap ein som rådgjevar skal ha og kor nødvendig der er at rådgjevar og hjelpsøkar drøftar likskapar og kulturell bakgrunn. Målet med mitt prosjektet er difor å bidra med eit lite innblikk i korleis det fleirkulturelle eller multikulturelle praksisfeltet blir opplevd.

3. Metode

For å kunne etterprøve, fornye og vidareutvikle det som til ei kvar tid framstår som etablert kunnskap på eit fagområde krev det at forskinga er fagleg relevant og at den er utført på ein systematisk og truverdig måte. Ein metode er framgangsmåtar og strategiar for å gjennomføre eit forskingsarbeid og danne grunnlag for kritisk vurdering (Befring, 2007). Såleis vil metodeval og metode vere viktig for kvaliteten av forskingsarbeidet.

Eg vil i det følgjande gjere greie for metodevalet; det kvalitative forskingsintervjuet, vitskapsteoretisk bakgrunn og Grounded Theory. Eg vil så skildre forskingsprosessen, herunder utval, utforming av intervjuguide og gjennomføringa av intervjeta. Eg vil også vise korleis eg har gått fram i analyseprosessen og vidare bearbeiding av dataa. Deretter vil validitetspørsmål bli vurdert, herunder vil eg gjere greie for mi føreforståing. Kapitelet vert avslutta med etiske refleksjonar.

3.1 Metodisk tilnærming

Eg har i arbeidet med temaet erfart at det finst lite forsking på fleirkulturell rådgjeving i praksisfeltet. Det er likevel mykje litteratur som etterlyser analyser utover teoretiske diskusjonar. Dette prosjektet vil med andre ord dreie seg om å gjere eit eksplorerande arbeid på eit lite utforska felt. Forskingsdesign eller forskingsopplegg vil i denne samanhenge bere preg av å vere eit pilotstudium med eit forskingsformål som tek sikte på å finne tendensar i eit formålsteneleg miniatyrutval (Befring, 2007). I mitt tilfelle blir det to fomålstenelege miniatyrutval ved at eg intervjuar 3 foreldre og 3 spesialpedagogar. Eg har ei kasuistisk tilnærming og vel å sjå desse som to kasus der rådgjevargruppa utgjer eit kasus/case og foreldregruppa utgjer eit kasus/case, innanfor kvar er det tre analyseeininger. Det blir med andre ord ein samansett (ebbed) multiplecase studie (Skogen, 2007).

Mitt vitskapsteoretiske utgangspunkt er at det er ei bakanforliggende forståing av at det ikkje eksisterer noko absolutt sanning eller årsakssamanheng. I staden søker eg å finne tendensar i datamaterialet, og slik skildre informantane sine opplevingar og freiste finne mogelege mønster mellom elementa i møta. Innsamling av data skjer ved hjelp av kvalitative forskingsintervju. Analyse og tolking vil vere inspirert av Grounded Theory. Eg freistar å indusere teori frå datamaterialet samt å abstrahere dataa ytterligare ved å skildre mønster ved abduksjon (Dalen, 2004; Fuglseth, 2007; Alvesson og Sköldberg, 2008). Formålet mitt med prosjektet er å få større innsikt i rådgjevingsprosessen mellom pp-rådgjevar og innvandrarforeldre. Eg prøver med andre ord å forstå rådgjevingsprosessen heller enn å forklare årsakssamanhangar eller finne ei allmenn sanning.

3.1.1 Det kvalitative forskingsintervjuet

Kvalitative metodar eignar seg godt til studie av tema som er lite forsking på frå før og derfor stiller store krav til openheit og fleksibilitet (Thagaard, 2006). Samtidig er det eit overordna mål for kvalitativ forsking å utvikle forståing av fenomen knytt til personar og situasjonar i deira sosiale verkelegheit (Dalen, 2004). Det synast derfor naturleg å velje ei kvalitativ tilnærming for best mogeleg å kunne svare på problemstillinga i prosjektet. For å ha mogelegheit til å samanlikne informasjonen frå dei ulike informantane, men på same tid vere fleksibel og følgje informantane si forteljing la eg opp til eit semistrukturert intervju, også referert til som det kvalitative forskingsintervju (Dalen, 2004; Thagaard, 2006). For å svare på problemstillinga er det sentralt å få best mogeleg kjennskap til informantane si livsverd, deira opplevingar og meningar. Det kvalitative forskingsintervjuet som metode forsøker nettopp å forstå verda frå intervjugersonen sitt synspunkt, meninga i folk sine opplevingar og å avdekka deira livsverden, før det blir gitt vitskaplige forklaringar (Dalen, 2004, s. 24). Utforming av intervjuguide og ei nærmare drøfting av intervjeta i denne undersøkinga si form blir skildra i under forskingsprosessen.

3.1.2 Vitenskapsteoretisk bakgrunn

Som det går fram av målsettinga ved det kvalitative forskingsintervjuet i avsnittet ovanfor er utgangspunktet intervjuobjektet si subjektive oppleving og målet er å oppnå ei djupare forståing av meininga i enkeltpersonane sine erfaringar. Dette er også utgangspunktet for fenomenologien. Fenomenologien bygger på ei underliggende tese om at realiteten er slik folk oppfattar at den er, ei subjektiv kvardagsverkelegheit. Sentrale moment er at forskaren er open for erfaringane til informanten og at interessa vert sentrert rundt fenomenverda slik informanten opplever den (Thagaard, 2006). Hermeneutikken sin fremste teoretikar på 1900-talet, Hans-Georg Gadamer hentar nettopp mange av omgrepa sine, til dømes meining og forventning frå den filosofiske tradisjonen han står i, fenomenologien (Fuglseth, 2007).

Hermeneutikken betyr ”læra om tolking”, og er det sentrale vitskapsteoretiske fundament i kvalitativ forsking. Det sentrale er å fortolke utsegn for å få tak i ei djupareliggende meining der bodskapen må settast inn i ein samanheng eller heilskap (Dalen, 2004). I mitt arbeid med prosjektet vil eg i tråd med den hermeneutiske tradisjonen arbeide utifrå ein forståingsprosess gjerne referert til som den hermeneutiske sirkel eller spiral (Fuglseth, 2007; Gadamer 2003). Denne er karakterisert ved at ein oppnår ei djupare forståing gjennom ei vekselverking mellom heilskap og del. På denne måten har hermeneutikken har både ei induktiv og ei deduktiv tilnærming. Det er ikkje eit eksakt startpunkt eller sluttspunkt i denne sirkelen, men stadig auka innsikt i heilskapen og enkeltdelane. Føreforståinga er det sentrale utgangspunkt som vert lagt til grunn for å forstå meininga i denne vekselverkinga mellom heilskapen og enkeltdelane. Denne føreforståinga vil kontinuerlig vere i endring etterkvart som ein går djupare inn i den hermeneutiske sirkelen (Gadamer, 2003)

Denne filosofiske overbygginga vil seie at eg i arbeidet med prosjektet må vere tydeleg på mi føreforståing - denne vil bli gjort greie for i avsnittet der eg tar opp validitetsspørsmål. Samtidig er eg klar over at val av empiri, teori og utforminga av problemstilling samt tolking vil vere farga av mi førforståing av temaet. Med andre ord

vil mi forståing av til dømes kulturomgrepet, som utgjer ein del av bakgrunnen for oppgåva, vere av stor tyding for kva empiri og teori eg har valt å ta med meg i arbeidet med prosjektet. Eit anna og viktig element som eg må vere bevist er at informantane også har ei føreforståing i møte med meg. Det dei fortel meg er deira tolking. Eg må også ta høgde for at dei har eit formål, at det er ein grunn til at det fortel akkurat det dei fortel til meg. Eg som forskar går så inn og tolkar dette igjen. Det er dette Giddens, Duneier, & Appelbaum (2005) viser til som dobbel hermeneutikk.

Befring (2007) argumenterer for at det innanfor det pedagogiske forskingsfelt er store fellestrekk mellom postpositivisme og hermeneutikk og at ein kan sjå dette som komplementære tilnærmingar. Eg vil ikkje drøfte dette nærmare her men vise til at det innanfor postpositivistisk perspektiv vil vere viktig å søke data ved hjelp av mangearta og indirekte målingar, samt behov for repeterte undersøkingar og fleirmetodiske tilnærmingar (Befring, 2007). Det optimale for masterprosjektet ville vore bruk av fleire metodar, noko som diverre ikkje let seg gjennomføre grunna omfanget. Målet er likevel å gjennomføre prosjektet og skildre metode og prosess lik at det vil vere mogeleg for andre å gjere liknande studium. Slik vil det også vere eit postpositivistisk element i mitt vitskapsteoretiske fundament.

3.1.3 Grounded theory og hermeneutikk

Masterprosjektet mitt er som det går fram ovanfor vitskapsteoretisk nært knytt til hermeneutikken som filosofisk overbygging for arbeidet. Eg har samtidig også valt Grounded Theory som teoretisk tilnærming til dei kvalitative intervjua. Grounded teori verka som ein nyttig metode spesielt i forhold til at det fanst lite teori og empiri på området frå før. Dalen (2004) skildrar også eit Grounded Theory inspirert utgangspunkt for drøfting og analytisk tilnærming til datamaterialet som spesielt nyttig for kvalitative intervjustudie.

Ei tilnærming til materialet inspirert av Grounded Theory vil seie at det er informantane sine eigne oppfattningar og perspektiv som er utgangspunktet for analyse

og det blir eit ideal å møte empirien så opent som mogeleg. Kjernen i Grounded Theory er at utvikling av teori skal bli utleda frå det empiriske datagrunnlaget. Dette skjer ved hjelp av ein kodingsprosess som føregår gjennom ulike nivå. Eit viktig element i denne kodingsprosessen er systematisk samanlikning. Denne samanlikninga skjer ved at ein som forskar heile tida ser etter likskapar og forskjellar i datamaterialet og slik får fram variasjon. Dette skjer i ei vekselverking mellom heilskap, delar og heilskap. På bakgrunn av denne metoden er Grounded Theory også blitt kalla konstant komparativ analyse (Alvesson & Sköldberg, 2008; Dalen, 2004). Optimalt skal denne prosessen starte med tolking og analyse heilt frå dei første stega i innsamlinga av data og gjennom heile forskingsprosessen. Sentralt her er nedteikning av analytiske notat eller memos, som er refleksjonar forskaren gjer seg gjennom heile intervjugprosessen (Corbin & Strauss 2008). Eg vil skildre meir nøyaktig korleis eg gjekk fram i kodingsarbeidet mitt under analyse i forskingsprosessen.

Kombinasjonen hermeneutikk og Grounded Theory er likevel ikkje uproblematisk, då det er ein fundamental forskjell mellom hermeneutisk filosofi og Grounded Theory i synet på føreforståinga. Grounded Theory er empirisk ved at verden kjem til syne gjennom sanseerfaringar, og at forskaren ikkje let seg styre eller påverke av noko form for føreforståing. Det er ein induktiv tilnærming til kunnskap ved at ein samlar ”nøytralt” inn data og først under tolkinga vil plassere dataa ved å trekke inn eksisterande teori eller generere ny teori. Teorien som skal lyfte fram dataa skal komme til etterkvart i prosessen. Deduksjon kjem først i etterkant av analysen ved ei eventuell verifisering av framsett hypotese eller teori, som resultat av analysen (Alvesson & Sköldberg, 2008). Hermeneutikken kombinerer både induksjon og deduksjon i vekselverking. Føreforståinga er ein nødvendig føresetnad for å få fram meining og forståing i denne prosessen. Samtidig er føreforståinga ein føresetnad for at forskaren skal vite kva han ser etter under planlegging og datainnsamling. Rennie (2000) argumenterer for at Grounded Theory bygger på ein hermeneutisk forståing akkurat ved at prosessane som føregår i analyse og tolkingsprosessen har fellestrek til den hermeneutiske sirkelen. Slik eg forstår Corbin og Strauss (2008) utelukkar dei heller ikkje føreforståinga sjølv om dei ikkje nyttar omgrepene direkte, men dei

skildrar der ein større grad av samspel mellom forskaren og empirien. Utfordringa blir å sjå forbi litteratur, teoriar og eigne oppfattningar og ikkje sette seg fast i førefatta kategoriar og kjente problemstillingar innanfor feltet (Corbin & Strauss 2008 ; Alvesson og Sköldberg, 2008; Dalen, 2004).

Og det er med fokuset på å vere open for kva empirien fortel utan å vere for bunden av andre teoriar eg tolkar Grounded Theory og let meg inspirere. Eg vil likevel poengtere at eg ikkje brukar Grounded theory som heilskapleg metode, men som inspirasjon for mykje av arbeidet mitt. Førforståelsen og hermeneutikken vil vere sentral i arbeidet mitt, samtidig som eg freistar å ikkje misse empirien av syn og å sjå materialet mitt med friske auge. Arbeidet mitt vil vere inspirert av Grounded Theory ved at eg gjennom heile arbeidsprosessen har hatt som ideal at analysen og drøftinga av dataa mine skal vere utleda av det empiriske datagrunnlager, noko som er kjernen i Grounded Theory. Delar av teoridelen har dermed også oppstått parallelt med analyseprosessen etter kvart som behovet har oppstått. Eg har også nytta meg av dei ulike kodingsprosessane som er skildra i Grounded Theory, samt skrive memos under intervjugprosessen og som spelar ei sentral rolle i analysen. Problemstilling og forskingsspørsmål har eg og utforma i tråd med Grounded Theory ved at dei er opne og meint for å skape mest mogeleg rom for å studere fenomenet utan at eg festar meg i forutfatta kategoriar. Kombinasjonen Grounded Theory og hermeneutikk kan diskuterast og er på mange måtar ikkje foreinlege i si reindyrka form. I denne samanhengen meiner eg å funne ein kombinasjon som er teneleg i forhold til mi problemstilling.

3.2 Forskningsprosessen

Det er eit krav til at alle forskningsarbeid og studentprosjekt som behandlar personopplysingar at det skal meldast til Norsk Samfunnsvitenskapelig Datatjeneste, NSD. Prosjektet vart då vurdert som ikkje meldepliktig (vedlegg 1).

3.2.1 Utforming av intervjuguiden

Eit poeng i forhold til mitt val av metode var å få ei bredde i kunnskapstileigninga utan å få ei binding til ein bestemt teori eller til den etablerte problematikken. Alvesson og Sköldberg (2008) viser til at ein fruktbar måte å gjere dette på er å lære seg ein del om empiriske studie på det avgrensa feltet, i mitt tilfelle multikulturell eller fleirkulturell rådgjeving og foreldrerådgjeving, samt ei brei og kritisk lesing på generell teori som ikkje har direkte med det spesifikke området å gjere, men er meir grunnleggande innanfor feltet. I mitt tilfelle vart noko av litteraturen eg las ulike rådgjevingsperspektiv og sosialantropologi i forhold til kultur. Eg utarbeida så ein detaljert semistrukturert intervjuguide med overordna tema og mange forslag til konkrete spørsmål under desse. I samråd med rettleiar valte eg å forkaste denne intervjuguiden, til fordel for ein som var langt meir open. Denne intervjuguiden var også langt meir lik for rådgjevar og hjelpsøkar, og slik også eit betre verktøy for å samanlikne dataa i analysen (vedlegg 2 og 3). Målet med å gjere intervjuguiden opnare var å fram det som informantane verkeleg ønskte å snakke om, utan at eg la føringar, eller at eg lukka ein open kommunikasjon med å spørje spesifikke spørsmål om forhold som dei gjerne ikkje hadde reflektert over. Goodson og Numan (2003) framhevar at dess meir strukturert ein intervjustituasjon er og detaljerte spørsmål, dess større er faren for å misse verdifull informasjon. Med andre ord ville eg at informantane skulle få snakke om det som opptok dei og at eg i langt større grad skulle prøve å fange den gode historia og få tjukke skildringar knytt til meir overordna forskingsspørsmål (Dalen, 2004). Denne forma på intervjuet var også meir i tråd med prinsippa frå Grounded Theory, der det er viktig at samtaLEN er dynamisk og spørsmåla lite utarbeida på førehånd.

3.2.2 Val av informantar

Forskningsopplegget mitt ber preg av å vere eit pilotstudium med forskingsformål som tek sikte på å finne tendensar i formålstenlege miniatyrutval (Befring, 2007; Skogen, 2007). Eit formålsteneleg miniatyrutval for dette prosjektet vil vere at utvalet er

basert på visse kriterium – kriterieutval, mellom anna at informantane er uavhengige av kvarandre for å få best mogeleg bredde i materialet. Ved å bruke to informantgrupper, spesialpedagogisk rådgjevar og foreldre håpar eg ytterligare at eg konstruerer eit utval som evnar fange opp ulike nyansar (Dalen, 2004). Ei slik utvalsprosedyre er også inspirert av det som innan Grounded Theory blir skildra som teoretisk utveljing, ved å prøve å skape maksimal variasjon innanfor fenomenet for slik å betre kunne samanlikne og betre plukke ut einingar som avspeglar ulike dimensjonar (Dalen, 2004). Teoretisk utval er ein omfattande prosedyre og krev mykje av forskaren mellom anna god oversikt over feltet og erfaring i å sjå kva som skaper mest mogeleg breidde (Dalen, 2004). Teoretisk utval baserer seg også på å finne informantar etterkvart i analyseprosessen til ein når ei teoretisk metting i forhold til kategoriseringa. (Corbin & Strauss, 2008). Innanfor mine rammer vart ei slik utvalsprosedyre ikkje mogeleg. Som student har eg difor valt å basere meg på visse kriterium for å oppnå mest mogeleg breidde. Kriteria som eg skisserte opp for informantane mine var at foreldra skulle vere innvandrarar, og helst skulle dei skilje seg frå kvarandre med omsyn til etnisitet. Samtidig skulle dei vere eller ha vore i eit rådgjevingsforhold til ppt, der rådgjevaren i ppt skulle ha ein annan etnisk bakgrunn enn foreldra. Rådgjevarane i ppt skulle ha master eller tilsvarande utdanning i spesialpedagogikk, vere tilsett på eit ppt-kontor og ha erfaring med rådgjeving til innvandrarforeldre. I tillegg skulle informantane vere uavhengige av kvarandre, med andre ord ville eg ikkje intervjuje begge partar i det same rådgjevingsforholdet.

For å skaffe informantar tok eg kontakt med ulike ppt kontor som eg visste hadde erfaring med innvandrarforeldre. Leiar fekk utdelt eit informasjonsskriv (vedlegg 4) der eg kort gjorde greie for formål med prosjektet og kva samtalen ville dreie seg om og kor lang tid det ville ta. Leiar tok deretter kontakt med sine tilsette, delte ut informasjonsskriv og med spørsmål om å delta samt undersøke om det var innvandrarforeldre som kunne tenke seg å delta. Det skulle viste seg at mange avviste på grunna mangel på tid. I denne samanhengen hadde eg stor nytte av at ein leiar som var svært positiv til prosjektet og oppfordra sine tilsette om å delta. På denne måten meldte tre rådgjevarar seg og tre innvandrarforeldre, to mødrer og ein far. Alle

rådgjevarane var etnisk norske kvinner medan foreldra var frå Bosnia, Irak og Sri Lanka. Eg tok kontakt med desse via telefon, vi snakka kort om informasjonsskrivet og dei fekk høve til å stille spørsmål viss det var noko dei lurte på. Vi avtalte tidspunkt og stad for intervjuet.

3.2.3 Gjennomføring av intervjuet

Intervjuet med rådgjevarane føregjekk på ppt-kontora medan intervjuet med foreldra vart gjennomført på heime hos meg, på kafé og eitt heime hos forelder, dette etter informantane sine eigne ønske. Ved at dei fekk velje stad, håpa eg å oppnå større tryggleik i situasjonen. Rådgjevarane hadde spurt foreldre som ikkje hadde bruk av tolk i møte med ppt. Det vart derfor ikkje naturleg med bruk av tolk under intervjuet.

Eg begynte med å gjenta generell informasjon om prosjektet, sikre meg at dei følte seg trygge på å vere anonyme og at dei kunne velje å ikkje svare på enkelte spørsmål eller trekkje seg underveis. Dei fekk så utdelt ei samtykkjeerklæring som dei skreiv under (vedlegg 5). Opptaka vart gjort ved hjelp av ein mp3 spelar. Samtidig hadde eg penn og papir tilgjengelig. I etterkant av intervjuet skreiv eg kort ned observasjonar og tankar gjort underveis, memos. To av informantane, begge rådgjevarar, hadde meir dei ville fortelje når eg hadde avslutta opptaket. I begge tilfella vurderte eg det slik at det var nyttig informasjon og spurte om løyve til å få skrive det ned. Begge to samtykte til dette. Eg avslutta alle intervjuet etter om lag halvannen time.

Då eg ikkje hadde fleire informantar enn eg vurderte var nødvendig for å få ei viss breidde, gjennomførte eg ikkje noko prøveintervju. I staden transkriberte eg etter det første intervjuet for så å reflektere over eiga rolle og spørsmåla eg stilte. Eg vurderte det då slik at intervjuguiden fungerte, men at eg ville prøve å vere endå opnare og friare i forma ved neste intervju. Repstad (2007) poengterer at ein kvalitativ intervjuguide bør vere stikkordsmessig og at den bør justerast underveis etter kven ein snakkar med og justerast etter kvart som ein gjer fleire intervju. Dette gjorde eg underveis og slik fungerte alle intervjuet i prosessen med å betre meg i rolla som intervjuar og spørsmåla eg stilte. Ei utfordring i denne samanhengen var å halde meg

innanfor referanseramma slik at eg hadde mogelegheit for å samanlikne dei ulike utsegna.

Ei viktig rolle for meg som forskar var skape tillit, slik at informantane ville dele sine opplevingar med meg, slik at eg kunne få kjennskap til deira livsverden. Måten eg freista tilpassa intervjeta til kvar informant vurderer eg som ein viktig del for å skape ein open samtale. Samtidig er eg klar over at det er eg som forskar som legg prinsipp og strukturen for samtalen og på den måten er ikkje intervjeta ein samtale mellom likeverdige deltakrar, og at dette kan vere barriere for å komme fram til sann kunnskap (Dalen, 2004; Kvæle, 2007). Dette reiser mange av dei same problemstillingane som også knyt seg til rådgjevarrolla, om ein fullt ut kan forstå eller få kjennskap til ein annan person si livsverd. For meg i rolla som intervjuar vart det viktig å følgje grunnleggande humanistiske prinsipp ved å vere lyttande, open og støttande. Dalen (2004) vektlegg evna til å lytte, vise genuin interesse for det informanten fortel både verbalt og non-verbalt, samt vise anerkjennelse. Dette var også retningsgjevande for mi rolle som intervjuar. Eg tilstreva å la informantane få tid til å fortelje og på best mogeleg måte følgje opp det informantane mine snakka om og relatere det til problemstillinga mi. Som eg har skildra under metodeval er fokuset ikkje å vurdere mine funn opp mot teori, men å få innsikt i informantane sin røyndom og late det vere retningsgjevande for teori, analyse og tolking. Dette var eg tydeleg på overfor informantane mine og oppfordra dei til å fortelje mest mogeleg utan å vere redd for at dei gjekk utanfor mine rammer.

Eg ser i etterkant at eg generelt kanskje var litt for redd for å ikkje få svar på det eg søkte og sirkla meir rundt dei spørsmåla eg hadde skissert enn nødvendig og slik ikkje evna lytte nok til informantane mine og kva dei eigentleg sa. Dette kan skuldast mangel på erfaring og redselen for at eg ikkje skulle få gode nok data. Goodson og Numan (2003) skildrar det som eit kontrollbehov hos intervjuar og som kan føre til at det blir stilt for mange detaljerte spørsmål. På den andre sida kjente eg på ein angst for å krenke informantane mine, og torde i nokre tilfelle ikkje gå nærmare inn på planlagde tema. Likeeins var eg merksam på informantane sitt språk både verbalt og

non-verbalt og leidde samtalen inn på noko anna viss eg følte det vart ubehagelig for dei. Sjølvsagt kan dette ha svekka mine data. Repstad (2007) skildrar dette som ein vanleg begynnarfeil. Samtidig er dette ei stadig vurdering opp mot målet. Slik eg ser det i denne situasjonen vurderer eg det som teneleg då eit viktig aspekt for intervjuasjoner er at informantane opplever det som positivt og sit igjen med ei god kjensle. Kvale (2007) og Dalen (2004) framhevar også at ein nødvendig føresetnad for at intervjuet skal kunne nyttast i forsking er at det er ei atmosfære det informanten er trygg, føler seg vel og fortel fritt.

Teknisk gjennomførte eg intervjeta etter traktprinsippet ved at eg spurte generelt først og det eg vurderte som ufarlege, men nødvendige opplysingar. Dei meir inngåande spørsmåla og temaa som kunne vere vanskelegare å snakke om kom i midten, for å best mogeleg å hindre at spørsmåla vart ubehaglege. Til slutt avrunda eg med å invitere informanten til å komme med tilleggsutsegn eller ta opp tema som eg ikkje hadde spurt om. I utforminga av spørsmål fokuserte eg også på å stille spørsmål om same tema frå forskjellige vinklar for å få fram nyansar og avdekke ambivalens. Samtidig brukte eg ein del spørsmål av oppsummerandet type, forstår eg deg rett når du...? Er det slik at den viktigaste...?

I høve til metode og at studiet har form som pilotstudium vurderer eg at intervju forma som eg valte tente problemstillinga. Eg ser at eg har fått mykje informasjon og tjukke skildringar (Dalen 2004). For å gå ytterligare inn i materialet ville det eventuelt vere interessant å gjennomføre to studier. Den eine berre med foreldreperspektivet og den andre med rådgjevarperspektivet, i form av kvalitative djupneintervju, eller ei meir narrativ form.

Intervjeta vart tatt opp ved hjelp av mp3 spelar og kvar informant fekk kvart sitt lydspor. Eg transkriberte intervjeta alle intervjeta ordrett. Nyansar i språket markerte eg i parentesar undervegs. Totalt 60 sider transkribert rådata.

3.2.4 Analyse

Analysis: "A process of examining and interpreting data in order to elicit meaning, gain understanding, and develop empirical knowledge" (Corbin & Strauss, 2008, s.1) Først i analysearbeidet etter transkriberinga las eg gjennom den skrivne teksten for så å høye gjennom dei tilhøyrande intervjeta, utan å gjere noko form for markeringar eller understrekningar. Føremålet med dette var å "enter vicariously into the life of participants, feel what they are experiencing and listen to what they are telling us" (Corbin & Strauss, 2008, s. 163).

Deretter starta eg arbeidet med å kode og kategorisere materialet. Målet i denne prosessen er å bryte materialet ned for så å få ei samla forståing av datamaterialet (Dalen, 2004; Corbin & Strauss, 2008). Corbin og Strauss (2008), har følgjande definisjon av koding og kategorisering. "*Coding represents the operation which data are broken down, conceptualized, and put back in new, ways. It is the central process by which theories are built from data*" (Strauss & Corbin, 1990 ref. i Dalen, 2004 s. 69). Eg har i hovudsak nytta meg av dei ulike fortolkingsnivåa skildra i Grounded Theory som open, aksial og selektiv koding (Corbin & Strauss, 2008). Undervegs i analyseprosessen lytta eg ofte til intervjeta for å få med stemningar, toneleie og andre nyansar i dialogen som lett forsvinn i den skrivne teksten. Samtidig som eg las dei skrivne intervjeta og lytta til teksten, skreiv eg heile tida memoar, noko som er sentralt i analyseprosessen, jamfør Grounded Theory (Corbin & Strauss, 2008; Dalen, 2004). Her følgde eg rådet frå Dalen (2004) om å alltid ha ei notatbok med meg, denne følgde med gjennom heile analyseprosessen, desse vart viktige for å auke min eigen sensitivitet til materialet og viktig for vurdering av teorival og danning av mening i materialet.

Det første nivået i fortolkingsprosessen er open koding eller råkoding. Målet i dette første nivået i prosessen var å bryte ned rådata til mindre delar for å kunne identifisere idear og omgrep som går igjen i materialet for vidare koding og kategorisering (Dalen, 2004; Corbin & Strauss, 2008). Ein viktig del vart for meg her å formulere overskrifter der eg prøvde fange essensen i det informantane sa, samt

nokre forslag til kategoriar og tema. Parallelt med råkoding føregår ei aksial koding (Corbin & Strauss, 2008). Eg samanlikna og relaterte dei ulike omgropa til kvarandre. Med andre ord at eg freista gå bak orda og organisere delane i forhold til kvarandre. Ei slik form for koding er godt eigna til å skildre hendingar eller ein handlingsfrekvens (Dalen, 2004). I mitt tilfelle var dette til dømes koding av som rådgjevingssituasjonar som rådgjevar hugsa som spesielt bra.

Vidare freista eg samle trådane og ytterlegare konseptualisere, også referert til som selektiv koding. Målet er her å få ei overordna forståing i forhold til fenomenet som blir studert, i mitt tilfelle rådgjevingsprosessen og generere ny teori på bakgrunn av dataa som kom fram, med andre ord finne viktige dimensjonar i rådgjevingsprosessen (Dalen, 2004; Corbin & Strauss, 2008). Eg har likevel latt føreforståinga mi få større plass enn ved ei rein Grounded Theory-tilnærming ved å nytte den første intervjuguiden og samanlikne resultata med tematiseringa i denne og teori nytta for utarbeiding av intervjuguiden. Eg tok med andre ord ikkje høgde for uavhengig å generere ny teori ved å berre nytte induksjon, men ein kombinasjon av induksjon og deduksjon, nærmare bestemt abduksjon. Slik vil arbeidet i større grad vere ei vekselverking mellom teori og empiri lik den hermeneutiske spiralen. Samtidig har eg likevel i denne vekselberkinga hatt fokus på å vere sensitiv til materialet latt dette vere retningsgjenvande. Vidare har eg supplert med teori som eg vurderte var nødvendig for å løfte fram og drøfte dataa som kom fram.

3.3 Validitet og reliabilitet

Validitet og reliabilitet handlar om i kva grad undersøkinga er truverdig, og om resultata er pålitelege i forhold til forskingsmålet og den gitte konteksten (forskingsspørsmåla som blir stilt). I eit kvalitativt forskingsopplegg kviler undersøkinga si pålitelegheit på materialet og på forskaren sine refleksjonar, sjølvinnskilt og skjønn. Reabiliteten er ein føresetnad, men ikkje tilstrekkeleg for undersøkinga sin validitet. Utfordringa i ei kvalitativ undersøking er å få fram fyldige

skildringar frå informantane og systematisere dette på ein truverdig måte (Vedeler, 2000; Fog, 2004).

3.3.1 Validitet

I det følgjande har eg funne det nyttig å vurderer validiteten i mitt forskingsprosjekt utifrå fire av Maxwell (1992) sine fem kategoriar; deskriptiv validitet, tolkingsvaliditet, teoretisk validitet og generaliseringsvaliditet med unntak av evaluatingsvaliditet då målet ikkje er å evaluere funna.

Deskriptiv validitet er knytt til om innsamling og presentasjon av data er gjort på ein slik måte at det er minst mulig tvil om at det som blir skildra har funne stad og er korrekt gjengitt (Maxwell, 1992) For å heve den deskriptive validiteten har eg lagt vekt på tydelege omgrepssavklaringar samt gitt ut informasjon både skriftleg og munnleg for å gjere tydeleg målet med undersøkinga til informantane. Vidare har eg transkribert materialet ordrett etter mp3-opptak. Ved deskriptive skildringar av denne typen argumenterer Maxwell (1992) for ein intersubjektivitet ved at ein kan sjekke direkte mot datamaterialet. I forhold til foreldreinformantane vurderte eg det slik under intervjeta at alle hadde eit ordforråd som gjorde at det ikkje gjekk utover informasjonen. På den andre sida ser eg at ved å bruke tolk kunne informantane kanskje lettare fått uttrykt sine erfaringar og tankar på eige språk. Dette kan ha redusert kvaliteten.

Tolkingsvaliditet handlar om at det er informantane sine subjektive perspektiv som skal tre fram, og at det er samanheng og ei djupare meinings i materialet. (Maxwell 1992). Eg tok omsyn til dette ved å lage ein open intervjuguide som hadde nokre overordna spørsmål som vart stilt til alle men samtidig skulle legge til rette for at det ikkje var eg som hadde skissert tema som dei skulle reflekterer over men la stor vekt på at informantane skulle få assosierer fritt over desse overorda spørsmåla. Fokuset under intervjeta var at dei skulle få fortelje fritt om det som opptok dei utan at eg gjekk inn med kommentarar eller argumentasjon viss eg var ueinig. Der eg var usikker på meinings og for å avdekke ambivalens gjekk eg inn med tilleggsspørsmål.

Eit anna viktig element for å styrke tolkingsvaliditeten er tid, og gjerne å møte informantane fleire gonger for å få slik å auke openheita og tryggleiken i situasjonen. Dette hadde eg ikkje høve til.

Teoretisk validitet viser til om undersøkinga måler det den er meint å måle (Maxwell 1992). Målet med prosjektet var å få kjennskap til erfaringar og opplevingar i det fleirkulturelle praksisfeltet. Dette meiner eg at eg tok høgde for ved ikkje å lage spesifikke spørsmål utifrå tema som gjennom teorien kunne framstå som sentrale i rådgjevingsarbeidet, men la til rette for at informantane sjølv skulle få definere fokus. Det som dei eventuelt ikkje kasta lys over tolka eg som mindre vesentleg i deira oppleving av praksisfeltet. Alle gav uttrykk for at dei hadde fått sagt mykje og rådgjevarar gav tilbakemelding på at samtalen hadde bidrige til refleksjon over eigen praksis. Det som kom fram i datamaterialet var også samanfallande hos alle informantane på nokre punkt, og kan også knytast til aktuell teori på området, til dømes verdialliansar. Dette gir ein styrka teoretisk validitet.

Teoretisk validitet knyter seg også til forskarrolla. Kulturkompetanse min er ein del av mi føreforståing og har vore med å farge møte mitt og vidare tolking og forståing av informantane. Det andre som eg vil framheve ved mi føreforståing er knytt til mine individuelle personlege oppfatningar. Eg har gjennom studietida fått ei auka interesse for rådgjeving, og kva kultur kan tyde for interaksjonen. Dette først og fremst ved at eg skreiv semesteroppgåve med temaet rådgjeving og kultur samt at eg under lærarutdanninga mi studerte kultur tre månader på Sri Lanka. Eg har ikkje nokre sterke personlege oppfatningar i den eine eller andre retning, men med dette som bakteppe samt ei generell interesse for korleis vi som spesialpedagogar møter eit fleirkulturelt samfunn gjer at eg undrar meg over korleis multikulturell rådgjevingspraksis blir opplevd.

Generaliseringsvaliditet kan også refererast til som ytre validitet og handlar i kvalitative studie om i kva grad funna kan brukast som ei rettleiing for kva som kan komme til å skje i liknande situasjonar, med andre ord ikkje statisk generalisering men ei analytisk generalisering (Maxwell, 1992; Kvale, 2007). Det er rimeleg å tru at

denne oppgåva kan bidra med informasjon om korleis multikulturelle rådgjevingssituasjonar kan opplevast. Men samtidig er dette meininger som er avgrensa til eit lite utval, dei aktuelle informantane, og ikkje alle sine meininger. Funna er også produkt av intervjustituasjonen og kan vere påverka av mi spørsmålsstilling og interaksjonen mellom meg som intervjuar og informant. Av ulike årsaker som til dømes redsel for å vere diskriminerande kan informasjonen informantane valte å dele med meg ikkje vere representativ praksis. På den andre sida har eg tilstreva å skildre alle delane i forskingsprosessen nøyaktig her under også mi føreforståing. I framstillinga av materialet har eg spesifisert funna mine og synleggjort informantane gjennom sitat og eksplisitt argumentert mine tolkingar. Jamføre Kvale (2007), har eg då vonleg gitt tilstrekkeleg opplysingar til at leseren kan gjere seg opp ei mening om kor haldbar ei eventuell generalisering er, og generelt truverdigheita, og pålitelegheita i prosjektet.

3.3.2 Reliabilitet

For at undersøkinga skal vere reliabel krev det at innsamlinga av data skal kunne etterprøvast av andre. Dette er vanskeleg i eit kvalitativt forskingsopplegg då forskaren si rolle er ein viktig faktor og informasjonen som ein får, er påverka av mellom anna relasjonen som oppstår mellom forskar og informant og dei aktuelle omstendene. Eg har likevel freista styrke reliabiliteten ved å skildre dei ulike fasane i forskingsprosessen frå planlegging, intervjuguide, innsamling av data, analyse tolking og drøfting, samt gjort greie for mi føreforståing og refleksjonar undervegs. Element som kan ha vore svekkande for reliabiliteten er at intervjuguiden var såpass open og at eg var ein uerfaren intervjuar. Dette kan ha ført til at det kan ha vore uhensiktsmessig store skilnader mellom intervjeta. Samtidig støttar eg meg til argumentasjonen til Kvale (2007) ved at eit for stort fokus på reliabilitet vil kunne øydelegge kreativ tenking og variasjon ved til dømes å tatt utgangspunkt i ei meir strukturert intervjuform.

3.4 Etikk

Samfunnet stiller krav til at all vitskapleg aktivitet skal regulerast av overordna etiske prinsipp som er nedfelt i lover og retningslinjer. Innanfor spesialpedagogisk forsking gjeld forskingsetiske retningslinjer utforma av Den nasjonale forskingsetiske komité for samfunnsvitenskap, jus og humaniora –NESH (2006). Eg vil i det følgjande drøfte nokre av dei etiske utfordringane som eg opplevde mest utfordrande i arbeidet med oppgåva . Eit av dei overordna etiske prinsippa for å hindre at informantane kjenner seg krenka og at den personlege integriteten blir ivaretatt er at det er eit generelt krav til å innhente eit fritt og informert samtykke punkt 9 i NESH (2006). utfordringar knytt til dette prinsippet opplevde eg gjennom alle dei ulike fasane i forskingsprosessen, ved å tilknytte meg informantar, sjølve deltakinga, analysen, tolkinga og presentasjonen av dataa. Eg valte å ta kontakt med spesialpedagogar som jobba med hjelpsøkarar med innvandrarbakgrunn og spurde dei om dei kunne vere villige til å vere informantar og hjelpe til med å formidle kontakt med hjelpsøkarar. Med andre ord sjølvseleksjon. Samtidig var det ei utfordringar knytt til at informasjonen frå meg gjekk via ppt. Eg reflekterte over at samtykke til å delta kunne vere grunna i respekt for ppt, spesielt ville dette vere aktuelt for hjelpsøkarar som har kulturbakgrunn prega av respekt for autoritetar. For å løyse dette på best mogeleg måte var det viktig for meg å skildre prosjektet nøyaktig i informasjonen som vart gitt ut. Samtidig valte eg å søke etter foreldre som ikkje brukte tolk i rådgjevinga slik at eg kunne gå utifrå at dei hadde føresetnad for å tilegne seg informasjonen som vart gitt. På den andre sida rekna eg belastinga ved å delta i undersøkinga som ubetydeleg og at den potensielt har nytteverdi for gruppa. Befring (2007) understrekar nettopp at etiske omsyn i samband med empiriske prosjekt i særleg stor grad handlar å unngå belastingar for dei som deltar, samt vurdere dette opp mot nytteomsyn.

I denne prosessen vart det viktig at ikkje informantane kunne sporast til nokon bestemt rådgjevar, og at eg behandla materialet strengt konfidensielt og anonymiserte informantane. Dette først og fremst for å hindre å sette hjelpsøkarane i eit etisk dilemma i forhold til å kritisere eller utlevere eigen rådgjevar. Ved å velje

informantar som er uavhengige av kvarande vil eg også ta omsyn til at partane eventuelt ville halde tilbake informasjon av omsyn til kvarandre og eventuell redsel for at det kan skade vidare samarbeid mellom partane involvert i rådgjevingsprosessen.

Spesialpedagogisk rådgjeving handlar til ein viss grad om personlege eigenskapar og åtferd. Det var viktig for meg å klargjere at målet med prosjektet ikkje var å vurdere eller evaluere eksisterande praksis, men at det overordna målet var å få auka innsikta i kva som er viktige element i det multikulturelle møtet for å skape ein positiv rådgjevingsprosess. Dette opplevdes likevel som det mest utfordrande etiske dilemmaet for det vidare arbeidet med analyse, tolking og presentasjon dataa. Eg følte at eg var ærleg og reieleg i informasjonen eg ga ut og datainnsamlinga var prega av tillit og openheit, og eg fekk tilgang til informasjon om informantane si livsverd og sjølvforståing. Hadde så informantane rett til tolkinga av dataa? Innebar informert samtykke at informanten skal ha påverkingskraft i tolkinga eller ha rett til å trekke dataa når tolkingsresultatet ikkje samsvarer med informanten si forståing? Dei teoretiske perspektiva ein som forskar utviklar i forhold til dataa vil vere ei gjensidig påverking mellom forskaren si faglege forankring og mønster i dataa. Ved at ein som forskar ser informanten utanfrå vil høgst sannsynleg perspektivet vere forskjellig får informanten. Samtidig blir informanten sine erfaringar og opplevelingar sett inni ein ukjend samanheng som kan føre til at informanten ikkje føler seg forstått. Forskaren sine tolkingar kan opplevast som eit brot på tillit og vere både framandgjerande og provoserande(Thagaard, 2006).

Kvale (2007) viser til at det etiske forsvarlege her vil vere å markere eit tydeleg skilje mellom forskaren sitt eige perspektiv og presentasjon av den forståinga informanten har gitt av situasjonen. Dette har eg freista gjere ved å bruke direkte sitat som synleggjer informantane si stemme og slik tydleggjort kva dei har sagt og kva som blir mi tolking i drøftinga. Ei anna løysing hadde vore å tatt informantane med i tolkingsprosessen. Dette valte eg ikkje å gjere då eg ikkje var opptatt av ikkje å erstatte likeverdet som eg opplevde prega intervjuet med ein avstand grunna i

forskjellige perspektiv. Dei fekk likevel høve til å lese gjennom det transkribert materialet, noko ingen ynskte. Samtidig ville alle lese den ferdige oppgåva.

Metodelitteraturen diskuterer kven om det er forskaren eller informanten som har rett til tolkinga. Det er ingen enkle løysingar, men så sant tolkinga ikkje går utover informantane si sjølvforståing og informantane ikkje tek skade av å vere med i forskingsprosjektet bør ein kunne seie at det informerte samtykket ikkje treng innhentast på ny for tolkinga, men at eg er ansvarleg for denne. Eg tilstreva derfor i analysearbeidet å vere varsam med å konstruerer inndelingar og tema som kunne gje grunnlag for generaliseringar og påfølgjande stigmatiseringar (Befring, 2007). Eg har arbeidd mot ei nyansert teoretisk forståing, som freistar inkluderer både informanten si forståing samtidig som den gir plass for ei forståing som er relevant i fagleg samanheng.

4. Presentasjon og drøfting av empiri

”Kva opplever innvandrarforeldre og spesialpedagogiske rådgjevarar i ppt som viktige element/dimensjonar i ein positiv rådgjevingsprosess?” Eg vil drøfte informantane mine si oppleving av kva element i rådgjevingsprosessen som er viktig for at relasjonen skal opplevast som god og at rådgjevingsprosessen blir driven framover. Dataa bli presentert etter hovudtema som gjennom empirien har stått fram som viktige i rådgjevingsprosessen, desse har eg valt å omtale som dimensjonar. Empirien blir synleggjort gjennom informantane si stemme ved sitat. Sitata som vert nytta er valt for at informantane si stemme skal bli tydeleg, for å løfte fram sentrale element under dei ulike tema og danne utgangspunktet for vidare drøfting. Slik vil det vere ei vekselverking mellom presentasjon og drøfting gjennom heile kapitelet.

Fokus for denne undersøkinga har primært vore fasane i rådgjevingsprosessen som går forut og dannar grunnlag for handling. Som følgje av dette er heller ikkje dimensjonane i rådgjevingssamtalen vurdert utifrå om situasjonen blir betra eller ikkje, altså at rådgjevinga er vellukka i forhold til rådgjevinga sitt mål. Men kva som er viktig for at ein opplever at prosessen går i riktig retning. (Kokkersvold & Mjelv, 2003; Lassen, 2004). Likskap og ulikskap i måten rådgjevarane møter foreldra på vil bli drøfta opp mot foreldra sine synspunkt, på korleis dei opplever å bli møtt, samt korleis dei tenker det burde vere. Samstundes vil relevant teori bli drøfta opp mot empirien. Kategoriseringa av datamaterialet starta tidleg i forskingsprosessen og teoridel og analyse er utforma delvis parallelt. Det vart derfor naturleg at dimensjonane som utkristaliserte seg i analyseprosessen delvis går igjen både i teoridel og drøfting

Det vil ikkje bli brukt dialekt eller spesielle uttrykksmåtar i av omsyn til informantane sin integritet og anonymitet. Rådgjevarane blir referert til som R1, R2, og R3. Foreldra blir referert til som F1, F2 og F3.

4.1 Sentrale dimensjonar i rådgjevingssamtalen

Alle rådgjevarne legg stor vekt på ivareta dei grunnleggande ferdighetene som evne til empati, kongruens, positiv aktelse, audmjukheit og dempa entusiasme som Lassen (2004) refererer til som essensielle for å drive prosessen framover. Stikkord som alle rådgjevarane legg vekt på er å vere open og undrande. Det er likevel variasjonar i kva desse kjerneferdighetene som utgangspunkt utgjer i praksis for dei ulike rådgjevarane i møte med familiar med innvandrarbakgrunn.

4.1.1 Kunnskap om hjelpsøkar sin kulturelle bakgrunn

På bakgrunn av dei ulike definisjonane av kultur ser ein at det å ha konkret kunnskap om hjelpsøkar sin kultur nødvendigvis er vanskeleg og til dels umogeleg då alle til ein viss grad har ulik kultur. Samtidig er alle meir eller mindre like avhengig av bakgrunn. Slik er det mogeleg å ha ein viss kunnskap om dei ulike kulturane. Øzerk (2008) poengterer at dess større likskap det er i den kulturelle bakgrunnen til hjelpsøkar og rådgjevar, dess større er sjansen for at ein har den same forståinga av årsak og tiltak. Foreldra vil slik lettare akseptere råda som blir gitt. Sue et. al (1992) legg vekt på at det er viktig for ein kompetent rådgjevar å ha konkret kunnskap om den aktuelle kulturen til hjelpsøkar for slik å kunne utvikle kulturelle adekvate strategiar. Det er likevel sprikande syn på kor nødvendig det er med konkret kunnskap om kultur både utifrå eit multikulturelt perspektiv og eksistensialistisk perspektiv på rådgjeving (Sue et al., 1992; Toporek et al., 2004; Johannessen et al., 2005; Fjærtoft, 2006). Bør ein i tilfelle ha kunnskap om rådsøkar sin kulturelle bakgrunn er det ueinigkeit om denne kunnskapen bør vere noko som rådgjevar tileigner seg i forkant eller eit behov som oppstår i rådgjevingsprosessen. Måten rådgjevar skal tilegne seg kunnskapen på er også omstridd, bør det skje gjennom dialog med hjelpsøkar, eller bør ein vere forsiktig med å tilegne seg denne kunnskapen i rådgjevingssituasjonane (Fukuyama, 1994; Lee, 1999; Øzerk, 2008). Så i kva grad har kunnskap om hjelpsøkar sin kultur tyding for rådgjevingsprosessen mellom foreldre og ppt?

Denne variasjonen i synspunkt viser seg også i informantgruppa. Dette ved at R2 og R3 legg lite vekt på kunnskap om rådsøkar sin kultur medan R1 legg vekt på å ha eit minimum av kunnskap om kulturen til hjelpsøkar for å etablere ein god kontakt. Dette grunngir R1 ved; 1. for å etablere ein god kontakt må ein vise genuin interesse for kven dei er uavhengig av barnet og vansken. 2. kunne vere audmijk for deira perspektiv og vise ein anerkjennande holdning. 3. gjere familien meir forståeleg for seg sjølv og gjere seg sjølv meir forståeleg for familien.

For å vise at ein har genuin interesse for kven dei er og deira perspektiv legg ho til grunn at for sjølv å oppleve å ha genuin interesse for foreldra blir det viktig for ho å vite noko om kulturen i forkant, for slik for å vekke det ho kallar positiv nysgjerrigkeit i seg sjølv. Ho er likevel bevisst på at den kunnskapen ho tileignar seg i forkant nødvendigvis ikkje er tilfelle for den aktuelle familien. Slik er ho også bevisst på å ikkje kategorisere utifrå kultur "...en må samtidig vere open, ikkje ta utgangspunkt i slik og slik, da har en sperret kommunikasjonen" (R1) Det blir eit poeng å gå frå det generelle til det spesielle for den aktuelle familien. Ho spesifiserer at det ikkje treng vere mykje konkret informasjon kanskje berre litt om landet eller tradisjonar som ein lett kan finne på nettet. På same tid legg ho vekt på at ved å vite noko konkret viser ho familien at ho verkeleg er interessert i deira livsverden. Det er med andre ord relevante spørsmål grunna i verkeleg er interesse på bakgrunn av den kulturkunnskapen ho har tileigna seg. Ho argumenterer for at ved å vise ei genuin interesse for kven dei er, nærmar ein seg familien og barnet på ein måte som opnar opp for ein større grad av tryggleik og openheit i kontakten. Dette opnar også opp for at ein kan spørje andre spørsmål og foreldra i større grad torer å gje uttrykk for kva dei til dømes er redd for. Eller med hennar eigne ord;

"...å vise interesse for hvem de er...når du spør hvem de er så får du helt andre typer svar. Men du må vite noe...du har noen spørsmål å stille som er relevant og ikkje bare fordi jeg tror det er sånn...Det er ikkje sikkert det er den familien som det står om i leksikon, de kan vere noen helt andre. Men de vet ihvertfall at jeg har lært, lest om, sett bilder av landet så...at du rett og slett viser genuin interesse for de." (R1)

"etter kvart gjør du deg noen erfaringer som gjør at du begynner å undersøke litt...du finner ut at når du møter en Ugyrsk familie så er det 70 millioner mennesker her i verden og da blir du litt mer ydmyk". (R1)

Ved å ta utgangspunkt i kulturen opplever ho også at det blir lettare å nærme seg barnet og vansken på ein meir ufarleg måte ved å spørje om til dømes tradisjonar knytt til namneval. Samtidig blir ho ikkje verande i den kulturelle diskusjonen men signaliserer at det er barnet som er primærinteressa. Ved å nærme seg barnet på denne måten skildrar R1 at det blir enklare å få kjennskap til kjenslene til foreldra og det blir ein større grad av openheit. Det blir enklare å spørje kva foreldra er redd for eller dei sjølv bringar opp tema som ein elles ikkje hadde komme inn på, men som er av tyding for barnet og rådgjevinga. På denne måten kan ein også enklare avdekke, og gå foreldra i møte på eventuell skam og redsel for sosial diskriminering i forhold til at barnet treng hjelp.

For å etablerer kontakt legg ho vekt på eit minimum av kunnskap om foreldra sin bakgrunn og at dette dannar grunnlag for genuin interesse. Like viktig som at ho får kjennskap til foreldra blir det i involveringsfasen viktig at foreldra får kjennskap til hennar kultur. Det er her ein hårfin balanse mellom å vere personleg utan å vere privat. For å gje foreldra innblikk i hennar kultur legg R1 opp til ein dialog der ho aktivt kjem med refleksjonar knytt til hennar verkelegheit i form av små anekdotar som reflekterer liksskap eller ulikskap og dannar grunnlag for vidare dialog. Desse anekdotane blir også ein måte å vise empatisk respons på. Det blir viktig å finne liksskap som gjer at ein har fleire møtepunkt for det vidare samarbeidet samtidig som ein får diskutert ulikskap. Døme på utsegn kan vere *"det hørest fremmed ut for meg fordi eg har vokst opp mitt i en by...eller det hørest vidunderlig ut, kan du ikke fortelle mer om det?"*. Det sentrale blir som ho seier å gjere seg begripeleg overfor den andre både for ho som rådgjevar i forhold til foreldra og foreldra i forhold til ho. Dette dannar grunnlag for gjensidig respekt trass i ulikskap. På denne måten er ho her på linje med Brenna (2004) som fokuserer på at ein gjennom likskap gjer den andre sin ulikskap meir handterleg samt Toporek et al. 2004 sitt fokus på diskusjon kring å utforske og diskuterer liksskap og ulikskap. Fukuyama (1994) viser også til at der

foreldra var nøgd med rådgjevinga vart det lagt til rette for kulturelle diskusjonar og utforsking kring desse tideleg i prosessen.

Qureshi (2009) ser det som viktig at for å få kjennskap til den andre sin livsverden og fremme meistring må ein legge til rette for at familiene får fortelje si historie og korleis dei ulike sidene i livsverdene til familien verkar på kvarande. Kanskje er det nettopp det R1 gjer ved å opne opp for at foreldra får høve til å fortelje si historie; "*bli kjent med hvem de er, og ikke bare foreldre til et barn med det og det problemet*" samtidig som ho aktivt går inn med spørsmål knytt til deira livsverden mellom anna på bakgrunn av kunnskap som ho har tileigna seg i forkant av møtet og slik viser at ho er genuint interessert i dei og lyttar aktivt. Berre ved å ta utgangspunkt i foreldra sin livsverden er det mogeleg for ho å forklare sitt perspektiv og eventuelt perspektivet familien skal inn i, og den vidare rådgjevingsprosessen. Slik har R1 også ei eksistensialistisk tilnærming til rådgjevings ved at det er foreldra sitt perspektiv som blir retningsgjevande for den vidare prosessen.

Dei to andre rådgjevarane har eit noko anna utgangspunkt for å etablere kontakt. Det som blir framheva og som også R1 legg vekt på er at for å legge til rette for kontakt bør ein ikkje bryte kulturelle kodar knytt til klede slik at ein blir opplevd som upassande eller støytande i møte med familien. Med andre ord legg dei vekt på eit minimum av kunnskap i forhold til den nonverbale delen av kommunikasjonen som går på klede og som også mellom anna Øzerk (2008) og Qureshi (2009) framhevar.

Når det kjem til innhaltsplanet i kommunikasjonen vurderer dei kultur som så abstrakt og individuelt bestemt at dei ikkje har føresetnad for å vite noko om dei enkelte familiene framfor eit møte. Samtidig er dei bevisst på at kulturen kan vere meir eller mindre lik rådgjevar sin, men dei vurdere det ikkje som viktig å utforske dette nærmare i møtet for å kunne etablere ein god relasjon. Dei skildrar ikkje som R1 ar det blir viktig å ha kjennskap til kvarandre for å anerkjenne foreldra og opprette gjensidig forståing og respekt. Det viktige i involveringsfasen blir heller å anerkjenne foreldra utifrå foreldreeigenskapar og bygge verdialliansar lik dei Germundsson (2001) skildrar. R2 seier det slik; "...vi er alle foreldre og vil at barna våre skal ha

det best mulig". Vidare seier R2, "det er ikke den store kulturforskjellen på oppdragelse, det har ikke eg merket så tydelig...meir foreldre og foreldreegenskaper....de er genuelt interessert i ungene sine og at de skal få et best mulig tilbod". Dette vil bli diskutert nærmest under 4.2.1, verdialiansar. Utifra dette kan ein tolke at denne rådgjevaren ser på skilnader i oppdragning som årsaksgrunna i individuelle eigenskapar hos foreldra heller enn uttrykk for kultur. Både R2 og R3 har ei grunnleggande haldning til at kultur ikkje skal vere styrande for deira oppfattning og vil ikkje kategorisere ut frå kultur. På denne måten har dei begge eit eksistensialistisk fokus ved at dei opplever at persepsjonen er meir gyldig når ein ser eit menneske ut frå deira subjektive synsvinkel (Johannessen et al., 2005). For å etablere kontakt blir det viktig at foreldra får fortelje det dei vil. Slik kan ein tolke at dei også til ein viss grad legg opp til at foreldra skal fortelje si historie jamfør Qureshi (2009) sitt fokus på narrativer, og slik komme inn på kultur, men utgangspunktet for dette er heilt opent og utan utgangspunkt i kulturkunnskap som R1 legg opp til. Kultur blir med andre ord ikkje sentralt. Fokuset vert på individet sin livsverden uavhengig av kulturell bakgrunn.

I møtet ser R2 og R3 det også som vanskeleg å tilnærme seg den kulturelle bakgrunnen til foreldra. Begge skildrar at dette er vanskelege område å tilnærme seg og at dei er usikre på korleis dei skal møte foreldra og unngå å stille spørsmål som verkar lukkande for kommunikasjonen. R2 føler også på at det ligg barrierar om å snakke om kultur i møtet og slik kunne tilegne seg kjennskap til kulturen ved å spørje foreldra undervegs.

...ligger noen barrierer for å snakke om kultur, akkurat i same grad som det er barrier for å snakke med barn(R2)

...diskuterer det ikke...kanskje usikker på deres reaksjon og hva de synest om at eg tar borti det. Det er ikke sånn at de har en kultur i en koffert som de plukker med seg fra der, kan vi lese om på internett at alle de som kommer frå somalia de mener det og de, en frå somalia kan vere helt annerledes enn en annen...(R2)

Det kan virke som R2 og R3 til dels ignorerer kultur i møtet med innvandarfamiliar, noko som jamfør både Fukuyama (1994) og Duckert (2006) er uheldig og kan føre til

at foreldra går i forsvar og slik fører til misstolkingar av foreldra. Det er likevel eit bevisst val, og slik ser dei ikkje vekk frå kultur i møtet, men dei vel ikkje å gå aktivt inn i det, men at kulturen blir ein naturleg del av den totale livsverda. På denne måten kan det vere naturleg å tolke at dei gjennom aktivt å lytte til foreldra si historie også tileigner seg kulturkunnskap som dei tar med seg vidare i prosessen. Det som skil R2 og R3 frå R1 er likevel at R1 går meir aktivt inn for å få kjennskap til dei ulike sidene i foreldra si livsverd og reflekterer i større grad over korleis dei ulike sidene i livsverda til familien kan vere knytt til kultur verkar inn på heilskapen. Det blir gjennom heile prosessen ein dialog og drøfting på bakgrunn av dette og andre behov som oppstår undervegs i prosessen. R2 og R3 seier begge at foreldra skal få fortelje det dei vil sjølv. Det som blir lagt av føringar på samtalen er knytt til barnet og den aktuelle situasjonen til barnet. Familien sin bakgrunn blir ikkje tatt opp viss ikkje foreldra sjølv fortel om det. Vidare erfarer ikkje verken R2 eller R3 at dei har brukt eventuelt kulturkunnskapen som har komme fram i samtalen som utgangspunkt for drøfting i den vidare prosessen, men at den ligg der implisitt og legg føringar på korleis dei vidare vel å gå fram. R3 ”*av og til vite om det sånn at en vet hva etikette en skal oppføre seg innen*” Med andre ord kulturelt adekvate strategiar jamføre Sue et al. (1992) og Fukuyama (1994).

Ingen av foreldra hadde opplevd at rådgjevar eksplisitt gav uttrykk for at dei visste noko om bakrunnen deira. Dette er heller ikkje noko som dei forventa at rådgjevar burde ha. I kva grad rådgjevarane tilpassa rådgjevinga si og fann kulturelt adekvate strategiar kjem ikkje fram. Foreldra som deltok i undersøkinga opplever varierande grad av tryggleik og openheit overfor sin rådgjevar. To av foreldra gir uttrykk for ei viss usikkerheit i møtet, medan den tredje opplever i stor grad å vere trygg i møtet med rådgjevaren sin. Den av foreldra som uttrykkjer størst grad av tryggleik, opplever at rådgjevar har vist interesse for å høyre og forstå familien si historie og vore open og støttande til det som vart fortalt. Dei to som var mest nøgd med rådgjevinga opplevde at rådgjevar var interessert i å få kunnskap om kulturen deira i møtet noko som dei opplevde som positivt. Dei skildrar rådgjevarar som var interessert i å få høyre deira historie og som var aktive lyttarar. F2 oppfattar at

rådgjevaren viste respekt for dei akkurat ved å spørje etter bakgrunn. ”...*hun viste oss respekt ved at hun ville vite hvor vi kom fra, hun ville forstå vår situasjon og vite hva slags miljø ungen vokser opp i*”. Rådgjevar tar med andre ord ikkje utgangspunkt i noko konkret kunnskap om kulturen men tileignar seg denne ved at foreldra bidreg med informasjon i møtet, noko som vart opplevd som respektfullt og positivt for foreldra. Ein kan her slutte seg til at dei blir møtt av ein rådgjevar som er open og ønskjer å ta deira perspektiv og forstå dei utifrå deira subjektive synsvinkel som er ein av grunntesene for eksistensialistisk rådgjeving (Johannessen et al., 2005).

Sjølv om grunnlaget for ein dialog kring kultur vert lagt ved at ein lyttar og ynskjer å høre om bakgrunnen til foreldra er det varierande i kva grad denne informasjonen blir følg opp. Eit av forholda som blir framheva for at foreldra opplever tryggleik i forhold til rådgjevar er at foreldra får rom for å fortelje si historie, noko som er grunnleggande for einkvar rådgjevingssituasjon uavhengig av teoretisk bakgrunn. Men det som synast vere utslagsgivande for kontakten og tryggleiken jamføre foreldra i undersøkinga er responsen rådgjevar gir på det som blir fortalt. Den eine rådgjevaren blir opplevd som open og støttande til det som blir fortalt ved at det blir ein dialog med utgangspunkt i det som forelderen fortel. Den andre rådgjevaren er interessert i å lytte men let ikkje det som blir fortalt vere utgangspunkt for ein vidare dialog. F2 seier som følgjande; ”*Det var bare (om kultur) informativt sett...skulle gjerne diskutert mer....kanskje neste gang...*”.

Den forelderen som i størst grad gir uttrykk for å vere utrygg opplever at det ikkje blir gitt rom for at dei skal få fortelje si historie verken med utgangspunkt i å få kjennskap til kven foreldra er, eller med utgangspunkt i barnet og den aktuelle situasjonen. Det blir i staden eit fokus på ei problemforståing på bakgrunn av ppt sine eigne observasjonar og testar. Ein slik rådgjevingspraksis strider både mot både eksistensialistisk og multikulturelle tilnærmingar til rådgjeving. Desse foreldra får likevel høve til å fortelje si historie då dei gir uttrykk for dette behovet til rådgjevar, men på lik linje med F2 opplever foreldra at rådgjevar lyttar og seier at ho forstår, men at responsen uteblir, historia blir ikkje gripen fatt i, eller med andre ord

rådgjevaren har ikkje responsferdigheiter nok til å vise det. Døme på slike responsferdigheiter kan vere bruk av anekdotar, lik dei R1 nyttar og slik viser empati ved å relaterer det som blir sagt til rådgjevaren sitt liv. Heller ikkje opplever denne familien at rådgjevar har andre responsferdigheiter utover å seie at ein forstår. Denne mangelen på respons blir tolka som mangel på respekt for deira synspunkt og dei føler seg lite verdsett. Samtidig kjenner dei seg usikre i rådgjevingssituasjonen og usikre på om rådgjevar har forstått deira situasjon og generelt kva rådgjevar meiner om dei.

...hun sier at hun forstår...men forstår hva? ...Så blir det veldig liten mulighet til å korrigere ting som en oppfatter feil. Der ligger det største problemet sant. Viss jeg har lukket holdningar, meninger om deg eller andre så er den lukket så har andre ikke muligheter til å komme med kommentarer eller heller i allefall ikkje mulighet til å korrigerer det jeg har gjort feil eller... (F1)

Samanliknar ein rådgjevarane og foreldra sine synspunkt og erfaringar ser ein at kunnskap om hjelpsøkar sin kultur blir høgt verdsett frå den eine rådgjevaren si side både i forkant av møtet og undervegs, dette er grunnlag å kunne anerkjenne foreldra og for gjensidig respekt og forståing. Dei andre to følgjer i større grad eit eksistensialistisk resonnement ved at dei ikkje skal låse seg i førefattta kategoriar men vere opne i møtet. Foreldra på si side forventar ikkje at rådgjevar skal ha noko kunnskap om deira kultur men verdset at dei blir spurt direkte om bakgrunn og at rådgjevar er interessert i å forstå dei. Dette kan indikere at spørsmål om kultur eller bakgrunn er ein viktig del av samtalet for at foreldra skal føle seg respektert og at rådgjevar skal kunne ivareta ei terapeutisk haldning på ein forsvarleg måte i møte med innvandrarforeldre. Det kan likevel synast som det ikkje er nok å berre spørje men at ein må lytte aktivt og legge til rette for ein dialog kring det foreldra fortel. Det som er vanskeleg å slutte ut frå intervjuet med foreldra er om rådgjevarane tilpassa rådgjevinga etter kulturen dei kom frå. Men andre ord kan rådgjevarane som foreldra møtte ha hatt kunnskap om den kulturelle bakgrunnen utan at dei gav eksplisitt uttrykk for det. I kva grad det er viktig å ha konkret kunnskap i forkant av møtet er derfor vanskeleg å seie noko om.

4.1.2 Verdialliansar

Likeverd og partnarskap er ord som går igjen frå samtalane med rådgjevarane. For å fremme likeverd og partnarskap blir det lagt vekt på at ein som rådgjevar må fokusere på allmennmenneskelege verdiar som omsorga for barnet, og at ein vil barnet sitt beste. Ein har eit felles prosjekt i barnet uavhengig av kultur. På bakgrunn av ein felles verdi i barnet har ein noko felles som rådgjevar og foreldre og slik opplever ein å vere meir likeverdige. I involveringsfasen blir det avgjerande å gjere dette felles målet eksplisitt slik at foreldra kan stole på at dei vil det beste for barnet, samtidig som ein som rådgjevar uttrykkjer at ein har tiltru til at foreldra vil det beste for barnet sjølv om det kan vere skilnader i synet rådgjevar eller systemet og foreldra har på kva som konkret er barnet sitt beste i praksis. Dei er med andre ord opptatt av å bygge verdialliansar som Germundsson (2001) og Lassen (2006) ser som sentralt. R2 seier det slik; "...vi er alle foreldre og vil at barna våre skal ha det best mulig"

Vidare opplever R2 at det med dette utgangspunktet blir fruktbart å gå rett til oppgaven; skolen og det som er lærevansken. Ved at ein møter foreldra i barnet sjølve vansken opplever R2 at ein i større grad er einige.

Foreldrene er ofte veldig villig, fokuset er at barnet skal få det de trenger, de vil ikke la sin sorg eller frykt eller uenighet gå foran sånn at barnet ikke får det...De er veldig lydhør for hva mener du at barnet mitt mener du at det trengst for barnet mitt sant. (R2)

Samtidig opplever ho at det er lettare å få forståing og tillit for dei tiltaka ho vurderer som viktige ved å ta utgangspunkt i språket, då dette er noko foreldra kan relatere til seg sjølv, og er noko dei opplever er viktig i samfunnet. Slik kan ein seie at språket også til dels vert ein slik verdiallianse ved at ein er samde i at språket er viktig. Ved at foreldra først får ei forståing kring språket opplever ho at foreldra også er meir opne og har tillit til andre pedagogiske tiltak som ho vurderer som viktig at utifrå det norske skulesystemet og hjelpeapparatet. Det blir i liten grad lagt opp til diskusjonar om kva foreldra meiner er riktig for barnet. Ho seier følgjande om å ta omsyn til foreldra sin kultur:

tenkte mer over det i begynnelsen. Da var eg meir opptatt av at vi må vise respekt for kulturen og ja. Men etter hvert så er jeg kanskje blitt meir sånn atte, eg er ikkje så opptatt av hva kultur de har eller hva syn de har på dette, viss jeg mener at dette barnet må ha barnehage....så blir det viktigere for meg enn deres kultur..., har ikkje så myet tid i et lite barn sitt liv.

Ein mogleg måte å tolke dette på er at det ikkje blir lagt vekt på å forstå foreldra sine verdiar utover omsorga for barnet, kanskje fordi det ikkje er nødvendig for reint praktisk å sette i gang tiltak som blir sett på som det beste for barnet for at rådgjevar skal kunne ivareta sitt profesjonelle ansvar. Det handlar med andre ord ikkje om å fremme forståing for verken rådgjevar sine verdiar eller foreldra sine verdiar, men i praksis å få gjennomført ei konkret handling i forhold til kva ein som profesjonell ser som rett eller kanskje med andre ord det majoriteten i samfunnet ser som ”rett”.

Alle foreldra har tillit til at rådgjevarane vil barnet sitt beste og opplever ein sterk allianse med rådgjevar i at det er målet. F2 seier som følgjande; ”*alle vil se barna blomstre*”. F3; ”*De tenker på kva som er best for han*” To av foreldra gir uttrykk for at sjølv om dei ikkje er personleg einig i alt som blir gjort, stolar dei på at rådgjevar har kunnskap og kompetanse til å gje råd som vil føre til at barnet får det betre. Dei legg også vekt på at det er viktig at barnet tilpassar seg det norske samfunnet. Slik legg dei eigen ueinigkeit tilside fordi dei vurderer at rådgjevar har ein kunnskap som dei bør følgje sjølv om dei ikkje er einige eller fullt ut forstår kvifor. Den eine forelderen gir døme på val av barnehage som ei vanskeleg avgjerd å ta, og der dei følte seg usikre, men likevel valte å følgje rådgjevar fordi dei hadde tillit til at rådgjevar visste best. F2 seier det slik; ”*det er ikkje først og fremst respekt jeg er ute etter men at barnet skal få den hjelpen det trenger*”. Samtidig som foreldra stolar på rådgjevar sin kompetanse blir det framheva hos alle at det er dei som foreldre som kjenner barnet best og at dei set pris på å bli høyrt i forhold til kva dei meiner er dei beste løysingane. Sjølv om F2 nettopp seier at respekt ikkje er det viktigaste ved å få gjennomslag for sine ting opplever F2 likevel at dei gjerne skulle fått høve til å komme med forslag til løysingar og etterlyser dette. F3 opplever også at det å bli spurt om løysingar er noko dei opplever som viktig og positivt ved at rådgjevar

støttar dei, og at det fører til at F3 stolar meir på eigne vurderingar, med andre ord blir styrka i rolla som forelder.

R1 bygger også rådgjevinga på verdialliansen, felles omsorg for barnet og barnet sitt beste som mål. Ho vurderer det likevel ikkje som tilstrekkeleg å vere einige om barnet sitt beste på eit overordna plan og seier som følgjande; "*på de nære tinga er vi like, i omsorgen for barnet, eller sorgen over å få på et barn med en eller annen vanske, men kulturen ligger der i det ytre*". Ho utdjupar dette nærmare ved at det i praksis ofte vil vere skilnader i kva som blir oppfatta som det beste for barnet og dermed kva som er rett tiltak som til dømes barnehage. Det blir derfor viktig å forstå foreldra sitt perspektiv og kva verdiar som ligg til grunn for deira meininger. Derfor vektlegg ho i sitt rådgjevingsarbeid å i større grad å "*lytte etter hva foreldrene sier og vere med på, ta deres perspektiv.... og være undersøkende i kommunikasjonen...*" "*når det kommer familier fra andre kulturer så prøver en å høre litt etter*". Dette blir så utgangspunktet for ein dialog der målet er å fremje gjensidig forståing. Det blir så viktig å stille spørsmål ved kvarande sine verdsbilete og late dette vere ramma for samtaLEN, noko som spesielt Qureshi (2009) ser som vesentleg for meistring i arbeid med innvandrarforeldre. Samtidig legg også R1 vekt på at det ikkje alltid let seg gjennomføre å følgje foreldra sine ynskjer fullt ut både i forhold til norske lover og for at ho skal kunne ivareta sitt profesjonelle ansvar. Det blir likevel viktig å fremme ei gjensidig forståing ved å møte foreldra i kven dei er og ikkje berre i barnet og vansken. Klarer ein det ligg ofte mange av svare allereie der seier ho. Ved å få kjennskap til korleis dei ulike delane i livsverda til foreldra verkar blir det enklare å finne møtepunkt og også oppklare misforståingar og skape ei dialog samt forklare krava til foreldre i Noreg. Dette gjer at både foreldra og ho kjenner at tiltaka som vert sett i verk blir deira eigne, sjølv om utgangspunktet og dei bakanforliggande verdiane var forskjellige. Det viktige blir å skape forståing for kvarandre sin ulikskap samt finne møtepunkt og slik komme kvarandre i møte. Refleksjonar som også går igjen hos Germundsson (20019 og Brenna (2004).

4.1.3 Systemforståing

...viss det er noe som går igjen i gruppen kan det vere at de har vansker med å orientere seg i alle kontorer og lover og regler og hvem som kan hjelpe med hva og....(R2)

fortelle litt om systemene og ta på alvor at dette er mennesker som kan og vet (R19)

Å gje foreldra informasjon om systemet blir sett på som vesentleg for at foreldra skal kunne få tillit til systemet og forståing for rådgjevar si rolle noko som Germundsson (2001) og Holm (2001) også ser som vesentleg i arbeid med innvandrarforeldre. Ein del av dette vert mellom anna å avklare i kva grad systemet er knytt til andre system og hjelpe foreldra med å få oversikt over dei ulike instansane. ”*En strekker seg littegranne lenger kanskje, kan hjelpe de med å finne et telefonnummer eller hjelpe de med å ta en telefon, hjelpe de med språket eller ja, være en guide i systemet.*”(R2). Vidare utdjupar rådgjevarane dette med at det også blir viktig å ha oversikt og kontakt med dei ulike instansane som barnet er i kontakt med og slik kunne hjelpe foreldra med å ha oversikt over dei ulike systema dei er knytt til.

Rådgjevarane er svært bevisst på at ein uavhengig av kulturell referanseramme må finne ut kva erfaringar og forventingar foreldra har til systemet. Men at det blir ekstra viktig å gje seg tid i forhold til innvandrarforeldre då desse kan ha erfaringar frå heilt andre system og ikkje minst ha andre oppfatningar av korleis ting bør gjerast. Spesielt reflekterer R1 over at ein som etnisk norsk har ei felles referanseramme i forhold til at ein i stor grad kjenner til dei ulike systema og institusjonane og utifrå denne forståinga i større grad har ei felles referanseramme eller plattform å snakke utifrå og slik kanskje lettare forstår og kvarandre både med omsyn til korleis systemet fungerar og kva forventingar ein har. R2 seier som følgjande; ”*er litt fortvilet over posisjonen og vet ikke helt.....vet ikke hva de kan kreve av skolen...blir litt maktesløse*”. Nedau Mesham (2006) legg vekt på at ein må få avklara kva systemkjennskap foreldra har og i kva grad dei kjenner til liknande system. Øzerk (2008) poengterer at ein viktig del av å få kjennskap til foreldra si verdsoppfattning er at ein som rådgjevar går aktivt inn for å finne ut kva forventingar og erfaringar knytt til skule og ppt samt kva slags

erfaringar dei har med psykologar og pedagogar. Dette er med andre ord også eit fokus for alle rådgjevarane. Det som skil rådgjevarane sin praksis frå kvarandre er om dei gir informasjon om systemet først utan å høyre kva foreldra kan frå før, eller om det blir tatt utgangspunkt i det foreldra fortel og gitt informasjon utifrå det. Dei varierer også med omsyn til i kva grad dei aktivt går inn med konkrete spørsmål knytt til foreldra sine erfaringar, kunnskapar og forventningar til systemet og liknande system.

R1 ser det som vesentleg først å få kjennskap til kva foreldra kan. Ho seier følgjande; *"Det blir lettere å forklare vårt system når en først hører etter hva de sier...få deres forståelse for systemet og fortelle kva vi skal ha de med på i dette samfunnet og på denne skolen og denne barnehagen."* Ho er tydeleg på at det er to spørsmål som ho stiller knytt til systemkunnskap tidleg i rådgjevingssamtalen, 1. kva veit du om det som blir gjort her og 2, kva oppfatning har du av det? På bakgrunn av dette går ho aktivt inn og spør spørsmål om til dømes tidlegare erfaringar med likande system noko Øzerk (2008) framhevar som viktig for ein positiv prosess.

Dei to andre rådgjevarane R2 og R3 legg vekt på at dei ikkje skal begynne med å stille spørsmål, men gje ein objektiv skildring av kva ppt er, kva deira rolle som rådgjevar er og kva dei kan bidra med for å trygge foreldra og gje oversikt.

vet at mange har dyp respekt på en måte. At de synest det er skummelt å komme, det kan eg merke...at de ikkje helt forstår hva ppt og hva jeg liksom. Så avklarer jeg kva som blir min oppgave og da blir det litt unaturlig å gå tilbake til familien sant (R2)

forklarer litt tydelig hva ppt er før eg setter i gang(R2)

...Jeg begynner ikke med en gang å stille spørsmål, men forteller litt om ppt og min rolle og hvordan vi jobber. ...Så vanlig anamnese...de får lov å begynne å fortelle det de vil, så tenke eg kontaktetablering og det her på prøve å få en tillit og føle at en snakker ok i lag og ikkje blir utleverert.(R3)

Først etter at rådgjevarane sjølv har komme med informasjon, opnar dei for spørsmål og avklaring av kva forventingar foreldra har til kva ppt kan bidra med. Det blir så opp til foreldra kva dei eventuelt vil fortelje av tidlegare erfaringar . Slik er desse

rådgjevarane ikkje aktive i same grad som R1 i å hente ut denne informasjonen om foreldra sin livsverden. Dei grunnar dette i at dei ikkje vil spørje ut foreldra og er usikker på deira reaksjon til det. På same tid gir dei uttrykk for at det kan vere vanskeleg å vite kva informasjon dei ulike foreldra treng. ”...*jeg vet ikke hva de tenker om det norske hjelpeapparatet...*” (R3). Rådgjevarane viser alle til at dei ynskjer å møte foreldra med respekt; R1 ved å lytte ut foreldra og vere aktiv i spørsmålsstillinga, medan R2 og R3 meiner dei viser respekt ved at foreldra får fortelje det dei vil sjølv.

At rådgjevaren har kontakt med dei andre systema ein er involvert i synest også som viktig utifrå det foreldra fortel. Det blir viktig for foreldra at pp-rådgjevar har oversikt og at dei ikkje føler at dei som foreldre til ei kvar tid må finne ut av ting og orientere seg om kva som er barnet sitt beste. Slik eg forstår foreldra opplever dei at det at deira pp rådgjevar har kontakt med andre instansar, og til ein viss grad fungerer som bindeledd mellom dei ulike instansane opplevast som trygt og bidreg til at dei får tillit til systemet. F3 skildrar det på denne måten; ”*hun har masse kontakt med helsestasjon, fastlege og masse med barnehage... jeg er ikke nå bekymret*”. Dei to andre foreldra gir uttrykk for at dei hadde hatt større tillit til systemet og pp-rådgjevaren viss rådgjevaren hadde vist endå meir initiativ i forhold til andre instansar. Både F1 og F2 ynskjer at det var eit større samarbeid mellom til dømes barnehage og pp-rådgjevar. Samt at rådgjevar var meir aktiv ved å gje informasjon om kva ein som rådgjevar kunne tilby, og kva som var andre til dømes barnehagen si oppgåve. Til ein viss grad kan ein også tolke F1 og F2 slik at dei ikkje har oversikt over kva som blir gjort dei ulike instansane og slik opplever at det er eit mindre samarbeid enn det i realiteten mogeleg er. Ein kan spørje seg om dei då har fått tilstrekkeleg med informasjon om ppt. Som F2 seier, ”*vi fikk en brosjyre og hun spurte om vi hadde lest den, det hadde vi, ikke noe informasjon utover det*”. Foreldra refererer også hyppig til det barnehage eller skule har fortalt, og det kan synast som det er dei som i størst grad har avklart systemet som familien er ein del av. F2 poengterer også at ved at dei hadde fått meir informasjon om systemet hadde følt seg

meir involvert. Ved at dei ikkje klart har for seg rammene i systemet føler dei at dei står på utsida og ikkje er involvert i sjølve prosessen.

Rolleavklaring og forventingar

Rolleavklaring er eit anna sentralt stikkord knytt til informasjon om systemet. Noko av det første rådgjevarane legg vekt på er å få avklart kva rolle dei har som opprådgjevar og kva dei kan bidra med for å skape realistiske forventingar hos foreldra. Spesielt blir det framheva at det blir viktig å skape forventningar fordi foreldra kanskje ikkje har noko forventningar i utgangspunktet grunna i at dei ikkje har noko kjennskap til systemet. Ein del av dette blir også å gje dei informasjon om kva dei har rett til å krevje. Samtidig legg dei vekt på at det blir viktig å avklare kva krav og forventingar som blir stilt til dei som foreldre. Her er dei alle på linje med Daniels et al. (1994) som har identifisert nettopp rolleforståing som eit kritiske punkt i kommunikasjonen. Germundsson (2001) poengterer og at ein må vere open om kva forventingar og krav som blir stilt til foreldra i Noreg.

R1 legg opp til ein dialog og med utgangspunkt i det foreldra først har sagt, og er opptatt av at det kan vere kulturelle spørsmål som ein som rådgjevar har ansvar for å avklare i forhold til rolleforståing, noko Daniels et al. (1994) ser som avgjerande for at prosessen skal bli positiv. Slik eg forstår R2 og R3 tek desse utgangspunkt i å avklare eiga rolle og deira forventingar til foreldra før ein opnar opp for foreldra sitt syn. Duckert (2006) har framheva at ein som rådgjevar har eit spesielt ansvar i forhold til hjelpsøkarar med ein kulturell bakgrunn som er prega av respekt for autoritetar. Viss ein ikkje er bevisst dette og tar opp kulturelle spørsmål, kan det vere vanskeleg å avdekke slike forhold. Samtidig kan ein reflektere over at ein i møte med foreldre som har ein sterk respekt for autoritetar har vanskeleg med å få fram foreldra sine reelle forventingar og mål viss ein først sjølv har presentert sitt syn. Kanskje er det nettopp det R2 skildrar når ho seier at det er vanskeleg å så gå tilbake til familien, jamfør sitatet til R2 s. 64. Slik kan ein seie at det kan vere nyttig å først spørje foreldra om deira syn slik som R1 og så gå vidare utifrå det. Likevel, det er ikkje eit enten eller. Både R2 og R3 har opplevd og er bevisst på at enkelte foreldre har så stor

respekt for ppt og dei som rådgjevarar, at dei berre svarar på det som dei blir spurt direkte om. R3 seier som følgjande;

men det kan ha med kultur og autoritet å gjøre. Mens vi her i Norge snakker om likeverdige drøftingspartnere.... de kommer til en etat de ikke har kjennskap til og så nå skal vi vere likeverdige...dette må vi vere bevisst på.

Foreldra hadde meir eller mindre møtt rådgjevarar som var tydelege på kva rolle dei som rådgjevarar og ppt som system hadde. Det vart også lagt til rette for at dei fekk fortelje om kva forventningar dei hadde til rådgjevinga og kva ppt kunne bidra med, men først etter at rådgjevaren hadde avklart si rolle og forventingar. Dette samsvarer med praksisen R2 og R3, og noko som foreldra opplever som positivt. Pp-rådgjevarane foreldra hadde erfaringar med la ikkje til rette for å få kjennskap til erfaringar eller kva foreldra viste om liknande system frå før ved til dømes ved å stille aktivt spørsmål om dette. Det er vanskeleg å tolke utifrå dette om det eventuelt burde vore meir inngåande dialogar rundt kva dei kjente til av liknande system og deira oppleving av korleis hjelpeapparatet fungerer. Det er også vanskeleg å seie noko om foreldra hadde vore meir nøgd eller misnøgd med rådgjevinga om ein til dømes først hadde spurt foreldra om deira oppfatningar, for så å fylle inn med informasjon lik R2 sin rådgjevingspraksis.

4.1.4 Livsverda til hjelpsøkar

Alle rådgjevarane har som utgangspunkt at dei på best mogeleg måte vil få kjennskap til hjelpsøkar si livsverd. Men kva dei vurderer som viktig å ha kjennskap til i den andre si livsverd og av tyding for rådgjevingsarbeidet i ppt varierer. Øzerk (2008) legg vekt på at for at rådgjevar skal ha nødvendig multikulturell kompetanse må ein aktivt gjere ein innsats for å få kjennskap til hjelpsøkarane si livsverd og gi ulike døme på emne som ein må ta opp mellom anna symbol bruk, familien si rolle og om ein kjem frå kollektivistiske/individualistiske kulturar . Områda Øzerk (2008) viser til er emne som også vil vere naturleg å diskutere viss ein legg til grunn ulike verdirammeverk for samtalen som til dømes; "Cultural Orientation Framework"

(Kluckholm & Strodtbeck, 1961, ref i Fjærtøft, 2006). Det sentrale er å forstå og bli forstått og slik danne grunnlag for gjensidig respekt som er eit av utgangspunkta for ein positiv rådgjevingsprosess (Qureshi 2009). Ulike verdiar utgjer ein del av innhaldet i kulturen og dannar grunnlag for holdningar og normer som igjen er grunnlag for åtferd og evaluering av åtferd. Med andre ord kan det sjå ut som at det er naudsynt at rådgjevar tek ansvar for at ulike verdiar blir drøfta for at ein skal kunne forstå kvarandre sine vurderingar og handlingar og slik gje adekvate råd og møte foreldra med empati.

Spørsmålet er likevel om ein kan forstå den andre sitt perspektiv fullt ut. R2 og R3 meiner at dette er umogeleg. R3 seier som følgjande;

...og så har vi kanskje litt ulikt utgangspunkt og kanskje vil det alltid vere sånn. At en har et ulikt utgangspunkt. Men det er spennende. Og jeg prøver å sette meg inn i deres situasjon men det er helt umulig sant... (R3)

Som følgje av dette legg dei også mindre vekt på å legge til rette for ei gjensidig forståing ved å ta ulike element i foreldra sin livsverden opp til diskusjon. I staden legg dei som vist til tidlegare større vekt på ei felles verdiallianse i barnet.” *Så lenge en møter de i barnet er nesten alle interessert i å være*”(R2). Verdidiskusjonar utover dette blir sett på som vanskeleg og heller ikkje naudsynt i forhold til tiltak. R3 seier følgjande rundt det å diskutere tiltak; ”*å snakke sammen må vi jo kunne gjøre uavhengig av verdier*”. R2 meiner at det ikkje er så store forskjellar i synet på barnoppdragning, og at det derfor ikkje er naudsynt med ein nærmare diskusjon kring verdiar knytt til eksempelvis barneoppdragning. R2 gir også døme på kulturar der barnet ikkje er i sentrum, men at dette ikkje blir vesenleg når barnet har ein vanske. Barnet kjem då naturleg i sentrum, seier ho. Det oppstår likevel eit paradoks i synet på kor viktig det er med verdidiskusjonar. Samtidig som R2 seier at det ikkje er dei store skilnadane i barneoppdragning, seier ho at ”*forstår at mor og far har helt andre erfaringer, helt andre verdier for hva en barndom...men en har ikkje tiden til å vente å se en må bare*” ho udjupar dette nærmare ved til at det kan vere vanskeleg få foreldra med på at barnehage er eit godt tiltak. Ho seier at rasjonelt sett kan forstå at det kan vere forskjellar i kva verdi ulike kulturar ser i barnehage, men at ho ikkje kan

prioriterer å gå nærmare inn i ein diskusjon kring dette fordi ho må ivareta eit profesjonelt ansvar for at barnet skal få den nødvendige hjelpa. Samtidig seier R3 at ofte blir fokuset når dei ikkje forstår kvarandre, manglar i språket, men at det i realiteten gjerne ikkje er språket i seg sjølv som er problemet, men noko anna som er vanskeleg å definere. Ein kan undre seg over om det som R3 viser til er forskjellar i verdiar. Det kjem også fram at foreldra kan ha ulike årsaksforklaringar ved til dømes ulike former for skjebnetru. At barnet har vanskar kan då blir relatert til at det er ei straff som er pålagt familien og følgjeleg ikkje noko å gjere med, eller at det vil betre seg berre ein oppfyller dei religiøse pliktene betre. Dette skaper barriere for den vidare prosessen og einigkeit om tiltak.

Dette blir likevel ikkje lagt vekt på å gå nærmare inn på dette fordi det blir opplevd som vanskeleg, og at ein til dels manglar kompetanse til å gå inn i drøftingar på desse områda. Det knyter seg stor usikkerheit til kva tankar og erfaringar foreldra sit med og både R2 og R3 viser til at det er vanskeleg å spørje direkte om dette fordi det blir opplevd som for personleg og utanfor det som er relevant for oppgåva deira, samtidig som dei fryktar at det å gå inn i verdidiskusjonar kan virke støytande. ”*du merker noe i møtet men du vet ikke helt. Da tar jeg det ikkje direkte, nei. Det kunne eg nok sikker ha gjort her merker eg, men det føler jeg kunne blitt krenkende*” (R2) På bakgrunn av desse refleksjonane vel derfor både R2 og R3 å skildre sin rådgjevarstil som oppgåvefokusert. Det blir eit fokus på ein overordna verdiallianse i barnet sitt beste og oppgåva blir å få til tiltak utifrå kunnskapen og perspektivet som rådgjevar har om kva som blir barnet sitt beste. Samarbeidet vidare i situasjonar der ein ikkje klarer å skape ei forståing blir i hovudsak gjennom barnehage og skule. Foreldra blir følgjeleg lite involvert i den vidare prosessen utover at dei aksepterer at skule eller barnehage arbeider etter råd frå ppt. I enkelte tilfeller der heimen må vere meir involvert blir barnevernet trekt fram som ein partner som går i vidare dialog med foreldra kring verdiar som har tyding for oppdragninga.

Samtidig som rådgjevarane gjer desse vala er det likevel ikkje uproblematiske for dei. R3 framhevar at målet er å få foreldra så involvert i barna si utvikling som råd er.

Både R2 og R3 reflekterer over at usikkerheita og kanskje mangelen må kompetanse i korleis ein handsamar kulturelle skilnader/verdiskilnader fører til at det ikkje blir gjort ein god nok jobb; ”*men da blir det ikkje et godt nok tilbod for barnet når ikkje foreldrene er med...så samarbeider en kanskje med barnevernet,, sånn at de kan komme inn og veilede foreldrene tettere*”(R2). R2 viser til at det er lett for å bruke den spesialpedagogiske kunnskapen som eit skjold i staden for i større grad å tørre å vere medmenneske og undersøkande i kommunikasjonen.

man er usikker...at man bruker kunnskapen sin som et skjold foran seg, møter dem med fakta, det tror jeg nok man gjør uten at man...Det tror eg i allefall at jeg gjør det utan at man vil det, det var ikkje det eg mente, fordi man kanskje blir usikker og kjenner på ting i seg selv, da blir man saklig og profesjonell, men på en sånn upersonleg måte, det kan skje(R2).

For å kunne ha den nødvendige kompetansen er det kanskje nettopp kunnskap om kulturdimensjonar som til dømes den systematiske tilnærminga til rådgjevingsarbeidet som Deurzen-Smith (1988, ref. i Johannessen et al. 2005) foreslår vere verktøyet som hadde minska usikkerheita og gjort kommunikasjonen og dialogen lettare tilgjengelig. Ved å legge til rette for ein diskusjon kring til dømes dimensjonane den naturlege verda og den verdimessige verda ville ein fått kjennskap til korleis foreldra ser på årsaker og mogelegheiter for endring. Dette vil også kunne danne ei trygg ramme for at rådgjevar kunne diskutert sitt perspektiv, og slik fremma ei gjensidig forståing å bygge eit vidare samarbeid på. Holm (2001) vektlegg også at det er viktig i å få tak i foreldra si bekymring og korleis dei ville løyst det i heimlandet og at ein får ein open dialog om eventuelle skilnader for å bli einige om målet.

R1 viser også til at situasjonar der kommunikasjonen er tung, kan vere lett for å vere belærande og vite best, med andre ord å la den spesialpedagogiske kunnskapen vere det som ho møter foreldra med slik som R2 og R3 skildrar. Ho har likevel eit noko anna perspektiv på korleis ho ser på det å forstå foreldra. Dette ved at ho erkjenner at det i mange tilfeller ikkje let seg gjere å forstå fullt ut, men at det er hennar ansvar å legge til rette for ei så god gjensidig forståing som råd er for å få ein positiv prosess, noko som også er vesentleg for Quershi (2009). Ho seier følgjande; ”*dette med det,*

forstår vi hverandre. Ikke bare på et overflatisk nivå men er vi sammen om dette nå?” Ho viser til at ein må bruke tid på å finne det som ligg bak orda og vere open, nyfiken og undersøkande i kommunikasjonen. Ho reflekterer over at det blir viktig å gje seg tid til å få kjennskap og forståing til foreldra og få fram ulike sider i foreldra si verdsoppfatning og lik Holm (2001) poengterer, få tak i foreldra sine bekymring og korleis de ville løyst det i heimlandet. Andre dømer som ho trekker fram i livsverda som er vesentleg å få kjennskap til, er mellom anna personleg stil, symbol, tradisjonar og roller knytt til både familien og ytre forhold utanfor familien som kulturell historie. Spesielt ser ho det som viktig at ein klarer å ha ein metadiskusjon kring kommunikasjonsstil. Ved å vere open på korleis ho opplever språk og nonverbale signal som foreldra gir hindrar ein at det oppstår konfliktar fordi ein mistolkar den andre som til dømes aggressiv eller lite involvert. Personleg stil er også noko Daniels et al. (1994) har funne å vere ein kritiske faktor for interaksjonen mellom rådgjevar og hjelpsøkar.

Ho legg vekt på at ein må vere bevisst på at det trass i individuelle skilnader har færre felles referansepunkt når ein ikkje har vakse opp i den same konteksten og det blir større utfordringar i å forstå kvarandre verbalt og nonverbalt og følgjeleg vil det vere meir utfordrande at den hjelpa og støtta som blir gjeven blir forstått og akseptert. Det blir derfor viktig aktivt å gå inn for å få kjennskap til kva som ligg til grunn for foreldra sine vurderingar og handlingar. Slik fremme forståing, framfor til dømes å tillegge foreldra därlege foreldreigenskapar på grunn av manglande forståing. Ho er her inne på sentrale punkt i forhold til Hylland Eriksen (1997) og Øzerk (2008) sine perspektiv på kultur og Fukuyama (1994) sine funn på at manglande kulturell bevisstheit kan føre til at hjelpsøkar blir undervurdert eller misforstått. R1 ser som tidlegare drøfta det som vesentleg å tilegne seg kunnskap om den andre sin kultur og utveksling av kulturkunnskap for å fremme forståing. Vidare handlar det om å finne møtepunkt samt drøfte likskap og ulikskap, jamfør Brenna (2004), til ein endeleg har ein felles plattform eller problemforståing å arbeide utifrå. ”*Lytte ut...prøver å finne likhetspunkter, noen knagger å henge det på*” (R2). Det å ha ein felles plattform vil i mange tilfeller ikkje handle om å alltid vere einige ved å ha like verdiar, men ei

gjensidig forståing som til slutt fører til at ein blir einige om målet. Slik kan ho tolkast dit hen at ho legg opp til at det blir stilt spørsmål rundt partane sine verdsbilete og let dette vere ramma for samtalen, noko som Qureshi (2009) framhevar som sentralt. Samtidig er det også eit klart eksistensialistisk resonnement ved at ho let foreldra sine verdiar vere utgangspunkt for drøfting og retningsgjevande for rådgjevinga sitt mål.

F1 og F3 framhevar også at det kan vere forskjellar i verdiar som ligg til grunn for at samarbeidet kan vere utfordrande. Spesielt framhevar F1 at rådgjevar må ta initiativ til å få kjennskap til dei ulike aspekta i foreldra sin livsverden for å avdekke om det kan vere grunnar til at dei ikkje ser det som nyttig med eit samarbeid med ppt og skule og må vere meir aktive for å fremme forståing hos desse foreldra. F1 viser til andre foreldra med innvandrarbakgrunn som dei kjenner til og seier følgjande; "*det er ikkje alle kulturer som er åpen om det(at barnet har en vanske) De prøver å skjule så mye som mulig*" Vidare seier F1 at det kan vere ulike årsaksforklaringa som ligg til grunn for at familien ikkje er open for rådgjeving; "*Allerede i utgangspunktet så føler de at han kanskje blir bedre om to år ikkje sant.*" F3 viser også til liknande døme frå sin omgangskrets. Samtidig uttrykkjer F2 ei usikkerheit ved akkurat årsaka til at akkurat deira barn fekk behov for hjelp. F2 seier vidare at dette er noko dei ikkje har tort å ta opp med rådgjevar, men har spurt fastlegen om. I møte med meg leiter ho også etter årsaker ved å spørje meg om ulike handlingar kan ha ført til problema. Å vere usikker på årsakene til vanskane er sannsynlegvis ikkje noko som er spesielt for innvandrarforeldre, men tankar som truleg dei fleste foreldre kan slutte seg til/ gjer seg. F1 og F2 er likevel her inne på problemstillingar som Nadeu og Measham (2006) og Holm (2001) og Ingstad (2001) belyser ved at det kan ver årsaksforklaringar og løysingar som ikkje kjem fram eller blir skjult fordi dei skil seg får rådgjevar eller majoritetssamfunnet. Samtidig skildrar F1, jamfør avsnittet kulturkunnskap, ei usikkerheit i forhold til pp-rådgjevar. "*hun sier at hun forstår, men forstår hva?*" F1 etterlyser ein dialog kring korleis rådgjevar opplever dei som foreldre og ei større openheit i forhold til kva holdningar og meningar rådgjevar sit med. F1 etterlyser

også ein diskusjon som gjer det mogeleg både for dei som foreldre og rådgjevar å korrigerer det som ein oppfattar feil.

Gjennom intervjuet har temaet barnehageplass eller ikkje vore sentralt. F3 opplever at det er vanskeleg å overlate barnet til barnehagen og kjenner at dei er usikre ”*griner vil ikke at jeg skal gå...*”. Dei har likevel valt barnehage. Kanskje kunne ein ha dempa denne usikkerheita ved i større grad å gå inn i ein dialog kring verdigrunnlag og saman utforska ulike syn på kva som er samfunnet og familien si oppgåve jamfør Nadeu og Measham (2006) sitt fokus på utforsking.

4.1.5 Kulturell bevisstheit

R1;En må tenke gjennom sine egne holdninger til ting og passe på kor de e, ka skal vises. Eg kan godt vere kvinnesakskvinne, men eg trenger ikkje være det i et nært møte med en pappa når det dreier seg om et barn med vansker sant. Det er noe med å finne de arenaene der du skal eksponere de ulike tingene ved deg selv sant. Men etter hvert som du jobber med det blir det enklere, sant, viss du legger frå deg retselen for det ukjente for eksempel. Vi kan vere så tolerante så vi bare tror vi e, så er vi ikkje det. Men du legger litt sånn vekk det der etter hvert.

R1;Gjelder ikkje bare foreldre med innvandrerbakgrunn...at du møter deg sjølv i døren noen ganger og du blir utfordret på hvem du er og kva du tenker og. Du oppdager jo at du selv har holdningar som du ihvertfall ikke vil ha. Når du kjenner det langt inn i magen at, ...så tenker eg litt over det etterpå; hva var det som skjedde, hva var det eg gjorde, hvorfor følte eg meg angrepet i dette møtet eller kva var det med. Og det kan vere noe med at jeg blir utfordert på kvinnesyn for eksempel, sant...Men viss en har tenkt over det på forhånd...så må jeg ikkje utfordre dem så mye på det, det er ikkje det eg er her for. Men det går seg til og en merker at de er jo like redde som alle andre.

Meg; Tenker gjennom og bearbeider?

Ja, det tror jeg er viktig, hente noe ut av det som en kan ta med seg til neste møte. Det er på ting en er opptatt av selv en merker det”

R2; Vet jo kordan din egen kultur kan prege oss, det er ikkje sånn en tenker igjennom engang det er bare naturlig at sånn må det vere, mange ting ureflektert, helt integrert at sånn må det verer, sånn skal verden se ut sant. Så eg forstår jo kor vanskelig det kan vere

R3; Ein er jo sine eignefordommar nærmest tenker eg og...sånn er det. Og det er der en føler at den har noen idealiserte bilde av hvordan verden er og så er jo virkeligheten i det praktiske livet annerledes og når ikkje ting skjer som en har tenkt så griper en til det en har med seg sant”

R3; så har en noen tanker om det som en gjerne ikkje vil føle når en er i møte med det fordi det gjør noe med en...og i den grad en kan få litt annet påfyll, litt annet med seg så gjerne begynner du å møte verden på en annen måte sant...og det har både med fordommer og med kultur

Sue et al. (1992) belyser tre faktorar som er essensielle for å ha multikulturell kompetanse hos rådgjevar. To av desse går på bevisstheit ved at rådgjevar er bevisst eigne verdiar og kva misoppfattingar dette kan føre til i møtet med hjelpsøkar og bevisstheit kring hjelpsøkar sitt verdisyn. Samtidig har Toporek et al. (2004) funne viktig at hjelpsøkar får hjelp til å utvikle og auke sin bevisstheit kring kultur, mellom anna ved å konkretisere korleis kultur kan påverake persepsjonen og samspelet mellom rådgjevar og hjelpsøkar. Tar ein utgangspunkt i eit eksistensialistisk perspektiv på rådgjeving blir det også essensielt at rådgjevar sjølv har oppnådd å få klarheit i eige livs- og menneskesyn (Johannessen et. al, 2005) Som det kjem fram av sitata ovanfor er alle rådgjevarane bevisst på at dei i møte med dei ulike familiene har med seg holdningar som dei møter hjelpsøkarane med, og slik er dei bevisst på at eigne verdiar kan føre til misoppfattingar i møte med hjelpsøkar. Dei skildrar det som utfordrande å vere klar over kva som utløyser dei ulike kjenslene og ofte avdekkar ein ting ved seg sjølv som dei ikkje var klar over som dei arbeide med i etterkant av møtet. Dei er likevel veldig klare på at dei ikkje vil late seg styre av fordommars. Samtidig reflekterer dei over at det i praksis ikkje så enkelt å vere open og støttande når dei kjerner på ting i seg sjølv, spesielt gjeld dette ting som dei er spesielt opptatt av sjølv. På den andre sida er det på område ein er opptatt av sjølv der ein merkar skilnadane best, og slik betre er rusta for å handtere eigne kjensler. Dette er utfordringar som dei stadig reflekterer over i møte med hjelpsøkar og har ei høg bevisstheit kring. Ein kan også tolke dei slik at dei er aktive i å skaffe seg erfaringar også utanfor rådgjevingssituasjonen som gjer at dei aukar si forståing og ser verden med nye auge jamføre Sue et al. (1992) og Lee (1999). Dei skildrar det slik at etter kvart som dei får meir erfaring blir tryggare og torer å kjenne på det, og etter kvart

kan legge ting til sides for å møte hjelpsøkarane på dei nære tinga. Denne sida ved rådgjevarkompetansen skildrar dei alle som noko som stadig er i utvikling og essensielt for å ivareta dei grunnleggjane rådgjevarferdigitetene jamføre Lassen (2004). Dei er bevisst på at hjelpsøkar sine verdiar kan virke inn på relasjonen samt at det kan vere vanskeleg for hjelpsøkar å legge tilsides eigne holdningar for å skape eit godt samarbeid. Slik kan ein argumentere for at dei alle ikkje berre har ei høg bevisstheit til korleis eigne verdiar og holdningar verkar inn på relasjonen, men og korleis hjelpsøkar sine verdiar og holdningar kan verke inn (Sue et al. 1992).

Samtidig gir spesielt R1 uttrykk for at det blir viktig å kunne legge seg sjølv til sides og erkjenne at det er ikkje alt ein må vere samde om for at ein kan skape eit godt samarbeid i forhold til barnet og vansken. Det blir viktig å finne kva som er relevant å ta med seg frå det private livet og inn i den profesjonelle og institusjonelle konteksten. På denne måten viser R1 at ho også reflekterer over korleis ho skal sameine dei ulike kontekstane for å kunne opptre som ekte og genuin.(Toprek & Reza, 2001). Som det har blitt diskutert før i oppgåva blir ein del av denne refleksjonsprosessen å innhente kunnskap om dei ulike familiene sin kulturelle bakgrunn, jamfør R1, men som Sue et al. (1992) også argumenterer for er ikkje dette nok, ein må også møte og arbeide med den affektive sida. R3 viser til at det i samarbeid med kollegaer heile tida blir viktig å ta opp ulike kjensler som ein opplever, og at det blir viktig å trene på korleis ein handsamar desse gjerne i form av rollespel for å auke sjølvinnssikta og ytterligare bevisstheita. Både R2 og R3 er varsam med å ta opp dette eksplisitt, jamfør drøftinga i dei føregåande avsnitta, men ein kan tolke dei dit hen at dei i stor grad tenker over utfordringane og stadig ynskjer å utvikle sin rådgjevarkompetanse mot å vere meir sensitiv til både eigne og familiene sine holdningar og korleis desse verkar inn på interaksjonen.

Rådgjevarane reflekterer også over i kva grad dei metakommuniserer om kjenslene som oppstår i møtet med innvandrarforeldre. R2 og R3 synest dette er komplisert og viser til at dette er noko dei vanlegvis ikkje gjer. I situasjonar der det har vore aktuelt er det foreldra sjølv som har vore opne om det og tatt initiativ til det. *"har opplevd*

det noen ganger...men da var det far som tok tak i det på en måte” (R2). R1 er i større grad bevisst på at metakommunikasjon kring korleis ein opplever kvarande er viktig for å dempe konflikter og seier at dette ikkje er noko ho er redd for å gjere.

Det som også både R2 og R3 gir uttrykk for etter kvart i under intervjuet er at det kjennest godt å reflektere over utfordringar som dei møter i rådgjevingspraksisen knytt til innvandrarforeldre. Element som før intervjuet meir eller mindre har vore ubevisste blir no bevisste og R3 seier dette om å gå meir aktivt inn i dialog rundt holdningar og verdiar; ”*Nei vet ikkje, men kan vere litt vanskelig å nå fram sant. Har ikkje hatt noko inngåande verdidiskusjonar. Det har ikke vert noe som jeg har tatt opp. Det var kanskje en god ide, forsåvitt*” Vidare seier R2; ”*kanskje har vi ikkje bevegd oss nok ut i fra det, utenfor vansken eller barnet...merker at dette er noe eg kunne tatt mer opp her*”.

Det kjem i liten grad fram av intervjuet med foreldra i kva grad rådgjevar er bevisst eller ikkje bevisst i forhold til eigne og foreldra sine verdiar og holdningar. Det som likevel er sentralt frå foreldra si side er at rådgjevar viser anerkjennning og er audmjuk for foreldra sitt perspektiv. Ein del av det å vise ei anerkjennande haldning og vere audmjuk vil kunne tolkast som at rådgjevar må ha ei viss grad av sjølvinnnsikt og vere bevisst på korleis ulike verdiar og følgjeleg haldningar vil kunne innverke på relasjonen (Sue et al. 1992; Brenna 2004; Toporek et al. 2004). I den grad foreldra har opplevd å møte ei anerkjennande haldning og bli støtta i sitt perspektiv bør ein kunne anta at rådgjevarane er bevisst. Samtidig etterlyser F1 som vist til tidlegare at det blir tatt opp kva haldningar og tankar ein har om kvarandre. Med andre ord ein metakommunikasjon kring korleis ein opplever kvarandre som R1 argumenterer for. Det at rådgjevar vågar å ta initiativ til dette er noko som foreldra framhevar som viktig. Vidare kan det vere naturleg å slutte seg til at det er vanskeleg å skape verdialliansar viss ein ikkje er bevisst eigne verdiar eller at ein aktivt går inn og snakkar om verdiar noko som både Sue et al. (1992) og Brenna (2004) poengterer. Dette er og i tråd med eit eksistensialistisk resonnement.

Bevisstheit handlar, jamfør Toporek et al. (2004) ikkje berre om rådgjevar, men også om å gjere foreldra bevisst på kva eventuelle kulturelle skilnader kan ha å seie for relasjonen. Med andre ord krev dette ei form for metakommunikasjon kring kunnskap, verdiar, førestillingar og verdsbilete som ofte blir referert til som kultur, det handlar om å samtale om dei kulturelle kodane som gir dei sosial samhandling, språk og symbol meaning (Hylland Eriksen, 1997; Øzerk, 2008) R1 som vist til tidlegare meiner det er viktig å samtale om dette for å fremme gjensidig meaning og forståing. Slik eg tolkar ho er det også element av undervising i rådgjevingsprosessen ved at ho til dømes gjer rådsøkar merksam på at når du som forelder gjer slik og slik opplever eg som rådgjevar at du er aggressiv. Vidare kan ho relatere dette til forskjellar i kultur, og ho legg til rette for ein dialog eller diskusjon kring ulike måtar å kommunisere på. Samt eventuelt korleis dei ulike utrykksformene blir opplevd emosjonelt i lys av den kulturelle bakgrunnen. R2 og R3 legg ikkje til rette for dette med unntak av når hjelpsøkar sjølv tar initiativ til det. Det blir dermed ikkje lagt opp til ei bevisstgjering hos foreldra, då det er situasjonar der foreldra allereie er bevisst kulturelle utfordringar som er utgangspunkt for drøftinga.

Historisk bevisstheit

Det som også blir framheva frå rådgjevarane si side er at det blir viktig å vere klar over eiga historie både privat, profesjonelt og institusjonelt. Dette ved at familiane kan ha negative erfaringar med hjelpeapparat som spesialpedagogar og psykologar og at dette er noko ein må vere sensitiv for i møtet. I enkelte tilfeller blir dette nødvendig å ta opp og møte dei på eventuell frykt og skam, for så å kunne definere eit nytt samarbeid. R1 ser det å vere bevisst på eiga historie som tidlegare praksisar og holdningar i det norske samfunnet som eit viktig verktøy for å fremme forståing og dempe ulikskap og gjennom dette anerkjenne foreldra sitt perspektiv sjølv om det ikkje samsvarer med det som er gjeldane holdningar i dagens samfunn. Mellom anna gir ho døme på ein familie som hadde eit barn med down syndrom som no skulle begynne på skulen. Dette barnet var over skulealder, men hadde aldri gått på skule. Etter kvart kom det fram at foreldra hadde vanskar med å forstå kva utbytte dette

barnet hadde av skulegang. For R1 vart det viktig å synleggjere at ho forsto at dette ikkje handla om at foreldra ikkje ville det som var best for barnet, men at dei var ein del av eit anna system. Mellom anna kunne foreldra fortelje om at barnet hadde vore heime med bestemor og vore ein viktig del av aktivitetane i hushaldet. For å minske forskjellen relaterte ho deira syn til tidlegare praksis i Noreg, ved å fortelje at det heller ikkje var vanleg at born med down syndrom i Noreg gjekk på skule for kort tid tilbake. Slik signaliserte at ho forsto deira perspektiv. Samtidig som ho introduserte dei for sitt perspektiv, og kva skulen kunne tilby. Slik opplevde ho at ho evna å møte foreldra med ekte forståing og skape eit møtepunkt i at ein ikkje var så ulike og heller ikkje trengte å vere skamfull over eige syn.

4.1.6 Meistring- empowerment

Foreldra i undersøkinga uttrykkjer alle ei klar forventing om at dei treng råd og rettleiing i forhold til si rolle som foreldre. Som det har komme fram tidlegare er foreldra blanda i si oppfattning av i kva grad dei opplever atrådgjevingsprosessen har vore positiv. Likevel, uavhengig av om dei opplever at dei er blitt styrka gjennområdgjevinga dei har fått, skildrar dei alle eit ynskje eller ei forventing om at dette er noko av det mest sentrale for heilerådgjevinga. Det som vert framheva er at dei skal meistre situasjonen og føle seg styrka i foreldrerolla. F1 seier som følgjande; ”*Vi trenger veiledning...som foreldre...spesielt hvordan vi skal opptre i forhold til han (barnet)*”. F3 legg vekt på at det mest positive medrådgjevinga er at dei no føler seg trygge i foreldrerolla og at dei gjer dei rette tinga og at dei gjer nok for barnet sitt. F2 etterlyser at det er ein av tinga som dei forventar skal komme ut avrådgjevinga.

Rådgjevarane ser også det å fremme meistring hos foreldra som ein av dei mest sentrale elementa ved foreldrerådgjeving. Det blir viktig å styrke foreldra i foreldrerolla, slik at dei ikkje føler at dei er därlege foreldre, eller at barna deira ikkje er gode nok. Å styrke foreldra blir sentralt for å skape ein mest mogeleg likeverdig dialog og symmetri i forholdet. Som R2 seier ;”*Trekke frem det positive med barnet og foreldre uansett...det er kjempeviktig*”. Eller med R3 sine ord;

Gi de troa på at det er håp både for de og barna deres og i det heler tatt. En må vise at vi tror på de. Ja, empowerment og det er jo et godt begrep, masse fornuftig som ligger i det.

Rådgjevarane gir uttrykk for at det hos innvandrarforeldre kan vere ein tendens til at dei i utgangspunktet er redd for å bli stempla som dum eller at barnet deira er dumme og at det blir viktig å dempe denne redselen for at samarbeidet vidare skal bli fruktbart. R2 seier det slik;

virker som foreldrene av og til tror at de, at systemet, at de blir sett på som dum, men at de vet at det fungerer bra i andre situasjoner sant, ja. Tror ofte at de føle seg litt sånn urettferdig, eller at de må forsvar barnet sitt, men, ja.

Både F1 og F3 gir uttrykk for at dette også er tilfelle ved at F1 seier; ”*det er jo en utfordring å ta steget om å søke hjelp...følte seg litt sånn over - vår første barn trenger hjelp sant...vi er jo minoritetsspråklige og annen hudfarge*”. F3 seier at dei først var usikker på om det dei gjorde var gale og at det var deira skuld at barnet hadde vanskar. Utifrå dette blir det med andre ord viktig å styrke foreldra i rolla for at barnet skal få det betre. Foreldra opplever at det i denne prosessen er viktig at rådgjevarane viser initiativ til å ville forstå og vilje til handlig. Samt her hyppig kontakt med foreldra.

Som det har vore diskutert før i oppgåva er sentrale element ved meistringa at foreldra skal få fortelje si historie, forstå foreldra sin livssituasjon i ein kontekst, anerkjenne foreldra sine synspunkt og styrke eigenverdet (Bø, 1996; Germundsson, 2001, Ingstad, 2001; Lassen, 2006; Qureshi, 2009). Rådgjevarane gir uttrykk for at dette er sentrale element i deira rolle som rådgjevarar i forhold til alle foreldre, og at nettopp ved å fokusere på mellom anna systemforståing, rolleavklaring, kunnskap, verdiar og verdialiansar er viktige verktøy for å skape eit god rådgjevingsprosess som inneber å støtte foreldra og har som mål å og skape meistrande familiar. Det som verkar vere ein tendens er likevel at det er vanskeleg å vere open og undrande nok i møte med innvandrarforeldre fordi dei i ulik grad opplever å vere usikker. Og som dei seier sjølv, ein av dei viktigaste elementa i møte med foreldra er å vere trygg

i eiga rolle som rådgjevar. Opplever dei å vere trygge i rolla som rådgjevar opplever dei også at det blir enklare støtte foreldra og å gjere foreldra trygge.

4.1.7 Språk

Rådgjevarane framhevar at ei av hovudutfordringane i arbeidet med innvandrarfamiliar er språket. *"Jeg synest der er mest spesielt at du, ja ikkje er helt sikker på om du ja forstår eller blir forstått, heller ikkje når du har tolk med"*(R1). Det som rådgjevarane her trekker fram som sentralt er at sjølv om det er tolk tilstades er det ikkje sikkert at tolken er fortruleg med termar som er vesentleg i forhold til rådgjevinga. R2 trekker kaster lys over denne problemstillinga ytterligare ved ein far som sjølv arbeidde som tolk, men der kommunikasjonen var vanskeleg fordi dei ikkje forstod kvarandre grunna språkproblem. Generelt viser rådgjevarane til at det er vanskeleg tilgjengelig kommunikasjon i ppt og at språket er utfordrande om ein har med tolk eller ikkje.

Rådgjevarane viser også til at det er i mange tilfeller er vanskeleg å vite når ein treng tolk og når ein ikkje treng tolk. Ofte vil ikkje foreldra ha tolk fordi dei meiner at dei meistrar språket godt nok. I slike situasjonar opplever dei gjerne at nyansar i språket går tapt og kan føre til at det oppstår misforståingar. Det blir då ekstra viktig å vere undersøkande i kommunikasjonen for å vere sikker på at ein har fått fram rett meiningsinnhald. Dømer som blir gitt er at det kan vere heilt forskjellig kva som blir lagt i tre års skulegong, om det er ein gong i veka eller ein gong i månaden. Følgjeleg vil slik informasjon vere viktig for korleis ein vurderer barnet sine evner og eventuelle tiltak.

Samtidig er det vesentleg å få tak i kva som ligg til grunn for foreldra sine vurderingar og handlingar for å fremme forståing og hindre at ein som rådgjevar opplever å bli styrt av fordommar eller gjere feilslutningar knytt til eksempelvis gode eller dårlege foreldreigneskaper. Spesielt framhevar R1 at ulik årsaksforklaring lett kan bli skjult av nyansar i språket og at ein må vere bevisst på at ein må bruke tid og vere undersøkande for å få fram desse variasjonane. R1 viser også til ein situasjon

der tilvisninga bar preg av at barnet hadde vanskår som resultat av at mor hadde brukt medisinar i svangerskapet. Det som kom fram etter samtalar med foreldra var at det som dei meinte med medisinar var vitaminar, men dette kom ikkje fram før ein var undersøkande i forhold til å finne kva som låg bak orda. Det blir med andre ord viktig å vere undersøkande og bruke tid på ulike nyansar i språket.

Kulturoversettar

I litteraturen vert det framheva at det kan vere nyttig med ein tredjeperson gjerne i form av tolk som fungere som ein kulturoversettar mellom partane i rådgjevinga (Nadeu & Measham 2006). Ei slik rolle eller funksjon hos tolken kjem ikkje fram verken hos foreldra eller rådgjevarane. Det som i staden blir framheva er at foreldra sjølv kan fungere som kulturoversettar. Mellom anna seier R2 at ho har opplevd møte der mor og ho var totalt ueinige og ikkje fekk til ein dialog i det heile. I det aktuelle tilfelle som ho skildrar blir far ein kulturoversettar mellom mor og rådgjevar. Han hadde vore lenger i Noreg og slik forsto rådgjevar sitt perspektiv og mor sitt perspektiv. R2 skildrar det som at far vart ein meklar mellom henne og mor. Far vart med andre ord ein kulturoversettar, noko som Nadeu og Measham (2006) ser som essensielt for at rådgjevingsprosessen skal blir vellukka. Skilnaden mellom rådgjevarane er at R2 og R3 opplever er at foreldra blir kulturoversettarar når foreldra sjølv er opne og reflektererte over det og dermed tar initiativ til det sjølv. R1 tar kanskje i større grad høgde for at både ho og foreldra fungerer som kulturoversettarar for kvarandre ved å legge til rette for at både ho som rådgjevar og foreldra saman auka kunnskapen om kvarandre sine perspektiv. Kva som er mest formålsteneleg er vanskeleg å seie noko om.

Det som rådgjevarane likevel belyser er at det i enkelte situasjonar kan opplevast som om tolken går inn og rettleier foreldra på eige initiativ. I kva grad dette er forklaringar som er nødvendige eller ikkje, eventuell funksjon som kulturoversettar veit rådgjevarane ikkje noko om då dei opplever at dei blir utestengt frå kommunikasjonen. Rådgjevarane skildrar det derfor som ei utfordring å stole på at tolken forstår og at det er rett meiningsinnhald som blir vidareformidla begge vegar.

Ingen av foreldra i undersøkinga hadde brukt tolk i samband med rådgjevinga. Det som ein av dei likevel framhevar er at det for mange kjennest feil å ha med ein tolk som skal få kjennskap til deira vanskår. Det blir vist til at miljøet gjerne kan vere lite og ein ynskjer ikkje at nokon utanforståande skal få kjennskap til deira familie. F1 uttrykkjer det på følgjande måte;

Når du har språkproblem du føler det ubehagelig å ta inn en venn eller en annen som tolk eller brev og. Mitt barn er svakerer enn andre sant, eller har han noen problemer ikkje sant. Det er ikke alle kulturer som er open for det. De prøver å skjule så mye som mulig.

Den eine rådgjevaren hadde også inntrykk av at det kan ligge ting i kulturen som familiane ynskjer å skjule, og som ho ikkje har føresetning for å forstå, men som ein tolk med same kulturbakgrunn ville forstått, og difor vil ikkje foreldra involvere tolk.

4.1.8 I forkant av det første møtet- den første kontakten

Tida før det første møtet blir framheva som sentral frå to av rådgjevarane. Dei skildrar det som utfordrande å få komme så langt som til det første møte, å få tak i foreldra. På spørsmål knytt til kontaktetablering i rådgjevingssituasjonen sa den eine rådgjevaren følgjande "*Da går du ett skritt for langt, altså fordi i møtet. Altså det en utfordring å få tak i foreldre.*"(R3). Ufordringar med å få foreldre til å møte er erfaringar som også Øzerk (2008) framhevar.

Ulike årsaksforklaringer blir gitt til at foreldra ikkje møter. Grunnar som rådgjevarane trekker fram, er manglande systemkjennskap, og at foreldre ikkje veit kva som blir kravd av dei. Dei har heller ikkje har forventingar eller noko mening om kva ppt kan tilby. Den eine rådgjevaren skildrar tung kommunikasjon som resultat av dårlig språk, mangel på forventingar og krav frå foreldra. Dette kan resulterer i at saker blir trenert og at ein ikkje kjem i gang med rådgjeving så tidleg som ein burde. Løysningar som rådgjevarane trekker fram er tverrfagleg samarbeid. Eit betre samarbeid med skule som allereie har etablert ein kontakt med familien, blir nemnt som viktig. Dei viser også til at det blir arrangert temagrupper som innvandrarfamiliane blir invitert til. Rådgjevarane skildrar det som viktig å

synleggjere ppt og vise kven dei er for slik å skape realistiske forventingar og avklare misoppfattingar. Målet er å senke foreldra sin terskel for å møte opp til avtalar. Men dei etterlyser også ei større fokus på dette i systemet og fleire møtepunkt med foreldra. R3 *"burde i alle fall vært noen prosedyrer som sikrer at en får tak i de kjapt"*. Andre møtepunkt før møtet på ppt kontoret finn stad er noko som også Øzerk (2008) fremhevar som viktig for å avklare forventingar og fremje tryggleik og kontroll. Qureshi (2009) ser det også som sentralt å etablere samtalegrupper i innvandrarmiljøa for der å kunne ta opp sentrale spørsmål.

Foreldra som deltok i undersøkinga hadde alle fått informasjon om ppt i forkant av det første møtet. Denne informasjonen hadde dei fått tak i hos barnehage eller skule og fått tilvist barnet til ppt gjennom dei. Slik sett verkar det som om alle foreldra hadde ei klar oppfatning av at det var viktig å ha eit godt samarbeid med ppt. Det som likevel kjem fram under samtalen med meg er at den eine familien ikkje hadde møtt til dei første avtalane til ppt, fordi det skjedde ting i familien som gjorde at dette vart nedprioritert. Prosessen vidare etter denne starten opplever foreldra som svært vanskeleg, og dei føler seg lite respektert fordi det i ettermat har vore lite rom for at foreldra får fortelje si historie og dei føler ikkje at dei når inn til rådgjevar med informasjon om barnet og kva dei som foreldre treng. Det som blir fokusert på ved dei neste møta er ppt sitt arbeid og barnehagen sitt arbeid. Om denne mangelen på kommunikasjon skuldast at rådgjevaren har fått eit inntrykk av at fordra er lite involvert grunna at dei ikkje møtte til dei første avtalane eller andre forhold, kan ein ikkje seie noko om. På bakgrunn av det rådgjevarane har fortalt og Øzerk (2008) kan ein likevel undre seg over om forholdet mellom rådgjevar og foreldre hadde vore slik viss dei hadde møtt til dei første møta.

5. Konklusjon - avsluttande refleksjonar

“Kva opplever innvandrarforeldre og spesialpedagogiske rådgjevarar i ppt som viktige element i ein positiv rådgjevingsprosess?”

I det følgjande vil funna bli oppsummert og ytterlegare omgrepsfesta. Det vil også bli refleksjonar kring vidare arbeid.

5.1 Partner versus ekspert

Det synast vere ein tendens i materialet at rådgjevarane ynskjer å legge til rette for rådgjeving som bygger på partnarskapsmodellen. Det som likevel synest vanskelig er å legge til rette for diskusjon og utforsking som dannar grunnlag for ei felles forståing og ein plattform vidare der alle partane er samde om og ser mening i tiltak og mål. Utifrå utsegna til rådgjevarane kan det ei mogeleg årsak til dette vere at dei er usikre på kva som høver seg å ta opp i forhold til deira rolle og kompetanse. Dei gir også utrykk for ei usikkerheit kring kva kultur eventuelt har å seie for relasjonen og synest det er utfordrande å gå inn i diskusjonar kring kultur med utgangspunkt i den kompetansen dei har. Det blir også vist til at det er tidkrevjande å skape ei felles forståing om tiltak og at dette ikkje alltid er tid dei har i forhold til eit lite barn sitt liv. Eit resultat at av dette kan vere at dei lett tyr til ein praksis som går mot ekspertmodellen. Dei reflekterer over at det kan vere enkelt å la den spesialpedagogiske kunnskapen bli eit skjold som beskyttar dei mot å gå inn i diskusjonar som kan opplevast som vanskelege å konfliktfylte. Målet er å vere ein partner men i staden går dei inn i ei ekspertrolle. Spesielt synest dette vere aktuelt for R2 og R3. R1 er i større grad bevisst dette og freistar gå inn i diskusjonane. Ho viser til at om ein brukar litt ekstra tid å drøfte og samanlikne ulike ståstedar, livsverder og verdiar, vil løysingane komme og i det lange løp vil det vere til barnet sitt beste. Med andre ord; viss ein bruker lengre tid i involveringsfasen vil ein betre kunne finne

adekvate rådgjevingsstrategiar og tiltak. Gjennomføringa av desse tiltaka blir også betre ved at foreldra blir meir involverte.

Sjølv om ein følgjer ein partnarskapsmodell vil den profesjonelle kompetansen vere viktig. Foreldra i undersøkinga legg også vekt på at meir kunnskap til rådgjevaren er viktig. Men utifrå det foreldra fortel, kan det synast som det er berre F3 som har blitt møtt med av ein rådgjevar som i stor grad fått dei til å oppleve seg som partnarar i prosessen. Utifrå datagrunnlaget i denne undersøkinga er det likevel ikkje eintydige resultat som kan tolkast i retning av om ein i større grad ville opplevd å vere ein likeverdig partnar viss ein hadde fokusert meir på kulturelle spørsmål i rådgjevinga. Ein kan likevel slutte seg til at det er sannsynleg at kulturelle spørsmål vil kunne bidra til å betre relasjonen. Røkenes og Hanssen (2006) peikar på at ein betra relasjon vil føre til eit mindre kontrollbehov som igjen går i retning av ein partnarskapsmodell for rådgjevinga.

5.1.1 Kulturmøte versus profesjonell-ekspert

Det vil alltid vere ein viss grad av asymmetri i eit rådgjevingsforhold. Og som det blir vist til ovanfor er det eit mål for både rådgjevarane og foreldra å jobbe mot symmetri og likeverd i forholdet der partane føler at dei er involverte/delaktige og at deira perspektiv er viktige i prosessen. Det som synest vere ein tendens i materialet er at rådgjevarane i undersøkinga skil seg med omsyn til kva grunnholdning dei har til om dei plasserer rådgjevingsprosessen innafor kulturfeltet eller ikkje. To av rådgjevarane legg i stor grad vekt på det allmennmenneskelege og at forskjellar hos foreldra i større grad blir tillagt forskjellar i foreldreeigenskapar knytt til individuelle skilnader. Slik blir ikkje kultur tillagt så stor vekt. Det kjem likevel fram at det er utfordringar i møtet med innvandrarforeldre som kan knytast til kultur, og undervegs i intervjua kan det synast som om dette er noko dei blir meir bevisst på etter kvart som dei reflekterer over ulike rådgjevingssituasjonar. Men i hovudsak kan ein truleg slutte at det i større grad handlar om møte mellom ein profesjonell som skal ivareta eit profesjonelt ansvar i forhold til barnet. Det blir også vist til at ein ikkje har tid til å gå nærmare inn

i diskusjonar knytt til kultur fordi ein då ikkje får gjort det som ein meiner er det beste for barnet. Ein kan likevel spørje seg om ein tek i vare sitt profesjonelle ansvar ved å tone ned kulturaspektet ved at dei også gjev uttrykk for at det kan vere utfordrande å etablere ei felles forståingsramme for prosessen. R1 ser i større grad det å ivareta sitt profesjonelle ansvar også er knytt til det å ta opp kulturelle spørsmål. Ho har eit større fokus på at for å evne å møte hjelpsøkar der hjelpsøkar er må ein inkludere kultur. Med andre ord ser ho også møtet som eit kulturmøte som ho må ta omsyn til. Ved å bruke tid på dette opplever ho at prosessen vidare blir meir fruktbar og at ein gjerne ikkje bruker så mykje tid på den vidare prosessen ved at ein har ei felles forståing og pattform å jobbe utifrå.

Ein kan også tolke foreldra i retning av at for at dei skal føle at dei blir møtt med empati, anerkjenning, respekt og at ein skal fremme tillit blir det sentralt å også inkludere kulturelle diskusjonar i rådgjevingsprosessen. På same tid blir det framheva at rådgjevaren har ein meirkunnskap som dei treng. Det som blir viktig er kompetansen rådgjevaren har i forhold til barnet. Med F2 sine ord; ”*det er ikke først og fremst respekt jeg er ute etter...det som er viktig for oss er at barnet får den nødvendige hjelpen*”. Ein måtte å tolke denne forelderen på er at det ikkje er så å viktig å føle at ein blir respektert i forhold til kulturell bakgrunn så lenge ein har eit felles mål i det at barnet skal få det betre. Slik vil det i større grad handle om å få råd frå ein profesjonell som ein stolar på veit best snarare enn eit kulturmøte. Her er ein på linje med praksisen som R2 og R3 opplever som fruktbar. Med andre ord kan det synast som det å skape ein verdiallianse er svært sentralt for å skape den nødvendige tilliten i rådgjevingsforholdet. Ei mulig slutning av dette er at i praksis er normer og leverregler meir eller mindre like eller lettare å akseptere når ein har etablert ein felles verdi i barnet.

5.2 Utforsking og samanlikning

Trass i at rådgjevarane gjev inntrykk av at dei har ulik grunnholdning på korleis dei ser møtet som ein del av kulturfeltet eller ikkje, er dei alle opptatt av at det er

essensielt å finne det genuine i kvar familie. Foreldra på si side er opptatt av at dei skal få fortelje si historie. På denne måten blir utforsking av hjelpsøkar sitt perspektiv sentralt, men ikkje nødvendigvis med utgangspunkt i kultur. Det er berre ein rådgjevar som fokuserer på ei drøfting av likskap og ulikskap i perspektiv, dette gjer ho i stor grad ved bruk av anekdotar frå eige liv knytt til det foreldra fortel. Foreldra har heller ikkje møtt ein praksis som fokuserer på å drøfte likskap og ulikskap, men gir uttrykk for at dette kunne vore positivt. Både F2 og F3 viser til eit at viktig element for å fremme forståing og meistring er dialog gjennom at rådgjevar tar initiativ til å utforske kvarandre sine perspektiv. Med andre ord kan ein antyde utifrå datamaterialet at det er fruktbart å drøfte og samanlikne.

Utforsking og konfrontering av kjensler og eventuelle kjelder for konflikt er viktig både innanfor eit eksistensialistisk og multikulturelt syn på rådgjeving. Dette blir også framheva som viktig frå foreldra og rådgjevarane si side. Rådgjevarane reflekterer over at dei opplever kjensler og haldningar dei ikkje vil ha og at dette er noko dei er bevisst på og heile tida jobbar med. Det blir med andre ord viktig å auke sjølvsinnsikta for å utvikle sin eigen rådgjevingspraksis. Sjølv om dette er noko alle er bevisst, synest det vanskeleg ta det opp eksplisitt med hjelpsøkarane. Fokuset blir heller allmennmenneskelege verdiar uavhengig av kultur.

5.3 Å vere kultursensitiv

Jamfører ein dei ulike definisjonane på kultur som blir presentert i byrjinga av oppgåva kan ein slutte at det å vere kultursensitiv vil innebere at ein ikkje overfortolkar kvarandre med omsyn til kultur. Samstundes må ein vere open for at kulturen kan ha tyding for haldningar og åtferd, og at ein også må vere forsiktig med å forstå den andre berre utifrå individuelle eigenskapar uavhengig av kultur. Det kan synast som om det er ein tendens i datamaterialet at ein er usikker på denne balansegongen og at dei ulike praksisane i hovudsak tek utgangspunkt i individet for å sikre at ein ikkje blir styrt av førefatta kategoriseringar. Genuin interesse for familien er sentrale stikkord som går igjen i datamaterialet både hos foreldra og rådgjevarane.

For å kunne vise ei genuin interesse synest det å vere sentralt at rådgjevarane inkluderer kulturelle spørsmål og refleksjonar. Det som likevel synest utfordrande er korleis ein skal gjennomføre dette i praksis utan å oppleve at ein let kulturen vere styrande. Dette underbygger at det kan vere behov for større kompetanse om kva kultur utgjer i dei ulike sine liv og at ein kan ha nytte av å kjenne til ulike kulturelle rammeverk for samtalen jamføre til dømes Kluckholm og Strodtbeck (1961) sine kulturdimensjonar (Kluckholm & Strodtbeck, 1961, ref. i Fjærtoft, 2006). Ein evnar slik å møte alle likt uavhengig av kultur og all rådgjeving blir i sin ytterste konsekvens multikulturell. Her kan ein vise til argumentasjonen til Moodley (2007).

Bevisstheit, Kunnskap, Forståing og Respekt

Rådgjevarane har som drøfta tidlegare noko ulike utgangspunkt for utforskinga av den andre sin livsverden, mellom anna om ein bør ha kulturkunnskap eller ei. Kva dei legg vekt på i utforskinga kan knytast til dette synet. Med andre ord kva dei legg vekt på å utforske er resultat av kva dei ser som viktige element i den andre sin livsverden av tyding for rådgjevingsprosessen. Generelt kan ein forsiktig antyde at dess større grad ein har av bevisstheit i forhold til kva kultur kan ha å gjere for interaksjon, dess større er viljen og fokuset på å tileigne seg kunnskap om foreldra og eigen kultur. Dette kjem fram ved at R1 gjev uttrykk for ei høg bevisstheit og dermed er opptatt av kultur, medan R2 og R3 verkar bli meir bevisst under intervjuet, der dei gir uttrykk for at dei ser eit større behov for å inkludere kulturelle refleksjonar i sin rådgjevingspraksis. Vidare kan ein slutte av R1 sin rådgjevingspraksis at denne kunnskapen verkar fremme ei større gjensidig forståing som igjen gjer at ein lettare evnar å møte foreldra med respekt. Samtidig blir ein del av denne forståingsprosessen å legge til rette for at foreldra også blir meir bevisst eigne holdningar og dermed fremmar dette at foreldra også får ei større forståing for rådgjevar og respekt for eventuelle forslag til tiltak. I denne samanhengen kan ein også reflektere over at kulturen ikkje er statisk men også oppstår i samhandling. Med andre ord kan det vere nyttig å vere undersøkande i kommunikasjonen og saman auke den gjensidige forståinga. På den måten vil sannsynlegvis partane sine perspektiv bli endra

undervegs. Slik kan ein saman betre finne kva som er verdt å ta vare på i dei ulike sine kulturar og definere eit samarbeid utifrå dette. Sjølvinnssikt frå både rådgjevarane og foreldra si side er sentrale stikkord her. Det blir viktig å styrke foreldra med utgangspunkt i deira perspektiv og sterke sider, noko som underbyggjer at det er nødvendig å sjå rådgjevingsprosessen også som eit kulturmøte. Slik vil ein fremme forståing som igjen fører til at ein evnar gje den nødvendige støtta og for at foreldra skal bli styrka.

5.4 Avsluttande refleksjonar og framtidig arbeid

Rådgjevarane reflekterer over at foreldra må tilpasse seg normer og krav i det norske samfunnet men samtidig styrke foreldra ved å støtte og anerkjenne deira perspektiv. Utfordringa kan synast å vere at begge partar føler at dei får sin fram sine løysingsforslag og at rådgjevaren klarer å legge opp til ein dialog der begge partar får ei felles problemforståing og eit eigarforhold til tiltaka. Av drøftinga ovanfor kan det synast som sentralt å auke bevisstheita kring kultur og at ein i rådgjevingsprosessen har klart for seg at kultur er ein del av menneske sine holdningar og åtferd. Men ein må også vere bevisst på at individuelle aspekt er viktig. Det er ein stor vilje og engasjement hos rådgjevarane til å ville forstå hjelpsøkar og vere ein god rådgjevar. Men som det kjem fram er det stor usikkerheit knytt til møtet med innvandrarforeldre. Det er utfordrande å gå inn i kulturelle diskusjonar, og det blir gitt uttrykk for at ein har lite kompetanse om kva kultur kan utgjere for forholdet. Det kan virke som der er ein redsel for å vere stigmatiserande, og det blir framheva at dei ser skilnader og likskap uavhengig av kultur som fenomen. Det verkar vere mykje moral knytt til møte med innvandrarforeldre. Ein er redd for å opptre krenkande og utover sitt mandat. Foreldra på si side kan tolkast dit hen at dei set pris på at ein er aktiv i spørsmålstilling og opnar opp for refleksjonar og metadiskusjon kring kvarandre sin bakgrunn, kunnskap, verdiar, holdningar førestillingar og verdsbilete som ofte blir knytt til kultur. Det er likevel eit ope spørsmål om det å gå inn i desse diskusjonane fører til at kvaliteten på rådgjevinga blir betra slik at barnet får ein forbetra situasjon.

Eller med andre ord at rådgjevingsprosessen førte til ein forbetra situasjon. Dette var heller ikkje målet med oppgåva. Denne undersøkinga freista finne element som gjer at rådgjevingsprosessen blir driven framover og på best mogeleg måte blir opplev positiv for partane. På denne måten vil dimensjonane som er blitt drøfta tidlegare i oppgåva vonleg antyde kva som kan vere viktige element på vegen i prosessen for at ein skal kunne danne eit godt grunnlag for å kunne oppnå målet om ein forbetra situasjon for barnet og familien.

Eit tankekors i spesialpedagogisk rådgjeving er likevel om vi som spesialpedagogar har eit godt nok omgripsapparat og kunnskap nok om kultur og verdiskilnader til å evne å møte hjelpsøkar der hjelpsøkar er. I den rikhaldige rådgjevingslitteraturen er det lite å finne om kva kulturelle skilnader betyr i ein rådgjevingsprosess. Mykje av litteraturen og forskinga som er å finne, er knytt til det amerikanske samfunnet og omhandlar raseforskjellar og korleis spesifikke folkegrupper skil seg frå kvarandre og dermed kva ein må ta omsyn til utifrå dette. Dette har ikkje vore relevant utifrå mi føreforståing og kulturelle bakgrunn, og som eg har skrive i byrjinga av oppgåva, har eg lagt vekt på å bruke litteratur som ikkje bygger på multikulturalisme som ideologi. Arbeidet med denne oppgåva har gjort det tydeleg for meg at det multikulturelle praksisfeltet er noko som burde vore arbeid grundigare med. Korleis skal vi klare å vere kultursensitive eller bevisste viss vi ikkje har nok teoretisk kunnskap om kultur og slik kanskje ikkje vere klar over kvar vi kjem til kort? Ein positiv rådgjevingsprosess synest å innebere at ein saman gjennom dialog utforskar og konfronterer eventuelle kjelder til konflikt. Denne grunnhaldingen til samtalen som det essensielle er likevel ikkje kulturnøytral, men ein av kjerneverdiane i vår vestlege tradisjon (Moodley, 2007). Spørsmålet er om denne ”snakke kuren” er allmenngyldig. Er vi nettopp for lite kultursensitive ved å seie at dette er ein metode som eignar seg for alle berre vi tar dei rette omsyna og avklarer kor vi står i forhold til kvarandre? Er der behov for å utvikle teoriar som gir grunnlag for andre metodar?

På den andre sida er etnisitet den kulturmarkøren eg har sett nærmare på. Det som likevel blir framheva av informantane, er ein kanskje er likare enn vi tur, og at

normer og leverreglar kan vere like trass ulike verdiar. Det kan ofte vere enklare å møtest i korleis vi i praksis lever liva våre. Det blir framheva at det er store variasjonar innanfor innvandrargruppa, og at mange trass i etniske skilnader ikkje treng oppleve den kulturelle skilnaden så stor. Det som blir poengtert i denne samanhengen er at kulturelle skilnader knytt til klasse kan vere vel så utfordrande å møte, til dømes ulike utdanningsnivå hos foreldra. Dette er likevel ikkje innanfor denne oppgåva si ramme, men noko som kunne vore spanande å sjå nærmare på i eit vidare arbeid.

Kildeliste

- Alvesson, M. & Sköldberg, K. (2008). *Tolkning och reflection vetenskapsfilosofi och kvalitativ metod*. Denmark: Studentliteratur.
- Baxter, B., Hinson, R.E., Wall, A-M., & McKee, S. (1998). Incorporating culture into the treatment of alcohol abuse and dependence. I S.S. Kazarian, & D.R. Evans (red.). *Cultural clinical psychology*. New York: Oxford University press.
- Befring, E. (2007). *Forskningsmetode med etikk og statistikk*. Oslo: Det norske samlaget.
- Brenna, L.R. (2004). *Sangam*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Bø, I. (1996). *Foreldre og fagfolk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Carkhuff, R.R. (2000). *The art of helping in the 21st Century*. Amherst: Human resource development press, Inc.
- Coleman, H.L.K., Morris, D., & Noron, R.A. (2006). Developing multicultural counseling competence through the use of portfolios. *Journal of multicultural counseling and development*, 34, 27-37.
- Collins, N.M. & Pieterse, A.L. (2007). Critical incident analysis based training: An approach for developing active Racial/Cultural awareness. *Journal of counseling & development*, 85, 14-23.
- Corbin, J. & Strauss, A. (2008). *Basics of Qualitative research, techniques and procedures for developing rounded theory 3e*. California: Sage Publications.
- Dahl, Ø. (2001). *Møter mellom mennesker, interkulturell kommunikasjon*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

-
- Dalen, M. (2004). *Intervju som forskningsmetode- en kvalitativ tilnærming*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Daniels, J., D'Andrea, M., & Kim, B.S.K. (1994). Assessing the barriers and changes of cross cultural supervision “a case study”. *Counselor education and supervision*, 38, 191-204.
- Davis, H. (1995). *Rådgivning til foreldre med kronisk syke og funksjonshemmede barn*. Ved B. Kranstad. Oslo: Gyldendal.
- Duckert, F. (2006). Studentveiledning i et tverrkulturelt perspektiv. *Tidsskrift for norsk psykologiforening*, 43, 1333-1335.
- Dunn, T.W., Smith, T.B., & Montoya, J.A. (2006). Multicultural competency instrumentation: A review and analysis of reliability generalization. *Journal of counseling and development*, 84, 471-482.
- Fay, B. (1996). *Contemporary philosophy of social science*. Oxford: Blackwell.
- Fife, A. (2002). *Tverrkulturell kommunikasjon*. Oslo: Yrkeslitteratur.
- Fjærtoft, J.B. (2006). Gode kulturmøter: Refleksjoner fra en ikke norsk psykolog. *Tidsskrift for norsk psykologiforening*, 43, 1336-1341.
- Fog, J. (2004). *Med samtalen som utgangspunkt. Det kvalitative forskningsinterview*. København: Akademisk forlag.
- Fuglseth, K. (2007). ”Vitenskapsteori og hermeneutikk.” I K. Fuglseth & K. Skogen (red.): *Masteroppgaven i pedagogikk og spesialpedagogikk* (s. 256-271.) Oslo: Cappelens akademiske forlag.
- Fukuyama, M.A. (1994). Critical incident in multicultural counseling supervision: A phenomenological approach to supervision research. *Counselor education and supervision*, 34, 142-151.

- Gadamer, H.G. (2003). *Forståelsens filosofi. Utvalgte hermeneutiske skrifter.* Oslo: Cappelens forlag.
- Geertz, C. (1973). *The interpretation of culture.* New York: Basic Books.
- Germundsson, O.E. (2001). Mestring i møte med minoritetsetniske barn og familier. I B. Grøholt, H. Sommerschild, & I. Garløv (red.). *Lærebok i Barnepsykiatri.* (s. 367-374). Oslo: Universitetsforlaget.
- Giddens, A., Duneier, M., & Appelbaum, R.P. (2005). *Indroduction to sociology.* New York: Northon.
- Goodson, I. & Numan, U. (2003). *Livshistoria och professonsutveeling. Berättelser om läreres liv och arbete.* Lund: Studentlitteratur.
- Holm, M. Å. (2001). Barnepsykiatrisk arbeid med innvandrer- og flyktningbarn. I B. Grøholt, H. Sommerschild, & I. Garløv (red.). *Lærebok i Barnepsykiatri.* (s. 375-385) Oslo: Universitetsforlaget.
- Hostrup, H. (2003). *Gestaltterapi, indføring i gestaltterapiens grundbegreper.* København: Hans Reitzels forlag A/S
- Hylland Eriksen, T. (1997). Kultur kommunikasjon og makt. I T. Hylland Eriksen (red.). *Flerkulturell forståelse.* Oslo: Tano Aschehoug
- Håndbok for PP-tjenesten. (2001). Oslo: Faglig enhet for PP tjenesten, læringsenteret.
- Ingstad, B. (2001). Studiet av mestring – det antropologiske perspektivet. I Gjærum, B. Grøholt, & H. Sommerschild (red.). *Mestring som mulighet i møte med barn, ungdom og foreldre* (s.131-145). Oslo: Universitetsforlaget.
- Johannesen, E., Kokkersvold, E., & Vedeler, L. (2005). *Rådgivning, tradisjoner, teoretiske perspektiver.* Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Kierkegaard, S. (1964). *Samlede verker 1-20.* Ved A.B. Drachmann, J.L. Heiberg, & H.O. Lange. København: Gyldendal Nordisk Forlag.

-
- Kokkersvold, E., Mjelve, H. (2003). *Mellom oss, trening i kommunikasjon i gestaltperspektiv*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Kvale, S. (2007). *Det kvalitative forskingsintervju*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Lassen, L.M. (2004). *Rådgiving, kunsten å hjelpe 2*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Lassen, L.M. (2006). Empowerment som prinsipp og metode ved spesialpedagogisk rådgivningsarbeid. I E. Befring, R. Tangen (red.). *Spesialpedagogikk*. (s. 142-155). Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Lee, V.M.L. (1999). An *introduction to multicultural counseling*. Philadelphia: Taylor and Francis.
- Leong, F.T.L. & Wagner, N.S. (1994). Cross-cultural counseling supervision: What do we know? What do we need to know? *Counselor Education and supervision*, 34, 117-131.
- Maxwell, J.A. (1992). Understanding and validity in qualitative research. *Harvard Educational Review*, 62(3), 279-300.
- Moodley, R. (2007). (Re)placing multiculturalism in counselling and psychotherapy. *British journal of Guidance and Counselling*, 35(1), 1-22.
- Morken, I. (2006). *Normalitet og avvik, spesialpedagogiske utfordringer – en innføring*. Oslo: J.W. Cappelens Forlag.
- Nadeu, L., Measham, T. (2006). Caring for Migrant and refugee children: Challenges associated with mental health care in pediatrics. *Journal of developmental behavioral Pediatrics*. 27, 145-154.
- Neegaard, G. (1998). *Flerkulturell håndbok*. Kommuneforlaget.
- NESH. (2006). Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, Juss og teologi.

- Qureshi N.A. (2009). Kultursensitivitet i profesjonell yrkesutøvelse. I H. Eide, N.A. Qureshi, M. Rugkåsa, H. Vike (Red.) *Over profesjonelle barrierer- et minoritetsperspektiv i psykososialt arbeid med barn og unge.* (s. 206-230) Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Rennie, D.L. (2000). Grounded theory methodology as methodological hermeneutics. I *Theory and Psychology*. Sage Publications 10 (4), 481-502.
- Repstad, P. (2007). *Mellan nærlhet og distanse – kvalitative metoder i samfunnsfag.* Oslo: Universitetsforlaget.
- Røkenes O.H. & Hansen P-H. (2006). *Bære eller briste, kommunikasjon og relasjon i arbeid med mennesker.* Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad og Bjørke AS.
- Skogen K. (2007). Case-forsking. I K. Fuglseth og K. Skogen (red.). *Masteroppgaven i pedagogikk og spesialpedagogikk* (s. 52-65). Oslo: Cappelens akademiske forlag
- Statistisk sentralbyrå. (2009). Innvandring og innvandrere. Hentet 4. Februar, 2009, fra SSB (<http://www.ssb.no/innvandring>).
- Sue, D.W., Arredondo, P., & McDavis, R.J. (1992). Multicultural counseling competence and standards: A call to the profession. *Journal of multicultural counseling & development*, 20(2), 64-89.
- Thagaard, T. (2006). *Systematikk og innlevelse, en innføring i kvalitativ metode.* Bergen: Fagbokforlaget.
- Toporek, R.L. & Reza, J. (2001). Context as a critical dimension of multicultural counselling: Articulating personal, professional, and instrumental competence. *Journal of multicultural counseling and development*, 29(1), 13-30.
- Toporek, R.L., Ortega-Villalobos, L., & Pope-Davis, D.B. (2004). Critical incident in multicultural supervision ”exploring supervisees and supervisors experiences. *Journal of multicultural counseling and development*, 32, 66-83.

-
- Vedeler, L. (2000). *Observasjonsforskning i pedagogiske fag en innføring i bruk av metoder*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Vike, H. & Eide, K.(2009). Kulturanalyse, minoritetsperspektiv og psykososialt arbeid. I H. Eide, N.A. Qureshi, M. Rugkåsa, H. Vike (red.) *Over profesjonelle barrierer- et minoritetsperspektiv i psykososialt arbeid med barn og unge*. (s. 13-37) Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Watson, Z.E.P., Herlihy, B.R., & Pierce, L.A. (2006). Forging the link between multicultural competence and ethical counseling practice: A historical perspective. *Counseling and values*, 50, 99-107.
- Willet, C. (1998). Theorizing Multiculturalism. Malden: Blackwell.
- Øzerk, M. (2008). Rådgivning til minoritetspråklige foreldre fra et multikulturelt perspektiv. I.R. Dahl, G. Kvivik, & V. Saltveit (red.). *Uffordringer og muligheter – en artikkelsamling om arbeid med barn, unge og voksne med sammensatte lærevansker*. (s. 92-108). Oslo: Torshov kompetansesenter.

Vedlegg 1 NSD

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS
NORWEGIAN SOCIAL SCIENCE DATA SERVICES



Ivar Morken
Institutt for spesialpedagogikk
Universitetet i Oslo
Postboks 1140 Blindern
0318 OSLO

Harald Hårfagres gate 29
N-5007 Bergen
Norway
Tel: +47-55 58 21 17
Fax: +47-55 58 96 30
nsd@nsd.uib.no
www.nsd.uib.no
Org.nr. 985 321 884

Vår dato: 21.11.2008 Vår ref: 20204 / 2 / AMS Deres dato: Deres ref:

TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 13.10.2008. Meldingen gjelder prosjektet:

20204	<i>Spesialpedagogisk rådgjeving i møte med minoritetsforeldre</i>
Behandlingsansvarlig	<i>Universitetet i Oslo, ved institusjonens øverste leder</i>
Daglig ansvarlig	<i>Ivar Morken</i>
Student	<i>Laila-Sofie Osland</i>

Etter gjennomgang av opplysninger gitt i meldeskjemaet og øvrig dokumentasjon, finner vi at prosjektet ikke medfører meldeplikt eller konsesjonsplikt etter personopplysningslovens §§ 31 og 33.

Dersom prosjektopplegget endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for vår vurdering, skal prosjektet meldes på nytt. Endringsmeldinger gis via et eget skjema,
http://www.nsd.uib.no/personvern/forsk_stud/skjema.html.

Vedlagt følger vår begrunnelse for hvorfor prosjektet ikke er meldepliktig. Prosjektet kan settes i gang.

Vennlig hilsen

Bjørn Henrichsen
Bjørn Henrichsen

Anne-Mette Somby
Anne-Mette Somby

Kontaktperson: Anne-Mette Somby tlf: 55 58 33 48
Vedlegg: Prosjektvurdering
Kopi: Laila-Sofie Osland, Professor Hansteensgate 76, 5006 BERGEN

Avdelingskontorer / District Offices:

OSLO: NSD, Universitetet i Oslo, Postboks 1055 Blindern, 0316 Oslo. Tel: +47-22 85 52 11. nsd@uio.no

TRONDHEIM: NSD, Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet, 7491 Trondheim. Tel: +47-73 59 19 07. kyre.svarva@svt.ntnu.no

TROMSØ: NSD, SVF, Universitetet i Tromsø, 9037 Tromsø. Tel: +47-77 64 43 36. nsdmaa@sv.uit.no

Vedlegg 2 Intervjuguide rådgjevar

Problemstilling:

"Kva opplever innvandrarforeldre og spesialpedagogiske rådgjevarar i ppt som viktige element i ein positiv rådgjevingsprosess?"

Innleiing

- *Kort orientering om tema*
- *Påminning om anonymitet og frivillighet*
- *Utdanning, yrkesfaring – erfaring med rådgjeving til foreldre med minoritetsbakgrunn*

Kva er dine erfaringar med foreldrerådgjeving der foreldra har innvandarbakgrunn?

- *Kontakt*
- *Samarbeid*
- *Forskjellar*
- *Forventingar*
- *Likskap - ulikskap*

Kva opplever du er utfordringar knytt til foreldrerådgjeving i møte med innvandrarforeldre?

- *Moglege løysingar*

**Opplever du at det er forhold hos barnet som er lettare eventuelt vanskelegare å handsame i foreldrerådgjeving i møte med foreldre med innvandarbakgrunn?
Kvifor og på kva måte?**

Kan du fortelje om nokre rådgjevingssituasjonar der du opplever at grunnlaget til ein positiv rådgjevingsprosess vart lagt?

- *Konkrete situasjonar*

Kva vektlegg du i rådgjevingssituasjonane?

- *Verdiar, holdningar*
- *Kultursensitivitet*
- *Problemløysing*
- *Tryggleik*
- *Empati*
- *Positiv aktelse*
- *Respekt*
- *Tillit*
- *Autensitet*
- *Truverd*
- *Diskusjon og utforskning*
- *Samtalen*
- *Undervisning*

Korleis vurderer du språk og kommunikasjon i rådgjevinga

- *Kultur*
- *Dialog*
- *Verbal - nonverbal*
- *Likeverd*
- *Roller*
- *Forventingar*
- *Undervisning*

Avslutting

- *Kva refleksjonar gjer du deg rundt tydinga kultur som omgrep og kva fokus det har og eventuelt bør ha i foreldrerådgjeving?*
- *Nokre spørsmål som du opplever burde vore med?*
- *Noko meir du vil seie om foreldrerådgjeving i møte med foreldre med minoritetsbakgrunn?*

Vedlegg 3 Intervjuguide foreldre

Problemstilling:

”Kva opplever innvandrarforeldre og spesialpedagogiske rådgjevarar i ppt som viktige element i ein positiv rådgjevingsprosess?”

Innleiing

- *Kort orientering om tema*
- *Påminning om anonymitet og frivillighet*

Korleis opplevde du å bli motteken?

- *Kontakt*
- *Samarbeid*
- *Forventingar – kultur*
- *Forskjellar*
- *Likskap*

Korleis opplevde du rådgjevaren?

- *Empatisk*
- *Respektfull*
- *Tillitsfull*
- *Trygg*
- *Diskusjon og utforsking*
- *Undervisning*
- *Aksept*

Korleis opplevde du rådgjevaren sine innspel?

- *Nyttige*
- *Fornuftige*
- *Klare/uklare*
- *Problemløyande*
- *Samarbeid*

Korleis opplevde du språket og kommunikasjonen?

- *Tolk*
- *Likeverd*
- *Kultur*

Meiner du at rådgjevinga førte til noko positivt for barnet?

- *Forventningar - realitet*
- *Betra situasjon*
- *Betra forhold foreldre barn*

Avslutting

- *Nokre spørsmål som du opplever burde vore med?*
- *Noko meir du vil seie om foreldrerådgjeving i møte med foreldre med innvandrarbakgrunn?*

Vedlegg 4 Informasjonsskriv

Laila-Sofie Osland

Professor Hansteensgate 76

5006 BERGEN

Til informant

FØRESPURNAD OM Å DELTA I INTERVJU

Eg er for tida student ved UiO, Studiesenter Sandane og held no på med masteroppgåve i spesialpedagogikk.

Temaet for oppgåva vil vere spørsmål kring kontaktetablering og samarbeid mellom spesialpedagogisk rådgjevar i ppt og innvandrarforeldre. Målet mitt med oppgåva er å få betre kjennskap til kva som er eit godt møte mellom rådgjevar i ppt og rådsøkar med ulik kulturell bakgrunn.

Eg er interessert i å finne ut korleis både rådgjevarar og rådsøkarar opplever kvardagen. Metoden eg skal bruke, er kvalitatittiv intervju. Samtalen vil handle om korleis ein opplever er viktig for kommunikasjon og relasjon. Kva refleksjonar gjer ein seg frå eigne erfaringar? Eg vil bruke bandoptakar og ta notat medan vi snakkar saman. Intervjuet vil ta om lag ein og ein halv time.

Det er frivillig å vere med og du kan trekkje deg undervegs, utan å måtte grunngje dette nærmare. Dersom dette skjer, vil dei innsamla data verte sletta.

Alle opplysningar vil verte handsoma konfidensielt, og ingen einskildpersonar vil kunne kjenne seg att i den ferdige oppgåva. Opplysningane vert anonymiserte og opptaka vert sletta når oppgåva er ferdig.

Dersom du ynskjer å vere med på intervjuet er det fint om du tar kontakt via leiar i ppt, ringjer meg(tlf...), sender ein mail (adr.....) eller skriv under på vedlagde stadfesting av samtykkje og sender denne til meg.

Dersom der er noko du lurer på, kan du ringje meg på.....eller sende ein e-post til.....(opplysningane er tatt vekk her)

Med vennleg helsing

Laila-Sofie Osland

Vedlegg 5 Samtykke

Stadfesting om samtykke

Eg har motteke informasjon om studien frå Laila-Sofie Osland, om møte mellom pp
rådgjevar og rådsøkar med innvandrarbakgrunn og ynskjer å stille til intervju.

Stad og dato:

Signatur

Telefonnummer